

Kommunedelplan for skulebruk

2016 – 2028



Kvinnherad kommune
Desember 2015

Vedteken av kommunestyret 17.12.2015

Kommunedelplan for skulebruk 2016 - 2028

Innhald

1.	Samandrag og konklusjon	4
1.1	Bakgrunn og målsettingar	4
1.2	Tre alternative skulestrukturar.....	4
1.3	Konklusjon	7
2.	Innleiing	8
2.1	Bakgrunn	8
2.2	Om planarbeidet	10
2.3	Organisering og framdrift.....	11
3.	Grunnlag og målsetting for skulebruksplanen	12
3.1	Mandat	12
3.2	Avgrensingar.....	12
3.3	Lov og rammer som skulebruksplanen må halda seg til	12
3.4	Målsetting.....	14
4.	Rammefaktorar for ein framtidsretta skule	16
4.1	Statlege føringar og konsekvensar for skuledrifta	16
4.2	Demografi	47
4.3	Lokal forskrift.....	52
5.	Tilstand skulebygg	54
5.1	Teknisk tilstand (multiMapregistrering).....	56
5.2	Oppgraderingsbehov	56
5.3	Vedlikehaldsbehov	58
5.4	Rehabilitering	59
5.5	Inneklima	59
5.6	Universell utforming.....	60
5.7	Brukarane si oppleving av det fysiske miljøet	60
5.8	Bygningsstrukturelle eigenskapar (tilpassingsdyktighet)	60
5.9	Forhold mellom teknisk tilstand og tilpassingsdyktighet	61
5.10	Vidare utvikling.....	62
6.	Elevtalsutvikling.....	65
6.1	Elevtalsstatistikk og –prognosar.....	65
7.	Økonomisk tilstand.....	69

7.1	Undervisningskostnader i Kvinnherad.....	69
7.2	Skuleskys og økonomi.....	70
8.	Framtidige løysingar.....	71
8.4	Krinsar.....	71
9.	0-alternativet/bygdealternativet.....	73
9.1	Omtale.....	73
9.2	Konklusjon.....	85
10.	Økonomialternativet.....	86
10.1	Omtale.....	86
10.2	Konklusjon - Økonomialternativet.....	96
11.	Pedagogikkalternativet.....	97
11.1	Omtale.....	97
11.2	Konklusjon.....	111
12.	Samanlikning av alternativa.....	113
	Oversyn over vedlegg.....	114

Vedtak frå Kvinnherad kommunestyre den 17.12.2015:

1. Kvinnherad kommunestyre vedtek i samsvar med Plan- og bygningslova § 11-15 «Kommunedelplan for skulebruk 2016 – 2028».
 2. Planen inneheld tre alternativ. Det er 0-alternativet/bygdealternativet som vert gjort gjeldande. Dagens skulestruktur vert vidareført.
 3. Planen sin handlingsdel vert omarbeidd som følgje av dette. Handlingsdelen skal reviderast årleg.
 4. Kvinnherad kommune ynskjer dialog dersom foreldra i ein skulekrins tek til orde for endring av kringsgrensene.
 5. Framlegg til lokal forskrift vert vedteke. Vedteke alternativ skal gjerast gjeldande i tekst og figurar og overflødige alternativ skal redigerast ut av forskrifta.
-

1. Samandrag og konklusjon

1.1 Bakgrunn og målsettingar

Kvinnherad kommunestyre vedtok i desember 2014 at det skulle utarbeidast ein skulebruksplan og at den skulle vere klar til budsjetthandsaminga for 2016, det vil i praksis seie planutkast klart i august og endeleg planvedtak i desember.

I planarbeidet er det teke utgangspunkt i kommunen sine overordna målsettingar for grunnskuleutdanninga og lovpålagte krav. I tillegg er det lagt inn føresetnader om varige innsparingar av driftsutgifter, minimum 12 millionar kronar i høve til 2015-budsjettet. I planen er det lagt til grunn at alle skulebygningar skal ha teknisk tilstandsgrad 1 eller betre. Dette er gjort gjeldande for alle vurderte alternativ og representerer i seg sjølv eit løft frå dagens standard.

Elevtalet i Kvinnherad vil ut frå gjeldande prognoser falla i desennia frametter. Ein vesentleg del av utgiftene til grunnskuleutdanning er knytt til klassetalet, og slik sett vil desse utgiftene uansett verta mindre med tida. I skulebruksplanen vert denne endringa sett i høve til ei skulestrukturutvikling som både forsterkar innsparingseffekten og hevar det pedagogiske nivået. Ei stor utfordring knytt til dette er at skular vil verte lagt ned i fleire bygder og at mange elevar vil få lengre reiseveg til skulen sin.

1.2 Tre alternative skulestrukturar

I tråd med oppdraget for planarbeidet er det utgreidd tre ulike alternativ for Kvinnherad sin framtidige skulestruktur.

1.2.1 0-alternativet/ bygdealternativet

I 0-alternativet/bygdealternativet vert den eksisterande skulestrukturen vidareført. Dette inneber eit desentralisert skuletilbod med 17 skular i Kvinnherad. I alternativet legg ein vekt på skulen sin betydning for bygdene og at det er til barn sitt beste å sleppa skuleskyss.

Det er viktig å merka seg her at det allereie er mange elevar som har lang skuleskyss i Kvinnherad og dette vil bli vidareført i 0-alternativet/bygdealternativet. Her kan nemnast ungdomsskuleelevane frå Mauranger som har 48 km veg. I tillegg er det smal vegbane og ein utsett vegstrekning når det gjeld rasfare. Ungdomsskuleelevane frå Utåker/Holmedal har også over 20 km kvar veg.

I 0-alternativet vert det ikkje lagt opp til nye skulebygg, og konsekvensane er at når elevtalet går ned, kjem kommunen til å måtte vedlikehalde og drifte eit større areal enn det som er naudsynt i høve elevtalet. Det er lagt opp til at alle bygg skal ha ei god drift og fungera teknisk på eit høgt nivå.

Kvinnherad nyttar meir midlar enn det som ein får frå staten til å drive skulane i kommunen. Ved å vidareføra eksisterande skulestruktur må ein prioritera å fortsetja med å tilføra skulane desse ekstra midlane. Det er ei politisk avgjerd. I langtidsbudsjettet ligg det no ein reduksjon av skulebudsjettet med 4 millionar årleg i dei komande tre åra. Utan å endra skulestrukturen vil dette gje eit dårlegare skuletilbod til alle elevane i kommunen. Dette vil gå utover dei ressursane skulane skal ha til tidleg innsats og tilpassa opplæring.

Så langt ein kan sjå, vil det samla elevtalet gå ned i Kvinnherad dei komande åra. Dette fører også til at det blir nokre færre klassar. Slik sett er det mogleg å gjera nokre nedskjeringar i budsjettet utan at kvaliteten går ytterlegare ned.

Det har blitt føreteke store nedskjeringar i talet på årsverk i skulen dei siste åra. Desse nedskjeringane har ført til eit magrare pedagogisk miljø på nokre skular. Det har også ført til mangel på læremidlar og –utsyr på skular. Det er vanskeleg å sjå for seg at denne utviklinga skal fortsetja utan at kvaliteten i undervisninga vert svekka.

Den desentraliserte skulestrukturen med lågt elevtal i klassane mange stader syner ikkje att i læringsresultata til elevane. Grunnskulepoenga til elevane i til dømes Bergen (ein kommune med store skular) synest å vera høgare.

0-alternativet/bygdealternativet har sine sterke sider, men det er økonomisk kostbart og denne strukturen har allereie teke dei nedskjeringane som er forsvarleg. Ved val av 0-alternativet/bygdealternativet må det leggjast inn økonomiske midlar til å heva eller halda drifta på det nivået som er no.

1.2.2 Økonomialternativet

Økonomialternativet inneber at Kvinnherad kommune har 6 skular. Skulane varierer noko i storleik, og den største barneskulen som er planlagt i Husnes området, er større enn det som opplæringslova tilrår og undersøkingar syner er optimalt effektivt.

Skuleskyssen vil auka med dette alternativet, og dei yngste elevane som bur i bygdene lengst vekk frå sentrumsstroka vil få lang og vanskeleg skuleveg. Kostnadane med skuleskyss vil auka.

På den andre sida vil kommunen få langt færre skulebygg å vedlikehalde og drifte. Dette vil gje innsparingar. Dei skulebygga som vert vidareført må byggjast ut, og det vil bli ein stor kostnad for kommunen. I og med at det i dette alternativet ikkje er planlagt heilt nye bygg, men tilbygg av eksisterande skulebygg, vert funksjonaliteten dårlegare enn om ein hadde satsa på nye skular. Uteområda og trafikkområde til henting og levering av elevane vil bli tilpassa det arealet som er rundt eksisterande bygg, og kan såleis bli mindre funksjonelt enn med nybygg. Skulebygg og uteområde vil bli rehabiliterte og fullt ut i tråd med lovar og føreskrifter.

Med å samla elevane på 6 skular, vil ein få store innsparingar i form av klassetal. Økonomialternativet ville for heile kommunen gitt ei innsparing på 21 klassar i 2015/2016 noko som utgjer reduksjon av drift på 33 000 000 kr. Vidare framover vil det gje ei innsparing på 28 klassar i 2029/2030 noko som utgjer ei innsparing av drifta på kr. 44 600 000.

Økonomialternativet vil gje fleire pedagogar på kvar skule, og det vil bli fleire tilsette i leiargruppa. Det vil vera sekretær på kvar skule. Ved å samla fagkompetansen vil ein kunna ha avdelingsleiarar og IKT ansvarlege. Det vil vera fagkompetanse innafor dei praktisk estetiske faga. Det vil også vera lærarar med fordjupning i basisfaga.

1.2.3 Pedagogikkalternativet

Pedagogikkalternativet inneber at Kvinnherad kommune har 9 skular. I tillegg legg ein opp til vidareføring av skuletilbod til dei yngste elevane på 1. – 4 trinnet i bygdene Mauranger og Varaldsøy. Dette tilbodet kan ein ha saman med eit barnehagetilbod i bygdene.

Skulane har opp mot 300 elevar, eit tal «Senter for Økonomisk forskning» (SØF) har funne ut er ein bra storleik i høve effektiv økonomisk drift. Dette elevtalet gjev ein gjennomsnitt på 21 – 22 elevar i klassane, noko som også vil vera bra pedagogisk.

I pedagogikkalternativet er det fleire skular og dermed fleire klassar enn i økonomialternativet. Det vil bli satsa meir på kvalitet i form av timar til tidleg innsats og tilpassa opplæring, og innsparingane er såleis ikkje så store som med økonomialternativet. I forhold til 0-alternativet/bygdealternativet er det likevel store innsparingar i klassar.

I pedagogikkalternativet legg ein opp til nye, moderne skular. Skulane er tilpassa elevtalet og vil vera effektive og billige å vedlikehalda. Alternativet fører til store investeringar, men gjev også store innsparingar.

Reisetid for elevane er ein negativ konsekvens av pedagogikkalternativet. Kostnadane med skuleskyss vil auka i forhold til 0-alternativet/bygdealternativet. Kostnadane med skuleskyss er likevel små i forhold til kva innsparingar ein vil ha i klassetal.

Pedagogikkalternativet legg opp til god kvalitet i undervisninga, og skulesektoren i kommunen skal behalda noko av ressursane som ein sparer med større klassar, slik at skulane kan leggja til rette for tilpassa opplæring og tidleg innsats for elevane. Skulane skal verta godt utstyrte med læremidlar.

Med å samla alle lærarane på få skular, vil alle skulane få ein breiare pedagogisk kompetanse. Elevane får mange andre barn å velja vener mellom og mange vaksne rollemodellar. Ved skulane kan ein ha betre SFO tilbod, og eigne innføringsklassar for minoritetspråklege.

I forhold til 0-alternativet/bygdealternativet, tek pedagogikkalternativet meir omsyn til barna i dei minste bygdene, og legg opp til eit kombinerte skule-, barnehage- og barnehage-tilbod frå 1 – 10 år

I pedagogikkalternativet blir det sett opp nybygg, og dermed får ein både nye skulelokale, uteområde og henteplasser for buss- og biltrafikk. Dette vil gje gode og sikre skular og uteområde for elevane og gode arbeidsplasser for dei tilsette.

1.2.4 Økonomi

Dei byggrelaterte kostnadane knytt til dei ulike alternativa er vist i denne tabellen:

Alternativ	Bygningsareal m ² (BTA)	Investering	Kapital- kostnad	FDV- kostnad*)	Årskostnad
0-alt./bygdealt.	39 738	129 300 000	4 726 657	34 572 060	39 298 687
Økonomialternativet	29 026	329 600 000	12 048 353	25 252 620	37 300 973
Pedagogikkalternativet	30 305	464 000 000	16 961 867	26 365 350	43 327 217

*) Dagens FDV-kostnader er lågare enn det som er rekna med under dei ulike alternativa, ca 600 kr/m²/år. Det betyr ein årskostnad i dag for heile skulebygningmassen på ca 25 mill. kroner i året.

Planen tek utgangspunkt i at alle bygg minst skal ha ein tilstandsgrad tilsvarande *1. Tilfredsstillande*. Det er difor lagt inn investeringar til rehabilitering med påfølgjande kapitalkostnader, samt høgare FDV-kostnader for å oppretthalda bygningsstandarden (FDV: forvaltning, drift og vedlikehald).

For å samanlikne dei ulike alternativa er det laga oppstillingar som viser innsparingar i klassar ved dei forskjellige alternativa (sjå 9.1.13, 10.1.13, 11.1.13).

Når ein så setter saman innsparingane i klassar med dei auka kostnadane med FDV-kostnader og kapitalkostnader får ein ei tenkt innsparing.

Hadde ein hatt ein situasjon der endringane var gjort i 2015 vil innsparingane vore slik:

	Dagens driftsbudsjett	Auke i	Reduserte	Sum nye kostnader	Endring
		kostnader	klassekostnader		
0-alternativet	182 559 766	14 298 687	3 200 000	193 658 453	11 098 687
Økonomialternativet	182 559 766	12 300 973	31 400 000	163 460 739	-19 099 027
Pedagogikkalternativet	182 559 766	18 327 217	20 200 000	180 686 983	-1 872 783

Ved å framskrive reduksjonane i klassetalet til skuleåret 2029/30 vil innsparingane verte:

	Dagens driftsbudsjett	Auke i	Reduserte	Sum nye kostnader	Endring
		kostnader	klassekostnader		
0-alternativet	182 559 766	14 298 687	15 800 000	181 058 453	-1 501 313
Økonomialternativet	182 559 766	12 300 973	43 000 000	151 860 739	-30 699 027
Pedagogikkalternativet	182 559 766	18 327 217	28 600 000	172 286 983	-10 272 783

1.3 Konklusjon

Av dei tre vurderte alternative skulestrukturane er det pedagogikkalternativet som best balanserer kvalitet i grunnskulen med naudsynte økonomiske innsparingar.

Kvinnherad kommune bør gjennomføra pedagogikkalternativet med ei gradvis utbygging av naudsynt bygningsmasse over ein åtteårsperiode. Parallelt med dette må kringsgrensene gradvis tilpassast den nye skulestrukturen.

2. Innleiing

2.1 Bakgrunn

Skulestrukturen i Kvinnherad kommune har vore i stadig endring. Frå kommunesamanslåinga på 50-talet og fram til no er talet på skular sterkt redusert. Samarbeid og samkvem på tvers av bygdene har endra seg. Betre kommunikasjon har ført til at avstanden mellom bygdene kjennest kortare. Endringa frå bondesamfunn til industrisamfunn har ført til at folk pendlar til jobb til sentrale strok av kommunen.

I 2015 har kommunen 17 skular med 1745 elevar. Av desse skulane er åtte fådelte, det vil seia at fleire årsklassar høyrer til og får undervisning i same klasse/gruppe. Åtte av skulane er oppvekstsentra der skule og barnehage er organisert under same tak og/eller same leiing. To av oppvekstsentera har elevar frå barnehage til og med ungdomstrinn (1 – 16 år). Vidare har kommunen tre «reine» ungdomsskular. (8 – 10 trinn). Kvinnherad har skuleåret 2014/2015 95 klassar.

Gjennomsnittleg lærartetthet på 1. – 7. trinnet i skuleåret 2014 - 2015 er på 11,7 elevar på ei undervisningsgruppe. På 8. – 10 trinnet er det same gjennomsnittet 13,0 elevar.

Politikarane i Kvinnherad kommune vedtok i kommunestyremøte i desember 2014, at det skulle utarbeidast ein skulebruksplan. Vedtaket vart fatta i samband med budsjetthandteringa. Ein del av vedtaket var at skulebruksplanen skulle vera ferdig til budsjetthandsaminga for 2016. Administrasjonen har teke oppgåva, og har i løpet av fem og ein halv månad utarbeidd ein kommunedelplan for skuleområdet. Det er kort tid for ei såpass stor oppgåve. I høyringa av planprogrammet var det fleire som uroa seg over den korte tidsfristen for arbeidet.

Formannskapet har følgd opp med å vedta at skulebruksplanen skal utarbeidast som ein kommunedelplan etter reglane i plan- og bygningslova.

Plangruppa har i følgje planprogrammet sett på tre ulike modellar for organiseringa av skuletilbodet i kommunen. Planprogrammet har vore vedteke politisk. Rådmannen legg i saksutgreiinga fram si tilråding i val av modell.


Skulebruksplan inneheld vurderingar når det gjeld heilskapen mellom drift, bygg og innhald.

- ✓ Drifta av skulane handlar om elevar, klassar og tilsette.
- ✓ Skulebygga er vurderte teknisk og i forhold til den drifta og innhaldet dei skal tena.
- ✓ Innhaldet i skulen er omfatta av reglar og forskrifter. Planen syner til regelverket som skulen er omfatta av. Opplæringslova med forskrifter handlar i stor grad om skjønn. Utfordringa er å bruka dette skjønnnet til det beste for alle elevane og slik at kvaliteten i skulen vert tilfredsstillande .

Kvinnherad kommune er ein langstrakt kommune med fleire småbygder. Borna som veks opp her har rett på eit godt skuletilbod fagleg og sosialt. Mange av dei vil ha lang reise med båt og bil for å koma seg til større skular. Det blir ofte hevda at skulane er avgjerande for om bygdene skal leva vidare.

Kvinnherad har ein desentralisert skulestruktur og det vert hevda at den er økonomisk kostbar. Å fatta gode politiske vedtak når det gjeld korleis skulestrukturen skal vera i Kvinnherad bør byggja på utgreiingar. Det er desse utgreiingane skulebruksplanen skal innehalda.

Kommunedelplanar skal reviderast og fleire område kan utgreiast nærare eller takast inn i planen ved komande revideringar.



Figur 1: Skular og skulekrinsar i 2015

2.2 Om planarbeidet

Skulebruksplanen skal gje grunnlag for vedtak om kor mange skular og kva slag skular Kvinnherad kommune skal ha og kva endringar som skal gjerast med skulebygga og tilhøyrande uteområde.

Planen sitt primære mål er å visa den framtidige strukturen for skulekrinsar og ordinære offentlege grunnskuleanlegg i Kvinnherad. Planen er forma som ein tematisk kommunedelplan med eit 12-årsperspektiv på tiltaka. Den har ein handlingsdel som viser korleis målsettingane skal følgjast opp dei fire neste åra. Handlingsdelen har ei form som budsjett-teknisk er tilpassa forma til kommunen sin økonomiplan. Plandokument og planprosess er tilpassa den stramme framdriftsplanen i omfang og ressursbruk.

Kommunestyret er planmyndigheit og gjer endeleg vedtak av planen. Formannskapet vedtek oppstart av planarbeid, høyring av planen og til slutt endeleg innstilling til kommunestyret om vedtak av planen.

Plan- og bygningslova sine reglar og fristar for kunngjeringar, høyringar og offentlege ettersyn er styrande for planprosessen. I tillegg til dei lovpålagte milepelane har verksemdleiarane i skular og oppvekstsentra vore nytta som referansegruppe undervegs. Det same gjeld den kommunale verksemda Tiltak og tenester for barn og unge (TTBU) og fagforeiningane i skulen.

Elevrådet og foreldrerådet sitt arbeidsutval ved dei einskilde skulane har fått plandokumenta tilsendt ved høyringane. Det same gjeld offentlege faginstansar og myndigheiter innan feltet samt regionale eller kommunefemnande organisasjonar med spesielle interesser innan oppvekstsektoren.

Kunngjering av oppstart, høyringar og vedtak har vore gjort gjennom annonser i dei to lokalavisene og på kommunen si heimeside på internett.

Kommunen si heimeside og Facebook-side har vore nytta til å publisera høyringsutkast og vedtekne plandokument samt fagrapportar som vert utarbeidd undervegs i planprosessen.

Gjennom høyring og offentlig ettersyn hausten 2015 har konsekvensar av planframlegget vorte belyst, det har kome til nokre faktiske opplysningar og mange meiningar om endringar i skulestrukturen. Etter vurdering av høyringsuttalene både kvar for seg og samla ser pedagogikkalternativet framleis ut til å ver det som best balanserer ulemper og føremuner om skulestrukturen skal endrast.

For å dempa nokre av dei negative effektane av ein ny skulestruktur vert einskilde tiltak modererte i den utgåva av planen som vert fremja til sluttbehandling. Dette gjeld endringar ved skulane i Mauranger og Åkra, samt mellombelse tiltak ved samanslåing av Uskedalen og Omvikdalen. Fleire av høyringspartane har bedt om slike endringar i planframlegget. På bakgrunn av dette er planframlegget endra på desse punkta:

- Mauranger og Åkra fortset med 1. – 7. klasse
- Ungdomstrinna ved Åkra skule vert overført Rosendal ungdomsskule først i 2018
- Omvikdalen og Uskedalen fortset som separate skular til Austsida skule vert sett i drift
- Start Austsida skule vert framskunda frå 2019 til 2017

Med desse endringane får pedagogikkalternativet ni skular, ikkje sju som i høyringsframlegget. Endringane har som konsekvens at kommunestyret sitt vedtak om varig innsparing på 12 millionar kroner etter tre år ikkje vil verta nådd; i 2018 vert driftskostnadane stipulert til å vere berre ca. 2,7 mill. kr. lågare enn i 2015.

Mellombels løysing med samanslåing av Omvikdalen/Uskedalen/Åkra går ut og utbygging av Austsida skule vert forsert med to år for snarare å få effekt av samanslegne skular i denne krinsen. Ved å oppretthalda alle barnestega ved Mauranger og Åkra skular vert det heller ikkje noko av den såkalla småskuleinnsparinga.

2.3 Organisering og framdrift

Tabellen under viser korleis rollene i planarbeidet har vore fordelt:

Rolle	Ansvarleg
Oppdragsgjevar og prosjekteigar	Rådmannen
Styringsgruppe	Formannskapet
Prosjektansvarleg	Verksemdeleiar Samfunnsutvikling Tormod Fossheim
Prosjektleiar	Fagkoordinator plan og byggesak Anbjørn Høivik
Prosjektgruppe	Prosjektleiar, kommunalsjef Anne Sofie B. Kjeka, prosjektkoordinator Magne Øyre og økonomisjef Geir Mogren
Referansegrupper	Verksemdeleiarar for skular og oppvekstsentra, verksemda Tiltak og tenester for barn og unge (TTBU) og fagforeiningane i oppvekstsektoren.
Arbeidsgrupper	Eventuelle arbeidsgrupper vert oppretta etter behov av prosjekteigar etter tilråding frå prosjektleiar.

Denne framdriftsplanen har vore følgd:

Tid	Oppgåve	Utførande
05.03.2015	Vedtak om oppstart og framlegg til planprogram	Formannskapet
09.03.-20.04.2015	Kunngjering av planstart og høyring av planprogram	Prosjektleiar
20.04.-27.04.2015	Revidering av planprogram	Prosjektgruppa
07.05.2015	Fastsetting av planprogram	Formannskapet
08.05.-10.08.2015	Utarbeiding av plan	Prosjektgruppa
20.08.2015	Vedtak om høyring og offentleg ettersyn av plan	Formannskapet
24.08.-05.10.2015	Høyring og offentleg ettersyn av plan	Prosjektleiar
06.10.-26.10.2015	Revidering av plan	Prosjektgruppa
(05.11.2015)	Innstilling om vedtak av plan	Formannskapet
(19.11.2015)	Vedtak av plan	Kommunestyret
17.12.2015		

3. Grunnlag og målsetting for skulebruksplanen

3.1 Mandat

Kvinnherad kommunestyre fatta 18.12.2014 vedtak om budsjett 2015 og økonomiplan 2015 – 2018 punkt 42;

«Det skal utarbeidast skulebruksplan for Kvinnherad. Planen skal vera ferdig til budsjetthandsaming hausten 2015»

3.2 Avgrensingar

Skulebruksplan for Kvinnherad 2016 – 2028, trekkjer dei store linene for kva skuletilbod kommunen skal gje framover. Den går ikkje i detaljar i høve plassering av skular, men dreg dei store linene og legg føringar for kor mange barneskular som skal vera innafor kvar ungdomsskulekrins og kor store ungdomsskulekrinsane skal vere. Økonomiske, tekniske, trafikale, barns beste og pedagogiske konsekvensar er vurderte.

3.3 Lov og rammer som skulebruksplanen må halda seg til

3.3.1 Plan og bygningslova

Skulebruksplanen er utarbeidd etter plan- og bygningslova sine reglar som ein tematisk kommunedelplan med eit 12-årig perspektiv på tiltaka. Den har ein handlingsdel som syner korleis målsettingane skal følgjast opp dei fire neste åra. Handlingsdelen har ei form som budsjett-teknisk er tilpassa forma til kommunen sin økonomiplan. Dei lover og forskrifter som har påverknad på skulebruksplanen er følgjande;

3.3.2 Opplæringslova

§1-1 «Formålet med opplæringa»

§1-3 «Tilpassa opplæring og tidleg innsats»

§7-1 «Skyss til skole»

§8 – 1. « Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.»

§9-5. «Skuleanlegga: Kommunen skal sørge for tenlege grunnskoler. Til vanlig bør det ikkje etableres grunnskoler med meir enn 450 elever.»

§1-3. «Tilpassa opplæring og tidleg innsats»

§9-1. «Leiing»

§9a-1. «Generelle krav»

§9a-2 «Det fysiske miljøet

§9a-3 «Det psykososiale miljøet»

§13-7 «Skolefritidsordninga»

3.3.3 Forskrifter til opplæringslova

§1-1a «Rett til fysisk aktivitet»

§1A-1 «Leksehjelp i grunnskolen»

§1-14 «Opplæring i valfag»

§12 «Tryggleik for elevane»

§21-1 Tilgang til skolebibliotek.

3.3.4 Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skule

Forskrifta inneheld krav til det sosiale og fysiske miljøet på skulane. Lova vert kalla «Barnas arbeidsmiljølov». Føremålet med forskrifta er at det sosiale og fysiske miljøet i skulane fremjar helse, trivnad og gode sosiale og miljømessige tilhøve. Forskrifta skal førebyggja for sjukdom og skade.

3.3.5 Arbeidsmiljølova

§1-1. Dei tilsette sine miljøkrav er ivaretekne gjennom Arbeidsmiljølova. Arbeidsmiljølova sitt føremål er å sikra dei tilsette eit arbeidsmiljø som gjev «full tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader» samt å bidra til eit inkluderande arbeidsliv. Arbeidstilsynet fører tilsyn med at lova vert etterfølgd.

3.3.6 Kunnskapsløftet

Kunnskapsløftet er læreplanverket for grunnskulen og vidaregåande opplæring. Den inneheld direkte føringar for innhald, omfang og organisering av undervisninga. Kunnskapsløftet har tre delar. A; Generell del. B; Prinsipp for opplæringa. Det er ei kort "bru" mellom den generelle delen og C; Fagplanane.

A. «Generell del». Delen er delt inn i sju kapittel

1. Det meiningssøkjande mennesket
2. Det skapande mennesket
3. Det arbeidande menneske
4. Det allmenndanna mennesket
5. Det samarbeidande mennesket
6. Det miljøbevisste mennesket
7. Det integrerte mennesket

B. « Prinsipp for opplæringa»

Læringsplakaten er forskriftsfesta og omfattar grunnleggjande prinsipp og krav som skal prege og forplikta skular.

C. Fagplanane

Den tredje delen av kunnskapsløftet inneheld fagplanane med kompetansemål og grunnleggjande dugleikar.

3.3.7 Kommunale føringar

Når det gjeld søknad om å få gå på annan skule enn nærskulen har desse sakene vore handsama med grunnlag i vedtak i sak 98/037 i Hovudutval for skule og oppvekst av 21.10.98. Hovudutvalet sluttar seg her til ein liberal praksis der følgjande kriterier skal leggjast til grunn:

1. Foreldra sine ønskje og behov skal telja mest.
2. Føresetnaden for å innvilga søknaden er at klassedelinga ikkje vert skipla ved nokon av skulane, og at kommunen ikkje vert påført ekstra utgifter.

Kvinnherad har ei rekkje planar som også verkar inn på skulebruksplanen. Av desse kan nemnast:

- A. Planstrategien til Kvinnherad kommune
- B. Samfunnsdelen til kommuneplanen
- C. Folkehelseoversikten
- D. Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- E. Klima og energiplanen for Kvinnherad kommune 2020
- F. Helse og sosial beredskap
- G. Trafikksikringsplanen for Kvinnherad.

3.3.8 Rundskriv frå departementet

- Rundskriv frå Udir 12 – 2012.

Omhandlar retningsliner ved endring av kringsgrenser for skular. Her er det omtala kva omsyn som skal takast til elevar og kva retningsliner som gjeld i høve høyring og uttalar frå dei som vert råka av endringar.

3.3.9 FNs konvensjon om barnets rettigheter

FNs konvensjon om barnets rettigheter (Barnekonvensjonen)(Convention on the Rights of the Child), slår fast at barn har rett til å gå på skule, rett til kvile, fritid og leik og rett til å seia meining si i alt som vedkjem det. FNs barnekonvensjon inneheld 42 punkt som seier kva rettar alle barn har.

Det er punkt tre som særskilt skal takast omsyn til ved endring av skulekringsgrenser.

3.4 Målsetting

3.4.1 Overordna målsetting

Gjennom arbeidet med ny samfunnsdel til kommuneplanen har administrasjonen føreslege overordna målsettingar for grunnskulen i Kvinnherad med denne ordlyden:

Ei opplæring bygd på eit heilskapleg og breitt kunnskapssyn som utfordrar og utviklar elevane som heile menneske.

Barn og unge i Kvinnherad får eit heilskapleg utdanningsløp som sikrar gode læringsvilkår og stimulerande læringsmiljø i tenlege skuleanlegg, og ved effektiv bruk av ressursane.

Framlegg til strategiar for å nå dette målet er:

- Samarbeid mellom alle partar i skulesamfunnet
- Gode overgangar mellom barnehage, grunnskule og vidaregåande skule
- Aktiv rekrutteringspolitikk og kompetanseutvikling
- Fastsetjing av utviklingsmål innanfor sentrale område
- Pedagogisk fridom og handlingsrom for den einkilde skuleleiaren
- Kvalitetssystem for grunnskulen i Kvinnherad

I arbeidet med kommunedelplan for skulebruk har framlegget til overordna målsettingar med tilhøyrande strategiar vore retningsgivande.

3.4.2 Utviklingsmål

Kvinnherad kommune har i eiga sak sett utviklingsmål for grunnskulen i perioden 2014 – 2017. Der er det teke utgangspunkt i ein visjon om eit godt og inkluderande læringsmiljø med høge ambisjonar for alle elevar. Det er vidare definert eit oppdrag som lyder slik:

Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistre grunnleggande dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv.

Det er vedteke tre utviklingsmål:

- Ei opplæring med høge forventningar og gode faglege resultat
- Ei opplæring i eit positivt og inkluderande læringsmiljø
- Ei opplæring tilpassa den enkelte elev innanfor eit sosialt fellesskap

I arbeidet med kommunedelplan for skulebruk er desse utviklingsmåla lagt til grunn.

3.4.3 Tilleggsmålsettingar

For dette planarbeidet vert desse målsettingane nytta i tillegg til dei overordna måla for grunnskulen i Kvinnherad:

- Planen skal visa ei innsparing i årlege driftskostnader på minimum 12 millionar kroner
- Alle skulebygningar og bygningskomponentar skal ha minimum tilstandsgradgrad 1 i teknisk tilstand

4. Rammefaktorar for ein framtidsetta skule

4.1 Statlege føringar og konsekvensar for skuledrifta

I denne delen av skulebruksplanen blir åtte sentrale område innan skuledrift omtala i lys av dei lover, forskrifter og rundskriv som regulerer drifta. Vurderingar av konsekvensane av dei statlege føringane vert gjort innafor følgjande område:

- Elevane si læring og utvikling.
- Skulebygg og fysiske tilhøve
- Skulekrinsar
- Skuleskyss og trafikktryggleik
- Arbeids- og skulemiljø
- SFO, Leksehjelp, Særskild norskopplæring, Spesialundervisning.
- Politiske signal for skulen framover.
- Det beste for barnet.

Til grunn for Skulebruksplan for Kvinnherad 2016 – 2028, ligg Formålsparagrafen for skulen.

Opplæringslova § 1-1. Formålet med opplæringa:

«Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast»

Formålsparagrafen set høge krav til skulen. I den ligg eit potensiale for kontinuerlig utvikling og eit grunnlag for at tilbodet til elevane alltid kan bli betre. Borna er framtida vår og deira læring og utvikling er avgjerande for kommunen og storsamfunnet si utvikling. Born lærer best i trygge omgjevnader der dei har gode relasjonar til andre born og vaksne. Ein god skule kan gje sosial utjamning og gjera ein forskjell. Barn kan utvikla seg og bli det beste av seg sjølv. Gode lærarar og

skuleleiarar med høg kompetanse og gode relasjonar til elevane skaper god kvalitet i skulen. Dei tilsette skal ha gode arbeidstilhøve og kompetanse slik at dei yter sitt beste. Det er skuleeigar, politikarane i kommunestyret, sitt ansvar at skulen strekkjer seg etter formålsparagrafen.

4.1.1 Elevane si læring og utvikling

Læreplanverket for kunnskapsløftet i grunnskulen og i vidaregåande opplæring danner fundamentet for opplæringa i skule og bedrift. Kunnskapsløftet er skulen sitt planverk som gjev direkte føringar for innhald, omfang og organisering av undervisninga. Kunnskapsløftet består av; Læreplanar for fag, Generell del av læreplanen, Prinsipp for opplæringa med Læringsplakaten og Fag- og timefordeling .

I «**Læreplanar for fag**», går det fram kva fag elevane skal ha undervisning i på skulen og kor mange undervisningstimar dei skal ha. Kwart fag omtalar:

1. Kva som er FORMÅL med faget
2. Kva HOVUDOMRÅDE faget har og kva kompetansemål som gjeld innfor kvart område.
3. Dei GRUNNLEGGJANDE DUGLEIKANE . Dei fem dugleikane elevane skal utvikla innfor kvart fag er: Munnlege dugleikar, Å kunna skriva, Å kunna lesa, Å kunna rekna, Digitale dugleikar.

Den generelle delen i Læreplanverket byggjer på formålsparagrafen i opplæringslova, gjev overordna mål og inneheld det verdimesige, kulturelle og kunnskapsmessige grunnlaget for grunnskulen og vidaregåande opplæring. Generell del av læreplanverket er vidareført frå R-94 og L97.

I innleiinga til den generelle delen går det fram at *«målet for opplæringa er å ruste barn, unge og vaksne til å møte livsens oppgåver og meistre utfordringar saman med andre.»* Vidare i innleiinga står det at; *«opplæringa skal gi kvar elev kompetanse til å ta hand om seg sjølv og sitt liv, og samtidig overskott og vilje til å vere andre til hjelp. Opplæringa skal kvalifisere for produktiv innsats i dagens arbeidsliv, og gi grunnlag for seinare i livet å kunne gå inn i yrke som enno ikkje er skapte. Ho må utvikle dei evner som trengst for spesialiserte oppgåver, og gi ein generell kompetanse som er brei nok for omspesialisering seinare i livet. Opplæringa må både gi tilgjenge til dagens arbeids- og samfunnsliv og kompetanse til å meistre skiftande omgivnader og ei ukjend framtid. Ho må derfor tilføre haldningar og kunnskapar som kan vare livet ut, og leggje fundamentet for den nye dugleik som trengst når samfunnet endrar seg raskt. Ho må lære dei unge å sjå framover og øve evna til å velje med fornuft. Ho må venje dei til å ta ansvar - til å vurdere verknadene for andre av eigne handlingar og å dømme om dei med etisk medvit.»*

«Prinsipp for opplæringa» samanfattar og utdjuvar opplæringslova og forskrifta til lova, medrekna læreplanverket for opplæringa, og må sjåast i lys av det samla regelverket. Prinsippa skal medverke til å klargjere at det er skuleeigaren som har ansvaret for at opplæringa er i samsvar med lov og forskrift, i tråd med menneskerettane og tilpassa lokale og individuelle føresetnader og behov. «Prinsipp for opplæringa» skal vere ein del av grunnlaget for å utvikle kvaliteten i grunnopplæringa vidare og for systematisk vurdering av skule og lærebedrift. Fellesskulen skal byggje på og sikre det mangfaldet i bakgrunn og føresetnader som elevane har. Læringsplakaten er ein del av Prinsipp for Opplæringa, og seier noko om kva samfunnet kan venta av skulen. Skulen og lærebedrifta skal:

- *gi alle elevar og lærlingar/lærekandidatar like gode føresetnader for å utvikle evner og talent individuelt og i samarbeid med andre*
- *stimulere lærelyst, evne til å halde ut og nyfikne blant elevane og lærlingane/lærekandidatane*
- *stimulere elevane og lærlingane/lærekandidatane til å utvikle eigne læringsstrategiar og evne til kritisk tenking*
- *stimulere elevane og lærlingane/lærekandidatane i personleg utvikling og i styrking av eigen identitet, i det å utvikle etisk, sosial og kulturell kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk deltaking*
- *leggje til rette for elevmedverknad og for at elevane og lærlingane/lærekandidatane kan gjere medvitne verdival og val av utdanning og framtidig arbeid*
- *fremme tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar*
- *stimulere, bruke og vidareutvikle kompetansen til den einskilde læraren*
- *medverke til at lærarar og instruktørar står fram som tydelege leiarar og førebilete for barn og unge*
- *sikre at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremmar helse, trivsel og læring*
- *leggje til rette for samarbeid med heimen og sikre at foreldre/føresette får medansvar i skolen*
- *leggje til rette for å trekkje inn lokalsamfunnet i opplæringa på ein meningsfylt måte*

Læringsplakaten gjev i elleve punkt ei oversikt over kva som er ansvaret til skulen og skuleeigar når det gjeld organisering, arbeidsmåtar, verdier og tryggleik. Læringsplakaten er forskriftsfesta og forpliktande. Kunnskapsløftet med sine ulike deler er omfattande og ambisiøs, og i det daglege arbeidet i skulen vil ein arbeide for å innfri krava.

Fagdelen med kompetansemål og krav til dugleikar i dei ulike faga, er kanskje den mest konkrete delen i læreplanverket. I kor stor grad elevane når læringsmåla og dugleikane vert forsøkt målt gjennom kontinuerleg elevvurdering (vurdering for læring), eksamensresultat og nasjonale prøvar. Målet med dette er at skulen heile tida skal forbetra eigen praksis og at elevane skal få tilbakemelding på korleis dei ligg an og korleis dei bør jobba vidare.

I Kvinnherad syner både gjennomsnittet av grunnskulepoeng, eksamensresultat og nasjonale prøvar at læringsresultata for elevane ligg på snitt med- eller under snittet for landet og fylket.

Kommunen bruker meir ressursar samla sett enn gjennomsnittet. Det er ikkje skular som over tid utmerkar seg i denne statistikken. Det syner heller ikkje noko skilnad på store og små skular over tid.

Skulane må ha lærarar med fagkompetanse innafor alle fag. Teorifaga er viktige, men ein treng og tilsette med kompetanse innan kunstfaga slik at born får god opplæring i praktisk-, estetiske aktivitetar.

Skulane må ha lærarar som har utdanning i musikk, kunst & handverk, mat & helse og kroppsøving. Skulen treng lærarar med kompetanse innan kunstfaga for å gje elevane trening og utvikling i skapande aktivitetar som gjev dei glede og er med på å forma dei som menneske.

Innafor alle fag skal elevane øva seg på dei grunnleggjande dugleikane som munnlege dugleikar, å kunna skriva, å kunna lesa, å kunna rekna og digitale dugleikar. Skulane treng god kompetanse innan IKT for at lærarar og elevar skal vera i stand til å gje born digitale ferdigheter i alle fag.

Læreplanverket har store og ambisiøse mål for undervisninga. Dette er rettar som er forskriftfesta.

For å ha gode faglege resultat over tid må alle krefter samla seg. Det må vera tillit og godt samarbeid mellom alle partane i skulen; elevar, lærarar, administrasjon, føresette og politikarar. Det trengst både gode, fagleg sterke og motiverte lærarar, ei klar skuleleiing som er til stades i det daglege arbeidet og som klarar å skape ein utviklingskultur og i tillegg ein engasjert, lyttande, systematisk og langsiktig skuleeigar. Det er eit lagarbeid å vidareutvikla skulen og det er eit politisk ansvar.

Den generelle delen av læreplanverket fungerer meir som ein vegvisar. Den syner retning for å utvikla «heile mennesket». Like viktig som at born får faglege kunnskapar, er det at dei får utvikla eigne menneskelege kvalitetar, skapande evner, verdiar og haldningar. Dette skal dei få høve til å utvikla i sosialt samspel med andre. Gjennom demokratiske prosessar, drøftingar og refleksjon saman med andre skal borna få personleg utvikling og styrking av eigen identitet.

Den personlege utviklinga føregår først og fremst i samspel med andre. Gjennom tilbakemeldingar frå andre ser ein seg sjølv i eit anna lys. Ein har moglegheit til å vurdere eigne verdiar, haldningar og utsegn opp mot den tilbakemeldinga ein får. Born treng mange og ulike born å forholde seg til og bryna seg mot i den tida då dei vert forma. Det er også viktig med mange vaksne rollemodellar i denne alderen. Skulane må ha born og tilsette med ulike kjønn og interesser.

Opplæringslova §1-3 om tilpassa opplæring og tidleg innsats:

«Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lærekandidaten.

På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørje for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.»

Opplæringslova er ei lov med gode intensjonar og høge ambisjonar for elevane og for innhaldet i skulen. All organisering skal vera pedagogisk forsvarleg og elevane har krav på ei opplæring som er tilpassa føresetnadene til den einsskilde. Skulen skal opna dører mot verda, og vi skal sjå til at elevane utviklar dugleik, haldning og kunnskap til å kunne meistra liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dette er ambisiøse og viktige mål for elevane si framtid. Lova må tolkast, og førearbeid og merknader til lova ligg til grunn.

Tilpassa opplæring handlar om skulen sitt arbeid for at elevane får best mogleg utbyte av opplæringa og kan for eksempel gjelde; organisering av opplæringa, val av arbeidsmåtar og metodar, variasjon i arbeidsoppgåver, bruk av lærestoff, variasjon i bruk av læringsstrategiar, ulikt tempo og progresjon i opplæringa, vanskegrad i oppgåver og ulik grad av måloppnåing.

Prinsippet om tilpassa opplæring gjeld både i den ordinære opplæringa og spesialundervisninga. Om eleven har trong for spesialundervisning, må sjåast i samheng med skulen sitt arbeid med tilpassa opplæring. Elevar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbyte av opplæringa, har rett til spesialundervisning (opplæringslova § 5–1).

Ei tilpassa opplæring vil seia at elevane blir møtt og får læra på den måten som dei opplever best for seg. Det handlar om at læraren har nok handlingsrom til å «sjå» alle elevar sitt behov og kan gje barna det dei treng. Både læringsstrategiar, lærestoff, tempo og arbeidsmåtar kan tilpassast elevane. Fysisk miljø og skulebygg kan med målmedviten utforming støtta opp om tilpassa opplæring.

Lova er tydelig på at kommunen skal sjå til at det er ei styrking av undervisninga i norsk og matematikk på 1. – 4. trinnet. Dette forutset at alle skular har nok ressursar til «tidleg innsats» for dei yngste elevane.

Tilpassa opplæring og tidleg innsats er ein lovfesta rett og den sikrar kvalitet i skuletilbodet til elevane.

Opplæringslova § 8-2. Organisering av elevane i klassar eller basisgrupper

«I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.

Klassen eller basisgruppa skal ha ein eller fleire lærarar (kontaktlærarar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld klassen eller basisgruppa og dei elevane som er der, mellom anna kontakten med heimen»

Det gamle klassesdelingstalet der det var maksimalt 28 elevar på barnetrinnet og 30 på ungdomstrinnet er fjerna frå lova. Dette talet skal likevel leggjast til grunn for tildeling av ressursar til skulane. Endringa i lovverket vart gjort for at skulane skal ha ei meir effektiv utnytting av ressursar og målet er å betra elevane sitt læringsutbytte. Skulane organiserer basisgruppene etter ein del fastlagte kriterier som går fram av lova og etter fagleg skjønn for kva som er forsvarleg. I denne planen vert dei gamle klassesdelingstala lagt til grunn der det er trong for grenseverdier ved vurderingar og utrekningar.

Lova gjev moglegheit for å variera storleiken på undervisningsgruppene etter kva aktivitetar som går føre seg. Her kan ein sjå for seg at 60 elevar kan ha felles førelesing i ein time medan dei same elevane er delte inn i fire grupper på 15 elevar den neste timen. Lova er fleksibel slik at skulane skal kunna nytta ressursane på ein best mogleg måte. For å kunna nytta handlingsrommet i lova, må skulebygga ha fleksibel utforming. Krav og utforming av skulebygg vert omhandla lengre ut i denne planen.

Store skular med mange elevar gjev storbruksfordeler og kombinert med gode, fleksible bygg vil ein kunna dela gruppene i både store og små einingar etter aktivitet og arbeidsform. Økonomiske kostnadane for kvar elev er større i små skular. I nokre rapportar vert det hevda at grensa for storbruksføremonene går ved vel 300 elevar på barneskular.

Senter for Økonomisk Forsking (SØF) har i rapport nr 4/09 «Tidsbruk og organisering i skolen» kome fram til at effekten av auka elevtal er større i små skular enn i store skoler når det gjeld utslag av effektivitet. Medan tal lærer-timer per elev blir redusert med 3 dersom elevtalet aukar frå 100 til 150, er reduksjonen berre 0,4 dersom elevtalet aukar frå 300 til 350.

I en tilsvarande analyse finn Falch, Rønning og Strøm (2005) at stordriftsfordelene på skulenivå er uttømt når elevtalet passerer 300. Elevtalet har også vesentlig betydning for tilleggsressursane. Ei auke i elevtalet bidrar til at det blir færre administrative og pedagogiske leiarårsverk relativt til undervisnings-årsverka, samstundes som tilgangen på assistentar, kontorteknisk personale og IKT-personale aukar (igjen relativt til undervisningsårsverka).

Opplæringslova §5-1. Rett til spesialundervisning

«Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetallet som gjeld andre elevar, jf. § 2-2 og § 3-2.»

Retten til spesialundervisning er knytt opp til ei vurdering om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Det er lærar som melder til rektor når han bekymrar seg for dette. Før det blir sett i gang spesialundervisning må det prøvast ut med tilpassing av opplæringa i høve dei vanskane eleven har.

Det er PPT som gjer ei sakkunnig vurdering på om eleven har rett til spesialundervisning, og rektor gjer på bakgrunn av denne vurderinga eit enkeltvedtak som konkretiserer kva innhaldet og organiseringa av spesialundervisninga skal vera.

Elevar som får vedtak om spesialundervisning og dermed eigne læreplanar kan få denne undervisninga i grupper. På store skular med mange elevar er dette lettare å organisera slike grupper. På den andre sida kan det vera lettare å unngå at elevar må ha spesialundervisning i små klassar der det er færre elevar i gruppene og dermed meir rom for tilpassing i den ordinære opplæringa.

Opplæringslova § 9-1. Leiing.

«Kvar skole skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing.

Opplæringa i skolen skal leiast av rektorar. Rektorane skal halde seg fortrulege med den daglege verksemda i skolane og arbeide for å vidareutvikle verksemda. Den som skal tilsetjast som rektor, må ha pedagogisk kompetanse og nødvendige leiareigenskapar. Rektorar kan tilsetjast på åremål.

Departementet kan etter søknad gjere unntak frå reglane i andre ledd og gi høve til andre måtar å organisere leiinga på.»

I forarbeida til denne lova vart det vist til at rektor sitt ansvar kan samanliknast mellom anna med ansvaret til leiarar i private verksemdar. Lova vart endra i 2005 grunna store krav til omstillingar i skulen og for å styrka leiarrolla. Det vart krav om at rektorane skal halda seg fortrulege med den daglege verksemda i skulane og arbeida for å vidareutvikla verksemda. Lovteksten har her ein karakter av fagleg skjønn. I dette skjønnet må alle forhold vurderast for å dokumentera at lova vert innfridd.

I delstaten Ontario i Canada har styresmaktene gjennomført eit omfattande skuleutviklingsprosjekt. Prosjektet har fått mykje merksemd. Målsetjinga med prosjektet var å auka elevane sine grunnleggjande dugleikar i lesing, skrivning og rekning. Hovudstrategien deira var ein hypotese om at dersom ein skulle få varig betring i elevane si læring, måtte ein få signifikant og vedvarande endring i undervisning og læringspraksis i alle Ontario sine 4000 grunnskular. For å oppnå dette var det sett i gang mange ulike tiltak. Lærartettleiken vart auka, kompetansen til lærarane vart auka, det vart oppretta fleire rådgjevarstillingar. Som ein del av kapasitetsbyggingsstrategien var leiarrolla i skulane

styrka. Tanken var at all varig skuleutvikling er avhengig av god leiing, og rektor vart styrka med kompetanse og tid til å driva pedagogisk leiing.

Det er sett store krav til skuleleiar. Dei har omfattande leiaransvar for tilsette og elevar, for fagleg innhald, for gjennomføring av lokal politikk og eit stort budsjett. Dei treng rammer til å utføra alle deler av jobben sin på ein god måte.

At skuleleiarane har tid til å vera fagleg oppdaterte og kapasitet til å leia den pedagogiske utviklinga er sentralt for kvaliteten på undervisninga. Gjennom refleksjon om elevane si læring og skulen sin undervisningspraksis saman med heile kollegiet legg rektor grunnlaget for ei kollektiv satsing. Rektor er ansvarleg for å skapa ein kultur der alle dreg i same retning, både elevar, tilsette og føresette. For å få dette til må rektor vera ein del av skulemiljøet og kjenna dei ulike partane.

Mange kommunar styrkjer ressursen til leiing for å sikra skulen god kvalitet og elevane gode læringsresultat. Nokre kommunar, som har ambisiøse mål for elevane si læring, tilfører alle skular, uansett storleik, nok ressursar til at det kan vera minst to personar i leiinga. Dette for å sikra at det vert gjennomført eit kontinuerlig, pedagogisk utviklingsarbeid som sikrar elevane eit best mogleg læringstilbod.

På dei fleste skulane i Kvinnherad er rektor åleine om leiaransvaret. Rektorane i Kvinnherad har gjennomført store innsparingar i skuledrifta dei siste åra, dei held dei økonomiske rammene sine, dei er lojale mot politiske vedtak og skulane har nedgang i sjukfråværet. Elevane ved skulane tilbakemeldar at dei trivest på skulen og føresette er nøgde med tilbodet. Når det gjeld læringsresultata til elevane har dei lege litt lågare enn snittet for landet både når det gjeld grunnskulepoeng (standpunktarakterar etter 10.klasse), eksamensresultat og nasjonale prøvar. Å auka læringa til elevane vil vera viktig for framtida og kan redusera tal på elevar som fell ut av vidaregåande opplæring.

I organiseringa av skulane i Kvinnherad må ein ta høgde for at skuleleiaren sine mange og viktige oppgåver blir ivaretekne.

Forskrift til Opplæringslova §1-14. Opplæring i valfag på ungdomstrinnet

Elevane på ungdomstrinnet i grunnskolen skal ha opplæring i valfag frå 8. årstrinn. Elevane kan ha same valfag på fleire trinn eller dei kan velje nytt valfag på kvart årstrinn.

Skoleeigaren pliktar å setje i gang minst to ulike valfag per skoleår ved kvar skole. Skoleeigaren avgjer kva for valfag elevane skal få tilbod om, og korleis dette skal organiserast.

Valfaget kan vera ei utfordring for små ungdomsskular, då lova slår fast at det minst skal organiserast to valfag kvart år ved kvar skule. Skuleeigar må stilla ressursar til råde slik at alle elevane får reelle val i valfag.

Forskrift til Opplæringslova §8-1. Opplæring i framandspråk og språkleg fordjupning i grunnskolen

Skulen må minst tilby eitt framandspråk til elevane i tillegg til engelsk. Ved små ungdomsskular kan dette vere ei utfordring, då det er svært sårbart i høve lærarressursar

4.1.2 Skulebygg og fysiske tilhøve

I det følgjande vil utforming av skulebygg og krav til dette bli omtala. Det vert synt til lov og forskrifter som regulerer kva omsyn ein må ta til skulebygg og fysiske tilhøve på skulane.

Opplæringslova § 9-2. Rådgiving og skolebibliotek

«Elevane har rett til nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval og om sosiale spørsmål. Departementet gir nærmare forskrifter. Elevane skal ha tilgang til skulebibliotek. Departementet kan gi nærmare forskrifter»

Opplæringslova § 9-3. Utstyr

«Skolane skal ha tilgang til nødvendig utstyr, inventar og læremiddel.»

Opplæringslova §9-5 Skoleanlegga:

«Kommunen skal sørge for tenlege grunnskolar. Til vanlig bør det ikkje skipast grunnskolar med meir enn 450 elevar.»

I lova er omgrepet «tenlege grunnskolar» nytta. Kva som er tenlege skular må vurderast etter skjønn. Skulebruksplanen må definera kva standard skulane i Kvinnherad skal ha. Ein rom-plan vil kunna konkretisera dette.

Talet på 450 elevar er sett som ei rettesnor her. I Kvinnherad har dei største skulane opp mot 300 elevar. Dei aller fleste skulane har mellom 20 – 120 elevar. Om kommunen får færre skular med fleire elevar vil dette ville føra til færre klassar og meir effektiv, økonomisk drift. Det vil vera ei utgiftsside med dette i form av enten nye eller rehabiliterte bygg. Drift og vedlikehald av 17 skular er kostbart. Lengre ute i denne planen er ein oversikt over tilstanden på dei kommunale bygga.

Eit moment som må vurderast i samband med tal på skulebygg i framtida er korleis elevtalsutviklinga er på dei ulike skulane. Dette kjem ein også tilbake til seinare i denne planen.

Opplæringslova §9a, vert omtala som elevane si arbeidsmiljølov. Den set krav til det både det fysiske og det psykososiale læringsmiljøet;

Opplæringslova §9a-1. Generelle krav

«Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse»

Alle skulane har eigne internkontrollrutinar som sikrar elevane gode fysiske og psykososiale tilhøve. I tillegg har alle vaksne eit ansvar for å melda frå om dei oppdagar eller får kjennskap til born som ikkje har det bra på skulen.(Handlingsplikta) Når slikt blir oppdaga skal det straks setjast i verk tiltak. Elevundersøkinga er obligatorisk for elevar med 7. og 10 trinn. Elevane får høve ti å uttale seg om sitt eige miljø. Nokre skular gir tilbod om å delta for elevar frå 5. – 10 trinn. Denne vert gjennomført kvar haust. I Kvinnherad har me hatt gode resultat på elevundersøkinga. Alle skular arbeider kontinuerleg med forbetringar.

Opplæringslova §9a-2 . Det fysiske miljøet

«Skulane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helse, trivselen og læringa til elevane. Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglige normene som fagmyndighetene til kvar tid anbefalar. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helse, trivselen og læringa til elevane.»

Lova slår fast at bygga ikkje berre skal planleggjast og byggast, dei skal også drivast i samsvar med gjeldane reglar. Det skal heile tida dokumenterast at bygget tilfredsstillar gjeldane regelverk, og at

dei fysiske tilhøva støttar opp om elevane si læring og trivsel. Dette området vil bli omtala nærare i samband med «Veileder til forskrift om miljøretta helsevern»

Engelskmannen Peter Barrett, har frå 2012 til 2015 leia eit stort forskingsprosjekt; «Holistic Evidence and Design» (HEAD), om kva påverknad skulebygg har for elevane si læring. Prosjektet er avslutta og har fått stor merksemd.

Ein hovudkonklusjon er at det fysiske læringsmiljøet forklarar 16 % av variasjonen i læringsutviklinga til elevane. Av dei ti parametra som prosjektet forska på, har sju av desse tydelege effektar på læringa i barneskulen - dette er lys, temperatur, luftkvalitet, eigarskap, fleksibilitet, kompleksitet og fargar. Hovudfunnet i studien er at godt utforma klasserom, *well-designed classrooms*, har positiv effekt på prestasjonsutviklinga til elevane i lesing, skiving og matematikk. Studien avdekka at størst betydning for læring har den naturlige dimensjonen med lys, temperatur og luftkvalitet. Studien omfattar 3 766 elevar frå 153 klasserom i 27 barneskular.

Forskrift til Opplæringslova §1-1a Rett til fysisk aktivitet.

«Elevar på 5.-7. årstrinn skal jamleg ha fysisk aktivitet utanom kroppsøvingfaget. Tilsaman skal dette utgjere 76 timar innanfor 5.-7. årstrinn, jf. fag- og timefordelinga.

Den fysiske aktiviteten skal tilretteleggjast slik at alle elevar, utan omsyn til funksjonsnivå, kan oppleve glede, meistring, fellesskap og variasjon i skoledagen.»

Retten til fysisk aktivitet gjeld alle elevar innafor 5. – 7 trinnet.

Kroppsøving er eit eige fag i skulen, og i følge fag og timebytetabellen skal elevane ha 478 årstimar på 1. – 7 trinnet og 223 årstimar på 8. – 10. trinnet. Til saman 701 årstimar i grunnskulen.

Tilgang til gymsal og god fysisk tilrettelegging er viktig for kvaliteten i tilbodet til elevane. Ved dei fleste skulane i Kvinnherad er tilhøva for fysisk aktivitet gode. Ved dei to største skulane på Husnes deler om lag 550 elevar og 23 klassar på ein stor gymsal. Dette fører til at organiseringa av tilbodet til elevane blir problematisk, og kapasiteten i salen er ikkje stor nok til at alle elevane får tilgang til gymsal i kroppsøvingfaget i alle timane.

Nokre av desse timane i kroppsøvingfaget må vera i symjebasseng, men det er ikkje definert kor mange. Det er kompetansemåla som styrer aktiviteten. Symjing er altså ikkje eit eige fag i skulen, det er ein ferdighet som alle elevar skal læra seg.

Med utgangspunkt i fagplanen, kompetansemåla i kroppsøvingfaget og fag- og timebytetabellen i Kunnskapsløftet, må alle skular ha tilgang til eigne gymsalar. Det er naturleg at skular deler på symjehallar, sjølv om det gjev utgifter til skyss for elevane.

Forskrift til Opplæringslova § 21-1. Tilgang til skolebibliotek

«Skolen skal ha skolebibliotek med mindre tilgangen til skolebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen»

Som ein ser viser både Opplæringslova §9-2. og forskrifta § 21-1, til retten til å ha tilgang til eit skulebibliotek. Kvinnherad kommune løyser elevane sin rett til skulebibliotek gjennom

bokbussordninga. I ein rom-plan for skulebygg i Kvinnherad kommune, må skulebibliotek vera ein naturleg del.

I tillegg til gymsal og skulebibliotek må nye skulebygg innehalda spesialrom til musikk, mat og helse, kunst og handverk og naturfag. Heilt frå 1.trinn av skal elevane, i følgje læreplanen i naturfag, kunne beskrive egne observasjonar frå forsøk og frå naturen. Nye kompetansemål i naturfag legg såleis opp til at barneskular også skal ha naturfagrom.

Veileder til forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler er eit hefte som nyleg er utarbeidd av Helsedirektoratet i samarbeid med Arbeidstilsynet, Utdanningsdirektoratet og Forum for Miljø og helse. Veiledaren har som overordna mål å bidra til eit betre oppvekst- og læringsmiljø for elevane i skulen. Den skal fremja mest mogleg lik tolking og etterleving av regelverket i skulen, også i samband med utøving av fagleg skjønn. Veiledaren skal stimulera til ein meir proaktiv arbeidsform som skal sikra at omsynet til elevane blir ivareteke allereie ved planlegging av nye eller ved vesentlige endringar av eksisterande skular.

«Forskriftens formål er å bidra til at miljøet i barnehager, skoler og andre virksomheter som nevnt i § 2 fremmer helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold samt forebygger sykdom og skade.»

Veileder til forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler §6. Krav om godkjenning

«Alle virksomheter som omfattes av forskriften, jf. § 2, skal være godkjent av kommunen. Godkjenning etter denne forskrift fritar ikke for bestemmelser som er gitt i medhold av annet regelverk. Søknad skal fremlegges for godkjenningsmyndigheten når det foreligger plan for etablering, utvidelse eller endring av virksomheten. Søknad om godkjenning skal inneholde dokumentasjon som viser hvordan virksomhetens eier vil sikre at virksomheten planlegges, etableres, drives og videreutvikles i samsvar med forskriftens bestemmelser. Det må fremgå hvor mange barn/elever og ansatte virksomheten er beregnet for. For søknad om godkjenning av private virksomheter uten offentlig støtte som omfattes av forskriften, skal saksbehandlingsfrist som nevnt i tjenesteloven § 11 første ledd første punktum, være 4 måneder. Tjenesteloven § 11 annet ledd om at tillatelse ansees gitt når saksbehandlingsfristen er utløpt, gjelder ikke for godkjenning etter denne forskrift.»

Veileder til forskrift om miljøretta helsevern §9 Utforming og innredning.

«Lokalene og uteområdet skal være utformet og innredet slik at forskriftens formål ivaretas. Funksjonshemmedes behov skal ivaretas. Virksomheten skal være utformet og innredet slik at tilfredsstillende renhold og avfallshåndtering er mulig.»

Veiledaren seier følgjande om §9 og utforming av skulebygg:

«Bestemmelsene omfatter skolenes totale ute- og inneareal, og må ses i sammenheng med krav satt i sentrale forskrifter vedrørende byggetekniske krav (TEK 10) og krav til universell utforming, samt opplæringsloven 9a-2. Det kan også være at arealkrav og utforming er styrt av lokalt vedtatte bestemmelser og retningslinjer.»

Universell utforming

Universell utforming innebærer at tilgjengeligheten for personer med nedsatt funksjonsevne i størst mulig grad løses gjennom tiltak integrert i produktutforming, arkitektur, planlegging og tjenesteyting. En funksjonshemming kan være synshemming, hørselshemming, fysisk eller psykisk

utviklingshemming eller en skjult funksjonshemming som astma/allergi, diabetes osv. Utforming og innredning skal ivareta og fremme elevenes behov for forsvarlige helse-, miljø- og sikkerhetsforhold, samtidig som det skal legges til rette for et godt læringsmiljø, kreativ utfoldelse, trivsel og gode psykososiale forhold. Nye skoler eller skoler som renoveres, skal være universelt utformet. Dette er også stadfestet i plan og bygningsloven og diskriminerings- og tilgjengelighetsloven. Eksisterende skoler må planlegge tilretteleggingen av lokalene så snart de blir kjent med at en elev med spesielle behov skal begynne. Ut fra hensynet til elever med allergi/overfølsomhet eller særlig risiko for dette, frarådes bruk av teppegulv i skoler. Ut fra samme hensyn bør det ikke finnes allergifremkallende planter ute eller inne.

Innearealene

Ved beregning av maksimale elevtall i et undervisningsrom, bør det tas hensyn til hele læringsarealet som klassen/elevgruppen disponerer. Det må også tas hensyn til rommenes utforming, innhold og ventilasjonsforhold. Læringsarealet til en klasse/elevgruppe skal legges til rette for varierte arbeidsformer og tilhørende utstyr. Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m² pr. elev. Så lenge inneklimate er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m² pr. elev tilsier. Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m² pr. elev. Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnormen i avsnittet over.

Spesialiserte læringsareal

Spesialiserte læringsarealer er rom som er innredet med tanke på andre aktiviteter enn de det er lagt til rette for i klasserommet eller hovedrommet til en klasse eller elevgruppe, og som disponeres av flere klasser/elevgrupper. Eksempel på slike rom er rom til naturfag, musikk, kroppsøving, kunst og håndverk og mat og helse. I videregående skole vil spesialiserte læringsarealer også omfatte verksteder og spesialutstyrte rom for ulike utdanningsprogram. Det kan ikke settes et bestemt arealkrav til slike rom fordi det vil variere etter hvilket utstyr og inventar som er nødvendig og hvilke aktiviteter som skal foregå. Vurderingene av disse arealene må basere seg på om sikkerheten og krav til inneklimate som luft, lys og akustikk er ivaretatt (jf. § 14).

Utearealene

Skolens utearealer må være trafikksikre og by på muligheter for fysisk aktivitet, men også sosialt samvær, rekreasjon og hvile. Disse hensynene bør ivaretas allerede ved gjennomgang av reguleringsplan og valg av beliggenhet for skolen. Utformingen må fremme lek og motorisk utvikling, stimulere til egenaktivitet, men også til organiserte aktiviteter bl.a. i undervisningen. Alle elever må kunne bruke utearealet. Det foreligger generelle anbefalinger om minimum nettoareal per elev på 50 m² justert etter skolestørrelse og beliggenhet (IS-1130 helsedirektoratet). For nye skoler er anbefalingen (ref. rapport fra IS-1130/ 2003):

- Færre enn 100 elever samlet minimumsareal ca. 5000 m².
- Mellom 100 og 300 elever samlet minimumsareal ca. 10 000.
- Flere enn 300 elever samlet minimumsareal ca. 15 000 m² med tillegg på 25 m² for hver elev over 300.

Areal i seg selv er ikke nok til å ha et tilfredsstillende uteområde. Variert tilrettelegging og organisering av bruken av arealene er minst like viktig. På skoler med mindre areal enn anbefalt norm vil dette være spesielt viktig. Tilleggsareal i rimelig nærhet, som f.eks. idrettsanlegg, skog og utmark, som skolen disponerer i skoletiden, vil normalt kunne regnes med i arealet. Avhengig av skolestørrelse og tilgjengelig areal, legges det til grunn at det tilgjengelige utearealet uansett må gi elevene mulighet for følgende funksjoner:

- *Rom for utøvelse av allsidig og variert fysisk aktivitet.*
- *Rom for ulike typer sosial/trivselsfremmende aktiviteter.*
- *Rom for å tilegne seg ny kunnskap og utøve virkelighetsnær læring.*

Skoledagen bør organiseres slik at elevene sikres god tilgang til apparater og aktivitetsområder. Dette kan eksempelvis gjøres ved å regulere tilgangen mellom trinn og klasser, eller ved at uteområdet disponeres i ulike tidsrom. Anbefalingen gjelder alle skoletyper, men det anses som viktigst at kravene ikke fravikes i de laveste skoletrinnene. Dette fordi de ikke i samme grad som elever ved ungdomsskole og videregående opplæring kan benytte andre anlegg i nærheten av skolen.»

Utforminga av skulebygg skal vera slik at alle elevar, uansett funksjonsnivå, har tilgang til bygget. Ved omorganisering av tenestetilbodet innafor skuleområdet som fører til rehabilitering eller nybygg, er det viktig at dei fysiske rammene som eit bygg representerer, vert tilpassa skulen sitt behov for organisering på alle område. Skuleanlegga må leggjast til rette for individuelt arbeid, gruppearbeid og læring innafor alle fag. Det må vera rammer for alle typar læring, der både praktiske- og kunstnarlege aktivitetar, leik og skaping er ein del av arbeidet. Skulen må vera fleksibelt utforma med tanke på både individuelt arbeid og gruppearbeid. Det må vera plass for fysisk aktivitet som dans og drama, klasseromma må vera utforma slik at det er rom for både klasseundervisning, gruppearbeid og individuelt arbeid. Romma må vera godt lydisolerte, slik at ein unngår støy mellom dei. Skulen må ha plass til både store og små grupper.

Den fysiske utforminga må vera slik at det er både store og små rom. Arbeidsmåttane i skulen har endra seg dramatisk dei siste åra og mange skular er ikkje tilpassa dette. I tilbakemelding til einskildelevar eller elevvurdering trengst små rom til to-tre personar, medan elevpresentasjonar eller skulesamlingar krev store rom med plass til heile elevflokkene. Skulane treng slike stader der ein kan samla elevane til presentasjonar utan å bruka mykje energi på å bera stolar og organisera ting på plass. At skulane har lokale der ein kan samla alle elevane har mykje å seia for elevane si kjensle av fellesskap på skulen.

Arbeidsmiljølova. § Kapittel 4. Krav til arbeidsmiljøet

Formålet med arbeidsmiljølova er å sikra eit arbeidsmiljø som gir grunnlag for ein helsefremjande og meningsfull arbeidssituasjon, og at tilsette skal ha tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader i arbeidet sitt.

Det er dei vaksne i skulemiljøet som vert omfatta av arbeidsmiljølova. På skulen kan det vera tilsette med ulike oppgåver og kompetanse, og det er viktig at det vert teke omsyn til at alle skal ha eit godt arbeidsmiljø.

Ved dei fleste skulane er det lærarar og assistentar som arbeider tettast med elevane. Dei treng gode fysiske tilhøve i arbeidet sitt for å kunna gjera ein best mogleg jobb

Reinholdspersonalet er også ei stor og viktig gruppe på skulen som opplever slitasje om ikkje forholda er godt tilrettelagt.

Kontorpersonale og leiinga på skulen treng gode fysiske tilretteleggingar for å kunna gjera ein best mogleg jobb.

Ved nokre skular må ein ta omsyn til at helsesøster har gode kontortilhøve og at vedlikehaldspersonale har rammer for å gjera arbeidet sitt.

Arbeidsmiljølova § 4-1. Generelle krav til arbeidsmiljøet

«(1) Arbeidsmiljøet i virksomheten skal være fullt forsvarlig ut fra en enkeltvis og samlet vurdering av faktorer i arbeidsmiljøet som kan innvirke på arbeidstakernes fysiske og psykiske helse og velferd. Standarden for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø skal til enhver tid utvikles og forbedres i samsvar med utviklingen i samfunnet.»

«(2) Ved planlegging og utforming av arbeidet skal det legges vekt på å forebygge skader og sykdommer. Arbeidets organisering, tilrettelegging og ledelse, arbeidstidsordninger, lønssystemer, herunder bruk av prestasjonslønn, teknologi mv. skal være slik at arbeidstakerne ikke utsettes for uheldige fysiske eller psykiske belastninger og slik at sikkerhetshensyn ivaretas.»

Skulebygga er dei tilsette sine arbeidsplasser, og arbeidsmiljølova påverkar utforminga av skulebygga. Måten eit skulebygg er organisert på, påverkar arbeidsmiljøet. Storleik på arbeidsplass, tilgang til garderober, lyd, støy, lys, korleis bygget er utforma med avstand til utstysrom og personalrom er element som påverkar arbeidsmiljøet, men også korleis læraren brukar tida si. Rapport etter studie av tidsbruk i skulen, SØF-rapport nr 4/09:38 syner til forholdet mellom den fysiske utforminga på skulebygget og bruk av lærarane si tid. Bruk av tid til å halde ro og orden og løyse konflikter mellom elevane synte seg å vera noko høgare på skular med open/delvis opent undervisningsareal. Funna viser at byggmessige forhold ved skulane spelar ei rolle for lærarane si bruk av tid. Det kan dermed vere føremålstenleg at elevane har faste areal å halda seg til og at dette kan frigjera noko av lærarane si tid til andre aktivitetar. Det kan også vera ei føremon at arbeidsromma til lærarane ligg nære klasseromma og at kvart team har lager- og utstysrom i nærleiken av klasseromma. Dette vil i mange høve spare lærarane for bruk av tid.

4.1.3 Skulekrinsar

Opplæringslova § 8-1. Skolen

«Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen. Elles gjeld retten etter første ledd første punktum. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen. Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale. Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:

a) opprekning av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei gitte områda soknar til

b) det økonomiske oppgjeret mellom kommunane, som kostnader til skyssordning

c) varigheita på avtalen

d) reglar for å tre ut av og avvikle samarbeidet, og

e) anna som etter lov krev avtale.

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første leddet. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.»

I førearbeidet til lova er det nærare drøfta kva som skal reknast som nærskule, jf. NOU 1995:18, og Ot.prp.46 (97-98). Utgangspunktet for vurderinga er først og fremst objektive tilhøve, som geografi og topografi. Førearbeidet understrekar likevel at også andre tilhøve skal vera med i vurderinga. I brev frå Utdanningsdirektoratet til Fylkesmannen i Nordland av 4.02.13, er det m.a. anna gjort greie for ulike omsyn som kan vera relevante når nærskule skal fastsetjast.

- Geografisk nærleik er knytt til avstand, men kan også vurderast ut frå topografiske og trafikale tilhøve.
- Eit anna omsyn er at elevar frå same bumiljø ikkje bør delast på ulike skular, og at søsken skal kunna gå ved same skulen.
- Vurdering av nærleik må ta utgangspunkt i dei skulane som til ei kva tid finst i kommunen. Lovfesting av prinsippet om å gå ved næraste skule, gir i seg sjølv ikkje noko grunnlag for krav om ny skule, eller utviding av eksisterande skule, heller ikkje å oppretthalda skular. Kapasitet ved næraste skule er såleis eit sentralt omsyn ved fastsetjing av nærskule.
- Andre omsyn kan vera om skulevegen er farleg eller vanskeleg for elevane, ut frå vegen sin tilstand, klima, trafikktilhøve og også tilhøve knytt til den einskilde elev.
- Skulevegen skal ikkje vera uforsvarleg lang, og skuleskyssen skal organiserast slik at elevane får ei akseptabel reisetid.
- Vedtak om nærskule er omfatta av forvaltningsrettslige prinsipp om forbod mot usakleg skilnader i handsaming av like tilfelle.
- Barnekonvensjonens artikkel 3 nr. 1 om barns beste, skal også vektleggjast i saker om skulekrinsar.
- Lova gir kommunen heimel til å fastsetja forskrifter om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar til , og forskrifta må vera utforma i samsvar med dei omsyn som følgjer av lova.
- Det ligg ikkje innanfor det kommunale handlingsrommet eller sjølvstyre å fastsetja forskrifter i strid med lova og nærskuleprinsippet.

Skulekrinsar og forskrifter i Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune er inndelt i skulekrinsar, bygd på geografiske tilhøve. For dei aller fleste elevane i kommunen vil skulen i krinsen også vera nærskulen etter Opplæringslova § 8-1. Det er likevel døme på at det er elevar som bur i område der avstand er om lag den same, eller kortare til ein annan skule enn eigen skule. Her er det kva skule ein soknar til, ut frå sedvane og gamle kringsgrenser som avgjer skulestad. Gamle kommunegrenser har også hatt innverknad her. Ved endringar i skulestrukturen i Kvinnherad dei siste 15 åra, er det ikkje gjeve forskrifter om skulekringsgrenser, men det er i vedtaket slege fast kvar elevane skal ha den nye skulestaden sin, og skulekrinsane er slegne saman, jf. til dømes vedtak i kommunestyret 19.11.09, sak 09/73: Pkt.2.c. *«Elevane frå Matre krins får skuletilbodet sitt ved Omvikedalen skule. Kringrensene vert endra i samsvar med dette.»*

I nokre høve ved etablering av nye bustadfelt har det vore nødvendig å gjera vedtak om nærskule for elevane i dette buområdet, der gamle kringsgrenser er i motstrid til nærskuleprinsippet. Døme på dette er Røsslandsfeltet på Husnes. Området er innanfor kringsrensa for Sunde skule, men nærskulen ut frå geografi er Undarheim skule. Dette vart fastsett i eit politisk vedtak om skulestad for elevane i dette området.

Rundskriv Udir – 02 – 2012. Behandling av saker om kretsgrenser og skolenedleggelser.

Rundskrivet informerer om sakshandsamingsreglar som gjeld for endring av skulegrenser.

Rundskrivet gjev informasjon om den kommunale handlefridomen i høve alternative sakshandsamingsreglar om skulenedlegging. Det viser til regelverket som gjeld i slike saker og peikar på at det er viktig med innsyn og medverknad i slike prosessar.

Ein framtidig skulebruksplan for Kvinnherad må gje forskrift for kringsrensene, slik at det er forutsigbart for innbyggjarane korleis tilbodet om skuleopplæring i framtida vil bli organisert i kommunen.

4.1.4 Skuleskyss og trafikktryggleik

Kunnskapsløftet. Læreplanar for fag.

På ungdomstrinnet er det eigne læreplanar for valfag i trafikk. Her kan dei elevane som vel dette faget få ei god innføring i trafikkreglar og trafikksiktryggleik.

På barnetrinnet er det kompetansemål i kroppsøvingsfaget som skal gje elevane opplæring i trafikkreglar, vera fotgjengar og syklist.

Opplæringslova. § 7-1. Skyss og innlosjering i grunnskolen

«Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda.

Departementet gir nærmare forskrifter om tryggleiken til elevane under skoleskyssen.

Kommunen skal innlosjere elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg. I vurderinga skal det særleg leggast vekt på forhold som gjeld den enkelte eleven, til dømes alder, funksjonshemming, reisetid og

tryggleik, og om dagleg skyss fører til ekstraordinære kostnader eller vanskar for kommunen. I tvilstilfelle avgjer foreldra om eleven skal skyssast eller innlosjerast.

Kommunen fører tilsyn med grunnskoleelevar som er innlosjerte»

Opplæringslova § 7-4. Reisetid og tilsyn

«Elevane har rett til nødvendig reisetid. Elevane har rett til nødvendig tilsyn når det blir ventetid før undervisningstida tek til og etter at undervisningstida er slutt. Retten til nødvendig reisetid og til nødvendig tilsyn gjeld også for barn som har rett til skyss til og frå skolefritidsordninga etter § 7-3 andre ledd.»

Opplæringslova § 13-4. Ansvar for skoleskyss m.m.

«Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Kommunen er ansvarleg for å oppfylle retten til skyss av førskolebarn etter § 7-6. Kommunen skal oppfylle retten til reisetid og tilsyn for førskolebarn, grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisetid og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skoleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gi pålegg.

Departementet kan gi forskrifter om heimreiser, reisetid og opphald for dei som må innlosjerast for å få hjelp eller opplæring etter denne lova, dessutan forskrifter om skoleskyss, skyssgodtgjersle og heimfylket sitt ansvar for å refundere utgifter til skyss i samband med vidaregåande opplæring i eit anna fylke.»

For skuleåret 2014/2015 er det 601 av 1745 elevar som får skyss til skulen. Det betyr at tredjeparten av elevane i grunnskulen vert skyssa til og frå skulen. Dette skjer sjølv om kommunen har ein desentralisert skulestruktur.

Kommunen er langstrakt med store avstandar, det er lite gang- og sykkelstiar og at skulevegar som går langs trafikkerte vegstrekningar har vorte definerte som trafikkfarlege og gjev dermed elevane som har skulevegen sin der ein «rett» til skuleskyss.

Om det vert vedteke å slå saman fleire skular i kommunen, vil dei fleste av dei elevane som har rett til skuleskyss grunna farleg skuleveg, få rett til skuleskyss grunna lang skuleveg. (Over 2 km eller 4 km) Erfaringane frå Halsnøy skule er at det er meir effektivt å køyra fleire elevar til ein skule, enn om ein må organisera skyss til fleire skular og såleis i fleire retningar samstundes. Skyssen blir meir straumlineforma, og lettare organisera.

Reisetid og innlosjering

Vurderinga av kva som er forsvarleg reisetid for elevane er relevant i høve til korleis skyssen skal organiserast og om elevane må innlosjerast. Sjølv om det ikkje er direkte lovregulert, vil også vurderinga av kva som er forsvarleg reisetid vere med på å avgjere skulestrukturen.

Det blir av og til vist til rundskriv N-4/85 frå Samferdselsdepartementet, og særskilt til det som gjeld maksimumsgrensar for samla gang-, reise- og ventetid for elevane med tilvising til den oppheva

grunnskolelova § 4, samt rundskriv N-1/90 om "midtskyss". Disse rundskrivna gjeld ikkje lengre. Det er opplæringslova med forskrifter og forarbeid som må leggjast til grunn for tolkinga av regelverket.

Opplæringslova § 7-1 regulerer skyss og innlosjering for elevar i grunnskolen. Det går ikkje fram av lova korleis skoleskyssen skal organiserast. Heller ikkje lova sine forarbeid inneheld konkrete vurderingar om forsvarleg reisetid. I Ot. prp. nr. 46 (1997–1998) s. 85 heter det likevel:

"Departementet understrekar at skoleskyss må organiserast slik at elevar får ei akseptabel reisetid. Særleg er det viktig å organisere skyssen for 6-åringane slik at reisetida blir så kort som mogleg. I vurderinga av akseptabel reisetid må gangtid og tid med transportmiddel sjåast i samanheng."

Vurderinga av kor lang ventetid som kan akseptrast, må såleis vere knytt til den totale lengda på reisetida.

Utdanningsdirektoratet meiner på denne bakgrunn at det er den totale tida som eleven nyttar frå eleven går/reiser heimanfrå og til opplæringa tek til, og frå opplæringa er slutt og til eleven er heime om ettermiddagen, som utgjer den samla reisetida.

Det er fleire omsyn å ta når ein skal vurdere kva som er forsvarleg reisetid. Eit relevant omsyn er at barn får tilstrekkeleg fritid og tilstrekkeleg tid i heimen. Dette talar for å avgrense reisetida. Eit anna omsyn er effektiv og rasjonell organisering av skyssen. Kva som er akseptabel reisetid må derfor avgjerast etter ei konkret vurdering.

Det kan vera naturleg å tenkja at akseptabel/forsvarleg reisetid kan samanliknast med kor lang tid elevar som går maksimal lengde, utan rett til skuleskyss, brukar på sin skuleveg. For ein vaksen person er 5 km/t vanleg god gangfart. Me må rekna at barn/unge brukar meir tid. Ei spørjerunde til verksemdleiarane for skulane i Kvinnherad viser at det er delte oppfatningar av kor lang tid ein elev brukar på å gå til/frå skulen. I denne planen vert desse tidene lagt til grunn:

- Gåtid 2 km = 45 minutt (1. årstrinn)
- Gåtid 4 km = 70 min (2. – 7. årstrinn)
- Gåtid 4 km = 60 min (8. – 10. årstrinn)

For skuleskyss med buss vert det her rekna gjennomsnittleg fart på 40 km/t. Mange elevar har eit stykke å gå til busshaldeplass og ein del elevar må skifte transportmiddel undervegs. Dette kjem i tillegg til tida på bussen, men det er ikkje rekna på desse faktorane i denne planen.

Akseptabel/forsvarleg reiseavstand med buss vert såleis slik:

- 1. årstrinn: Inntil 30 km.
- 2. – 10. årstrinn: Inntil 47 km.

Utdanningsdirektoratet viser også til opplæringslova § 7-1 fjerde ledd der det heiter at eleven har rett og plikt til innlosjering når dagleg skyss ikkje er forsvarleg. Vurderinga av om skyssen er forsvarleg skal gjerast i høve til den einskilde elev, der det mellom anna skal leggjast vekt på alder, eventuell funksjonshemming, reisetid og tryggleik. I vurderinga kan det også leggjast vekt på om dagleg skyss fører til uvanleg store kostnader eller vanskar for kommunen.

Når det er klart at dagleg skyss ikkje er forsvarleg, skal kommunen gjere vedtak om innlosjering uavhengig av om foreldra har kravd innlosjering. Det går fram av Ot. prp. nr. 46 (1997-98) side 86 at kommunen kan vedta at eleven skal innlosjerast mot foreldra sin vilje. Når det er tvil om dagleg skyss er forsvarleg, skal foreldra avgjere om eleven skal skyssast eller innlosjerast.

Forskrift til Opplæringa §12. Tryggleik for elevane

I tillegg til dei krav om førebygging av skade og ulykke som følgjer av andre lover og forskrifter, deriblant m.a. opplæringslova, dei delar av arbeidsmiljølova som er gjorde gjeldande for ulike opplærings situasjonar og forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v., gjeld dette:

- a) *Når skolen er ansvarleg for tryggleiken til elevane, må tilsynet i praksis vere forsvarleg i forhold til risikoen for at skade eller ulykke kan skje.*
- b) *I situasjonar der skolen er ansvarleg for symjing og bading i grunnskolen, skal det alltid vere ein tilsynsansvarleg, vaksen person til stades. Dersom den gruppa skolen har ansvaret for, overstig 15, skal tilsynet aukast med ein vaksen tilsynsperson for kvar påbegynt gruppe på 15. Dei som fører tilsyn, må vere flinke til å symje og dykke, og må kunne livredning. Tilsynet må aukast ytterlegare når omsynet til tryggleik gjer det nødvendig. For vidaregåande skole gjeld her berre det generelle kravet om tryggleik, slik det er formulert i bokstav a.*
- c) *Av pedagogiske og trafikktryggleiksmessige omsyn, og når trafikkforholda gjer det forsvarleg, kan det i samarbeid mellom skolen og politiet opprettast skolepatruljar. Skolepatruljar skal ikkje regulere trafikken, og skal ikkje stå ute i vegbana, men berre markere at nokon skal krysse vegen. Foreldra må samtykkje før ein elev blir sett til skolepatruljeteneste.*
- d) *I ordensreglementet for skolen kan det også takast inn føresegner som nærmare regulerer førebyggjande tiltak, t.d. i høve til å bruke sykkel eller rulleskøyter.*
- e) *Reglane for grunnskolen gjeld tilsvarande for skolefritidsordninga.*

Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i skole § 14. Sikkerhet og helsemessig beredskap

«Virksomheten skal planlegges og drives slik at skader og ulykker forebygges. Virksomheten skal ha rutiner og utstyr for håndtering av ulykker og faresituasjoner. Rutinene og sikkerhetsutstyret skal være kjent for alle, herunder barn og elever.»

«Skolens sikkerhets- og beredskapsarbeid skal forebygge at ulykker skjer og medvirke til at uønskede hendelser får så begrensede skadelige konsekvenser som mulig. Arbeidet med sikkerhet og beredskap skal integreres i skolens daglige drift. Skolen har ansvar for elevenes sikkerhet i hele skoletiden enten de befinner seg på skolens område eller er på turer og utflukter (ref. forskrift til opplæringsloven § 8-4). For både offentlige og private skoler vil ofte ansvar for noe av sikkerhetsarbeidet»

«Trafikksikkerhet handler både om fysisk tilrettelegging av trafikkforholdene og holdninger og adferd hos elevene, foresatte og ansatte. Trygg trafikk har utarbeidet kriterier for en trafikk sikker skole. Det er viktig at de ansatte har oppdatert kunnskap om gjeldende regelverk for sikring av elever under transport enten det benyttes bil, buss, sykkel eller gange».

Trygg trafikk - Kriterier for trafikk sikker kommune

- *Kommunen har forankret ansvaret for trafikk sikkerhetsarbeidet hos ordfører og rådmann. Delansvar kan ligge hos den enkelte etatsleder.*
- *Kommunen har et utvalg med ansvar for trafikk sikkerhet.*

- Kommunen har innarbeidet trafiksikkerhet i HMS/internkontrollsystemet som inneholder regler for reiser og transport i kommunens regi, og ved kjøp av transporttjenester.
- Kommunen har oppdatert oversikt over trafikkulykker og trafikkuhell (materielskader) i kommunen.
- Kommunen har en trafiksikkerhetsplan som er forankret i fylkets trafiksikkerhetsplan. Planen har rullerings- og rapporteringsrutiner.
- Planen ivaretar både holdningsbearbeidende/trafikantrattede- og fysisk tiltak.
- Kommunen har innarbeidet kriteriene / sjekklisterne for kommunens sektorer (HR, barnehage, skole, kultur, helse og vei).
- Kommunen påvirker lag og foreninger til å innarbeide regler for trafiksikkerhet i sin virksomhet.

Trygg trafikk - Kriterier for Trafiksikker skole

Trafiksikkerhet i skolen generelt

- Skolen har en plan for å ivareta elevenes sikkerhet til og fra skolen, enten de går, sykler eller blir kjørt.
- Skolen har utarbeidet rutiner for å ivareta sikkerheten på turer til fots, på sykkel, i bil/buss eller med kollektivtransport i skolens regi.
- Skolen har gode rutiner for at planene blir fulgt av de ansatte og har en trafikkansvarlig lærer.

Trafikkopplæringen i skolen

- Skolen har integrert trafikkopplæring i lokal læreplan/ årsplan i tråd med Kunnskapsløftets kompetansemål.
- Skolen legger til rette for at det blir gjennomført god trafikkopplæring (for eksempel ved innkjøp av materiell eller kursing av ansatte).

Samarbeid mellom skole og hjem

- Skolens læreplan for trafikk er årlig tema på foreldremøte.
- Foreldre blir involvert i skolens trafiksikkerhetsarbeid for eksempel gjennom Foreldrenes arbeidsutvalg (FAU)

Trafiksikringsplanen for Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune har utarbeidd eigen plan for trafiksikring. Planen er ein kommunedelplan og har eit eige kapittel som omhandlar «Handlingsskapande og åtferdsendrande tiltak.

Visjonen i planen er at «Ingen skal bli drepne eller varig skadde i trafikken i Kvinnherad». Planen legg opp til at borna i Kvinnherad skal få god opplæring og trening i trafikken. Opplæringa skal først og fremst dreia seg om trafiksikker atferd. Planen syner også til at Stortingsmelding 22 har lagt til rette for at «Trafikalt grunnkurs» kan vera eit av dei nye valfaga på ungdomstrinnet.

Planen syner vidare til særskilt utrygge trafikkområde og har ei liste med nærare 70 fysiske tiltak. 22 av desse er gitt høg prioritet og sju er kategorisert som strakstiltak. Vel 50 av tiltaka har fått prisestimat som til saman utgjer ca. 180 mill. kr. (2012-verdi). Om lag 95 mill.kr. av dette gjeld bygging av gang-/sykkelvegar.

Berre sju av tiltaka i trafikksikringsplanen er gjennomført til no medan fire tiltak er delvis gjennomført eller med forventa gjennomføring i 2015. Ingen av dei store gang-/sykkelvegprosjekta er påbyrja. Dette gjeld Dalsjøen, Gjermundshamn, Seimsfoss – Dimmelsvik, Herøysund, Sunde – Opsanger, Opsanger – Reset, Porsvika – Reset, forlenging Valen, Sæbøvik og Landa – Tofte.

I tillegg til tiltaka i trafikksikringsplanen skildrar rektorane utfordringar på desse stadene:

- Trå skule: Nokre elevera har skyss pga. farleg skuleveg.
- Mauranger skule: Farlege busstopp begge vegar til/frå skulen.
- Omvikdalen skule: Manglande GS-veg frå fylkesvegen og opp kommunevegen til skulen.
- Uskedalen skule: Farleg skuleveg mellom Skulebrua og skipsverftet og frå Ljosnes og Rød, manglar m.a. busslommer. Kryssingspunkt på strekkja Korsneset til skulen. Uoversiktleg veg langs Kjerlandssido. Trafikkfarleg ved av/påstiging nær skulen.
- Undarheim skule: Farleg strekning frå Opsangervegen fram til skulen og trafikkfare ved henting/bringing av elevar.
- Sunde skule: Av-/påstigingsplass.
- Skarveland skule: Ein del av GS-vegen retning Valen er smal og uoversiktleg. Farleg skuleveg mellom Holmedal og Utåker.
- Husnes ungdomsskule: Ikkje gode nok trafikktilhøve knytt til henting/bringing av elevar med bil.

Desse problemområda bør takast med ved rullering av trafikksikringsplanen.

I tabellen under er tiltaka frå trafikksikringsplanen gitt ei forenkla framstilling. Kolonna «Relevans» heilt til høgre gir ei vurdering av tiltaket sett i høve til trafikktryggleik og skuleskyss for skulebarn. Denne vurderinga er gjort i 2015 som del av arbeidet med skulebruksplanen og er såleis ikkje med i trafikksikringsplanen. To tredeler av tiltaka er vurdert til å ha stor relevans for trafikktryggleiken til elevane i Kvinnherad.

Totalt sett har Kvinnherad store utfordringar i trafikktryggingsarbeidet knytt til skuleveg. Avhengig av kva alternativ ein vel for skulestruktur vil nokre tiltak vere viktigare enn andre, men desse variasjonane er små sett i høve til det store biletet.

Som vedlegg til skulebruksplanen er kartutsnitt over deler av kommunen som viser mange av dei tiltaka som kan reknast som relevante for elevane sin trafikktryggleik.

Forklaring til tabellen:

Nr: Eit nummer som identifiserer tiltaket i kart, tabellar og andre skildringar i trafikksikringsplanen.

Pri: H: Tiltaket er gitt høg prioritet i trafikksikringsplanen. S: Tiltaket har status som strakstiltak i trafikksikringsplanen.

Tiltak: Kort skildring av tiltaket henta frå trafikksikringsplanen og stipulert kostnad per 2012. Ikkje alle

tiltak har kostnadsestimat.

Gj.førd: Viser om tiltaket er gjennomført i tida etter planvedtaket i 2012.

Relevans: Stor relevans: Tiltaket har direkte effekt på trafikktryggleiken for gåande, syklende og/eller ventande elevar. Middels relevans: Tiltaket gjer det td. lettare for skulebuss å koma fram eller gir noko auka trafikktryggleik for relativt få. Liten relevans: Tiltaket har liten eller ingen direkte effekt på trafikktryggleik for elevar eller skuleskyss.

Nr	Pri	Stad	Tiltak	Utførd	Relevans
1		Gjermundshamn	Bygge GS-tilbod frå x Fv 49/fv 48 til tunnel/avkjørsel. Kr. 1.505.000,-	Nei	Stor
2	H S	Gjermundshamn	Gangfelt FV 48/15 og FV 49/11. Kr. 50.000,-	Kjem i 2015	Stor
3		Stussvikhovdatunnelen	Bygge rekkverk som føres inn i tunnelportal. Kr. 37.500,-	Nei	Liten
5		Ølve sentralt	Strekning frå skule/bustadfelt til idrettsområde. Kr. 5.792.000,-	Nei	Stor
6	S	v/ Ølve skule	Skulebuss frå Hatlestrand kryssar vegen og tek opp skulebarn på parkeringsplassen sør for skulen. Utbetring av nedkjørsel p-plass. Kr. 20.000,-	Nei	Stor
7		Ølve, Vika/Åsen	Flytte busshaldeplassar og avkøyning 75m i retning Hatlestrand. Nytt hyttefelt vil få krav om gjennomføring. Kr. 750.000,-	Nei	Middels
8		Hatlestrand v/ kryss Teigen	Flytte 50 sone-skilta slik at dei kjem før krysset. Kr. 15.000,-	Nei	Middels
9		Hatlestrand v/ungdomshus	Utbetre frisikt- og stoppsikt rundt kurven før utkjørsel. Sprengje bort/pigge fjellnabbe. Kr. 20.000,-	Nei	Liten
10	H	Toftebrekkka, Sæbøvik	Opprusting og GS-veg. Kr. 13.320.000,-	Nei	Stor
11	H	Herøysund	Gang-/ sykkelveg. Utbetring av sikt i avkøyning til Bringedalsbygda - nord. Utbetring avkjørsel Hellvik. Kr. 10.112.299,-	Nei	Stor
12	H	Seim - Dimmelsvik	Vegomlegging og gang-/ sykkelveg i Lundssvingane, til og med Dimmelsvik ved avkøyning til Kvinnherad Energi. Kr. 30.000.000,-	Nei	Stor
13		Sunde - Opsanger	Gang-/sykkelveg Sunde – Opsanger. Kr. 11.256.000,-	Nei	Stor
14	H	Husnes - Sunde	Utbetring Fv. 44 om Kaldestad. Det må gjerast eigen TS-inspeksjon for å vurdere i detalj kva tiltak som bør iverksetjast. Ikkje kostnadsrekna.	Nei	Stor
16		Svoldal-tunnelen	Installere lys i tunnel. Alternativt kvitmaling av tunnelveggen. Rekkverk i tunnelopningar. Kr. 100.000,-	Ja	Liten
17		Troåsli bustadområde, Husnes	Fartsdemperende tiltak som fartsdumper. Ikkje kostnadsrekna.	Nei	Middels
18		Opsangervegen, Husnes	Fleire tiltak. Plan for området skal utarbeidast. Tiltak blir avklart gjennom planprosessen. Opprusting fra 2012. Ikkje kostnadsrekna.	Nei	Stor
19		Slettestølen – Sunde skule	Sikring av skuleveg frå Slettestølen og fram til Sunde skule. Kr. 1.434.577,-	Nei	Stor

Nr	Pri	Stad	Tiltak	Utført	Relevans
20		Selldal, Holmedal	Omlagging av vegen forbi tunet i Selldal. Trasé er ikkje vurdert i detalj. Kr. 765.000,-	Nei	Middels
21		Erslandsvegen, Sandvoll	Omlagging avkjøring Erslandsvegen. Førre vegen utanom gardstun, der bustadhus og driftsbygning ligg på kvar si side av vegen. Kr. 1.365.000,-	Nei	Middels
23		Ny busshaldeplass v kryss Ænes kyrkje	Etablere busslomme på nordsida av bustadeigedom ved krysset. Flytte skilt i krysset. Kr. 355.000,-	Nei	Stor
24	H	Furubergfossen bru	Legge om veg forbi Furubergfossen bru. Ikkje kostnadsrekna.	Nei	Middels
25	H	Omlagging fylkesveg Ænes - Furuberg	Erstatte trafikkfarleg og rasfarleg dagstrekning, Fureberg tunnelen med einvegskjørd lysregulert, Furubergfossen, rasfare. Plan må utarbeidast. Ikkje kostnadsrekna.	Nei	Middels
26		Sundal v/ Mauranger skule	Lage opnare rekkverk over brua, skilte / markere forskjell mellom gangbru og vegbru. Kr. 15.000,-	Nei	Stor
27		Sundal v/ Mauranger skule	Ny tilkomst til skulen. Kr. 1.875.000,-	Nei	Stor
28		Sundal v/ Mauranger skule	Opparbeide fortau mellom brua og busslomma i sør. Kr. 288.000,-	Nei	Stor
29	H	Årsnes – Løfallstand - Neslia	Utbetring/opprusting/evt omlagging av fylkesvegen. Kr. 66.585.000,-	Delvis	Stor
30		Neslia, midterste avkjøring til Hv.	Trafikkfarleg avkjørsel – sykkelperre. Kr. 5.000,-	Nei	Stor
32		Tilkomst/parkering bevertningsstad Rosendal sentrum, sør	Skilje biloppstillingsplass frå GS-vegen. Gjerde eller liknande. Kr. 22.500,-		Stor
33		Kyrkjebrotet x FV 48	Utvide kommunal veg, parkeringsplass for hurtigbåtkaien. Kr. 75.000,-	Nei	Stor
35		Baronivegen	Etablere fortau frå Kyrkjevegen og til brua. Sikre samanhengande tilbod for gåande frå sentrum. Kr. 282.000,-	Nei	Stor
36		Avkjøring Rosendal rådhus	Utvide kommunal veg. Kr. 75.000,-	Nei	Stor
37		Malmanger skule - henting/levering av skuleborn	Tydeleggjere trafikkmonster og bussoppstilling, ordne skilting. Kr. 75.000,-	Nei	Stor
38		Rosendal sentrum - utvide strekning med fartsdempingar	Supplere med ekstra fartsdump før 1. avkjøring til skulane frå sør. Kr. 25.000,-	Ja	Stor
39	H	Seimsfoss	Omlagging avkjørsel blir trekt mot sør frå butikken. Må utarbeidast plan som grunnlag for tiltak. Ikkje kostnadsrekna.	Noko	Stor
40	H S	Busslomme og fjellnakke Lundsvingane	Mellombels løysing med rampe til ny veg er på plass. Fjerne fjellnakke. Kr. 250.000,-	Nei	Stor
41		Dimmelsvik verkstad/bensinstasjon	Stramme opp, definere avkjørsler, avstand til kryss lokalveg. Kr. 100.000,-	Nei	Stor
43		Dimmelsvik	Vurdere rekkverk. 73.500,-	Nei	Liten
44		Uskedalen sentrum-brua	Opparbeide fortau langs vestsida av fylkesvegen fram til brua. Fjerne parkering ut i fylkesvegen. Samanheng. Kr. 363.000,-	Nei	Stor
45		Uskedalen bru	Innsmalning av bru - ein kjørebane. Kr. 15.000,-	Nei	Liten

Nr	Pri	Stad	Tiltak	Utførd	Relevans
47	H S	Herøysund - busstopp bakketopp	Flytte busstopp. Kr. 350.000,-	Nei	Stor
49		Herøysund sør	Fjellnakke nær køyrebane. Kr. 20.000,-	Nei	Liten
50	H S	Helland-krysset Husnes	Vurdere endra kryssutforming, utvide bru. Strakstiltak : Installere belysning i krysset. Innføre 60 km/t-sone forbi krysset. Skilte med forbod mot forbikøyring forbi krysset. Kr. 200.000,-	Nei	Middels
51	H	Opsanger bru - Reset	GS-veg. Kr. 10.336.00,-	Nei	Stor
53		GS- veg Porsvika - Reset	GS-veg primært langs fylkesvegen men kan vere mogeleg alternativt tilbod via Porsvika. Kr. 8.505.000,-	Nei	Stor
54		Gangfelt v/ Valen oppvekstsenter	Etablere gangfelt v skulen. 50 km/t-sone forbi skulen. Kr. 25.000,-	Ja	Stor
55		GS_veg v/ Valen sjukehus forlengje mot Utåker	Forlengje GS-veg forbi Valen sjukehus og forbi vegen til Vågen. Kr. 1.416.000,-	Nei	Stor
57		Fortau Slettanesvegen Høylandsbygd	Ruste opp fortau og fartsdumper. Kr. 948.000,-	Nei	Stor
58		Høylandsbygd snuplass for buss	Vurdere mulighet for å etablere snuplass for buss. Kr. 100.000,-	Truleg i 2015	Middels
59	H	TS-inspeksjon Fv 60 Landa- Høylandsbygd	Utføre TS-inspeksjon - vurdere trong for opprusting, rekkverk, møteplassar. Ikkje kostnadsrekna.	Nei	Stor
60	H	GS-veg Landa - Tofte	Etablere GS-veg frå bustadfeltet til kopling med GS-system v/ Tofte. Kr. 3.560.000,-	Nei	Stor
62		Vedvika	Omlagging - føra vegen utanom gardstun, der bustadhus og driftsbygning ligg på kvar si side av vegen. Kr. 5.250.000,-	Nei	Middels
63		Fet-krysset Fv 55 x Fv 48	Utbetne/omforme kryss. Kr. 300.000,-	Nei	Middels
64		Ferjekaien Gjermundshamn	Sikringstiltak for fotgjengarar frå ferja i retning busshaldeplass. Kr. 5.000,-	Nei	Stor
65	H	Langgåta til Husnes (industrivegen)	Vegljos. Kr. 315.600,-	Nei	Stor
66		Jonavegen, Sunde	Skilte med forbod om gjennomkøyring. Kr. 15.000,-	Nei	Stor
67	H	Reset - Teigen	Vegljos. Kr. 656.400,-	Nei	Stor
68		Bjellandsvegen, Husnes	Vegljos. Kr. 142.800,-	Nei	Stor
69		Holmedalsvegen	Gjennomføre TS-inspeksjon for å detaljplanlegge evt. tiltak. Ikkje kostnadsrekna.	Nei	Stor
70	H	Husnes. Den nye «Infrastrukturvegen» og sideveg til Sentrumsvegen	Vegljos. Kr. 262.400,-	Ja	Middels
71	H S	Valen sentrum	Fartsreduksjon. Kr. 262.400,-	Ja	Stor
72	H	Fv 48 «Nedstevegen» Tofte - Sæbøvik	Vegljos. Kr. 320.000,-	Nei	Stor
73	S	Gjermundshamn ferjekai	Oppsetjing av fletteskilt 530.01. kr. 20.000,-	Nei	Liten
74	H	Kyrkjevegen, Rosendal	Etablere fartsgrense 30 km/t og vurdering av fartshumpar	Ja	Stor
-	H	Sandvoll sentrum	Fullføre planlagt tiltak. Ikkje kostnadsrekna.	Nei	Stor

Nr	Pri	Stad	Tiltak	Utført	Relevans
-		Røslandsvegen. Området ved skulane.	TS-inspeksjon. Ikkje kostnadsrekna.	Nei	Stor
-		Opsangervegen, Husnes.	Trafikktejing. Ikkje kostnadsrekna.	Ja	Middels
-		Husnes v/ KES-bygget	Etablere (forlengje) fortau/GS frå busslomma og fram til rundkøyringa. Etablere fotgjengarfelt eller overgang. Ikkje kostnadsrekna.	Nei	Stor
-		Husnes, sti/gangveg ved Opsangervatnet	Opprusting og asfaltering slik at den kan brøyttast. Kr. 60.000,-	Nei	Middels

4.1.5 Arbeids- og skulemiljø

Opplæringslova § 9a-3. Det psykososiale miljøet

«Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkomande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak»

Arbeidsmiljølova § 4-1. Generelle krav til arbeidsmiljøet

«(1) Arbeidsmiljøet i virksomheten skal være fullt forsvarlig ut fra en enkeltvis og samlet vurdering av faktorer i arbeidsmiljøet som kan innvirke på arbeidstakernes fysiske og psykiske helse og velferd. Standarden for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø skal til enhver tid utvikles og forbedres i samsvar med utviklingen i samfunnet.»

Opplæringslova §9a har blitt kalla elevane si arbeidsmiljølov. Skulen fungerer på mange måtar som elevane sin arbeidsplass. Arbeidsmiljølova §4-1 regulerer det psykososiale miljøet til dei vaksne på skulen. For alle gjeld at ein treng å ha det trygt og godt rundt seg for å yta sitt beste. Borna er dei svakaste partane i skulesamfunnet, dei har ikkje sjølve valt arbeidsplassen sin, og treng såleis ekstra vern rundt seg.

Lærarane er også ei gruppe som treng tillit frå samfunnet i den jobben dei gjer. Samfunnet har store krav til elevane si læring og lærarane står i eit spenningsforhold med på den eine sida store forventningar til læringsresultat og på det andre sida einskilde elevar som ikkje har erfaring med å måtta møta høge forventningar. Læraren står ofte åleine med store elevgrupper, og til tider kan dette vera utfordrande.

At ein har respekt for kvarandre og dei ulike rollene ein har, er avgjerande. Om ein er foreldre, reinhaldsassistent, elev, assistent, rektor, lærar eller sekretær har alle rett på respekt og eit godt arbeidsmiljø

Skular som klarar å skapa gode relasjonar og tillit på alle nivå i skulesamfunnet, både mellom barn – barn, vaksne – barn og vaksne – vaksne, har gode psykososiale arbeids- og læringsmiljø. Gode leiarar som får alle til å dra i same retning mot felles mål, er avgjerande i dette arbeidet.

4.1.6 SFO, Leksehjelp

Opplæringslova § 13-7. Skolefritidsordninga

«Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn.

Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

Skolefritidsordninga skal ha vedtekter om

- a) Eigarforhold
- b) kven som er opptaksmyndigheit
- c) opptakskriterium
- d) opptaksperiode og oppseiing av skolefritidsplassen
- e) foreldrebetaling
- f) leike- og opphaldsareal
- g) dagleg opphaldstid og årleg opningstid
- h) bemanning og leiing

Når skolefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor til vanleg vere leiar. Departementet kan gjere unntak frå kravet.

Kommunen kan krevje utgiftene til skolefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.

Kommunen kan nytte andre til å oppfylle plikta til å ha eit tilbod om skolefritidsordning, dersom dei elles oppfyller vilkåra i denne paragrafen. Kommunen fører tilsyn med private skolefritidsordningar.

Departementet kan gi nærmare forskrifter om skolefritidsordninga»

Opplæringslova § 9a-9. Skolefritidsordninga

«Føresegnene i dette kapitlet gjeld også for skolefritidsordning oppretta etter lova her.»

Opplæringslova § 13-7a. Plikt for kommunen til å ha tilbod om leksehjelp

«Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen.

Tilbodet skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilbodet, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.»

Forskrift til Opplæringslova § 1A-1. Leksehjelp i grunnskolen

«Kommunen skal tilby leksehjelp, jf. opplæringslova § 13-7a, med til saman åtte timar kvar veke til elevane i grunnskolen. Dei åtte timane fordelast fritt på årstrinna slik kommunen avgjer. Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.

Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skolearbeidet.

Kommunen er ansvarleg for leksehjelpa og vel korleis leksehjelpa skal organiserast.

Kommunen pliktar å informere foreldra om retten til leksehjelp og tilbodet som gis.

Kommunen pliktar å sørge for at elevane har eit godt psykososialt miljø i leksehjelpa som fremjar helse, trivsel og læring. Dersom ein tilsett har kunnskap eller mistanke om at eleven sin rett ikkje blir oppfylt skal den tilsette undersøkje saka, varsle kommunen og om nødvendig og mogleg sjølv gripe inn. Eleven og foreldre kan be om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet. Kommunen pliktar snarast mogleg å behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom vedtak ikkje er fatta innan rimeleg tid kan eleven og foreldre klage som om vedtak vart fatta.

Kommunen plikter å sørge for forsvarleg tilsyn med elevane i leksehjelpa. Gruppa må ikkje vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg.

Leksehjelpa skal vere gratis for eleven. Dersom leksehjelpa blir organisert som ein del av skolefritidsordninga, kan kommunen ikkje ta betalt for den tida eleven mottok leksehjelp etter denne føresegna. Dette gjeld og for elevar som ikkje deltek i skolefritidsordninga elles»

Opplæringslova § 2-8. Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar

«Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Morsmålsopplæringa kan leggjast til annan skole enn den eleven til vanleg går ved.

Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal kommunen så langt mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.

Kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring etter føresegna, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.

Kommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skole, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til beste for eleven. Opplæring i særskilt organisert tilbod kan vare inntil to år. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. I vedtaket kan det for denne perioden gjerast avvik frå læreplanverket for den aktuelle eleven i den utstrekning dette er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Vedtak etter dette leddet krev samtykkje frå elev eller føresette.»

I Kvinnherad kommune har ein SFO ordningar ved dei fleste skulane. Det er fortrinnsvis elevane på 1.-4.trinnet som får dette tilbodet. Lova seier at kommunen skal ha SFO tilbod, men ikkje kor mange.

Kommunen kan såleis gje SFO tilbod ved nokre skular. Det ville nok ha vore eit problem for mange familiar om elevane måtte skifte lokale for å koma på Skulefritidsordninga.

Elevane har rett til leksehjelp, men dette er eit frivillig tilbod. Tiltaket blei først og fremst sett i gang som eit tiltak for sosial utjamning, for at dei som ikkje får hjelp til leksene heime skal få denne hjelpa på skulen. Dette er eit gratis tilbod.

§2-8 i Opplæringslova omhandlar minoritetsspråklege born sin rett til særskild norskopplæring. Dette er eit eige fag med eigen fagplan. Retten til faget gjeld til ein har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgja fagplanen i norsk. For mange skular er dette ei dyr oppgåve, då ein har få minoritetsspråklege elevar til ei kvar tid, og opplæringa må ofte bli som einetimar. På større skular med mange minoritetsspråklege elevar, kan undervisninga gå føre seg i grupper, og nokre kommunar har oppretta egne innføringsklassar der elevane kan vera og læra den første tida etter at dei har kome til landet. Det er ei føremon om ein har lærarar med særskild kompetanse til denne undervisninga, og som kan læra elevane norsk språk og kultur på ein profesjonell og god måte.

4.1.7 Politiske signal for skulen framover

Heildagsskulen

«Heildagsskulen» er eit omgrep som har kome inn i den politiske debatten dei siste åra. I dette ligg ein tanke om at skuletilbodet til elevane skal auka i omfang slik at det som no er fritidsaktivitetar vert organisert inn i skulekvardagen til elevane. På denne måten ser ein for seg at alle elevar skal få eit meir likeverdig tilbod innan kultur, fritidsaktivitetar, leik og leksehjelp. Dei siste åra har skilnaden mellom barn blitt større. Mange får delta på gode fritidsaktivitetar på ettermiddagstid, dei får hjelp til lekser heime og får delta i eit rikt kulturliv. Den delen av elevane som ikkje får støtte heime til å delta i desse aktivitetane, ynskjer samfunnet å støtta. Mange hevdar at heildagsskulen med gode, gratis fritidstilbod innan alle typar kultur og idrettstilbod og med moglegheit for leksehjelp, fysisk aktivitet og mat, er eit svar på mange av utfordringane for born i samfunnet, og eit godt tiltak for å oppnå sosial utjamning. Tilbodet vil også vera eit godt tiltak for hardtarbeidande familiar med vaksne som nyttar mykje av tida etter jobb til henting og bringing av borna til ulike aktivitetar.

Heildagsskulen ligg nok noko fram i tid, men i ein skulebruksplan er det viktig å ta med politiske signal for framtida til skulesektoren og tilpassa den kommunale drifta til dei krav og pålegg som ein ser vil koma. Planen må vera framtidsretta og drøfta kva strategiar ein må velja for å gje borna i kommunen eit godt skuletilbod i framtida.

Skal elevane opphalda seg på skulen fleire timar i døgeret er det naturleg å tenkja at dei treng fleire måltid, og kanskje varm mat. I nabolandet vårt, Sverige, har dei fleste skular kantiner der dei serverer elevane varm mat kvar dag.

I rom-programmet i Skulebruksplanen bør kantine for born og tilsette vurderast. Matsservering i skule blir regulert av Forskrift for miljøretta helsevern; "Det skal være mulighet for lagring, tilberedning og servering av mat i samsvar med næringsmiddelovgivningen»

Skal heildagsskulen tilby elevane eit fullgodt, gratis fritidstilbod, er det viktig å stilla spørsmål med om kommunen kan klara å gjera dette på alle 17 skulane. Ein treng då gode bygg som er tilpassa alle typar kulturaktivitetar; musikk, idrett, friluftsliv, symjing, dans mm. Elevane skal få SFO og leksehjelp,

og skal vera ferdig med arbeidsdagen sin når dei kjem heim. Det er klart at eit slikt framtidsbilete vil leggja føringar for skulebygga og skulestrukturen til kommunen.

Om kommunen prioriterer slike skuleanlegg også ved ei desentralisert løysing vil dette kunne gi «samfunnshus» i dei fleste bygder.

Lærarløftet- På lag for kunnskapsskolen

Regjeringa ved Kunnskapsdepartementet og Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen, har våren 2015 gitt ut eit eige strategihefte som inneheld oversikt over satsinga på kompetanseutvikling i skulane framover.

I heftet vert det peika på at regjeringa ynskjer ei ny satsing på kunnskapsskulen;
«Skolen skal gi alle ein god start i livet, bidra til sosial utjevning og sikre norsk arbeidsliv og velferd»

Regjeringa vil oppnå dette med å setja inn tiltak for å auka lærarane og skuleleiarane sin kompetanse. Å investera i lærarane er å investera i elevane si framtid. Å få ein god skule og auka læring er eit lagarbeid og følgjande målgrupper/partar må delta med innsats. Skulen treng;

- 1. Gode, fagleg sterke og motiverte lærarar.*
- 2. Ei klar skuleleiing*
- 3. Engasjerte og lyttande skuleeigarar.*

Dei største utfordringane regjeringa ser for skulen er:

- 1. Det vert nytta mykje ressursar, med høg lærartettleik utan at dette syner at i elevresultata.*
- 2. Det er stor variasjon i elevresultata*
- 3. Fråfallet i vidaregåande opplæring er høgt.*

Regjeringa har desse ambisjonane på vegne av skulen;

Gode lærarar

Gode lærarar er fagleg og pedagogisk trygge. Dei er tydelege klasseleiarar og har gode relasjonar til elevane sine. Dei gir elevane gode tilbakemeldingar på læringa slik at elevane kan nå måla for opplæringa. Regjeringa har tillit til lærarane, og ynskjer å styrka dei. Det vert sett i gang tiltak for ny lærarutdanning, nye kompetansekrav til lærarane og nye etterutdanningstilbod

Gode skular

I gode skular dreg alle partar i same retning. Det er lærande organisasjonar som har kultur for at lærarane diskuterer undervisninga og lærer av kvarandre. Pedagogisk leiarskap er ein nøkkelfaktor og det er vesentlig for ein velfungerande skule at rektor er til stade i det daglege arbeidet og er ein tydeleg leiar.

Ein god skuleeigar

Stortinget har gitt kommunane ansvar for den lokale organiseringa og gjennomføringa av opplæringa. Ein god skuleeigar er tydeleg i retning, skulepolitikk og forvaltning, og bidreg til godt samarbeid. Ein god skuleeigar legg til rette for at lærarane får god fagleg utvikling.

Tiltak:

- 1. Praksisnær 5-årig lærarutdanning.*
- 2. Skjerpa opptakskrav til lærarutdanninga*

3. *Krav om at alle lærarar skal ha fordjupning for å kunna undervisa i dei mest sentrale faga.*
4. *Auka satsing på etter- og vidareutdanning og skulebaserte utviklingstiltak.*
5. *Pilot for å skape fleire karriereveger i skulen.*

Ei satsing på skulen i form av kompetanseheving av dei som arbeider der, er eit tiltak mange lærarar verdset. I Kvinnherad har mange synt interesse for dei nye vidareutdanningstilboda, og ikkje alle som ynskjer har kome med. Kommunen må prioritera mellom søkjarane.

Viss nye kompetansekrav til undervisning som no vert føreslått, vert innført, vil dette få store konsekvensar for skulane. Det vil bli mange lærarar som må ta vidareutdanning. Presset vil bli stort på dei minste skulane der lærarane underviser i dei fleste fag. Her kan ein risikera at lærarar må ta kompetanseheving i fleire fag for at skulen skal ha nok lærarar med undervisningskompetanse.

For å få ei god framtidig skuleutvikling må skuleeigar ha god nok informasjon og kunnskap til å leggja føringar for utviklinga av skulen. For å få dette til må ein setja av tid til god informasjon om skulen til dei folkevalde.

«NOU- Elevenes læring i fremtidens skole»

Ludvigsenutvalet har vurdert innhaldet i grunnopplæringen opp mot krav til kompetanse i eit framtidig samfunns- og arbeidsliv, og seier dette om sine konklusjonar;

-det å kunne tilegne seg nye kompetanser gjennom hele livet, blir viktigere i fremtiden

- fagovergripende kompetanser er eksempelvis kreativitet, bruk av vitenskapelig metode som undersøkende arbeidsformer, og et bredt spekter av sosiale og emosjonelle kompetanser. OECD trekker gjennom prosjektet 21st Century skills blant annet fram samarbeid, kreativitet, fleksibilitet og evnen til å ta selvstendige valg.

-sentrale utviklingstrekk; teknologiutvikling, globalisering, kulturelt mangfold og demokrati, klima og miljø og den raske utviklingen i kunnskapssamfunnet

-det er enighet på forskningsfeltet om at dybdelæring har betydning for elevenes utvikling i og på tvers av fag, og er avgjørende for dem som arbeidstakere og selvstendige samfunnsborgere i et mer komplekst samfunn.

-forskning viser at elevenes aktive deltakelse i og refleksjon over egne læringsprosesser fremmer læring.

-utvalget vil se på behovet for fagfornyelse i skolen i lys av fremtidige kompetansebehov i samfunns- og arbeidsliv.

4.1.8 Det beste for barnet.

FNs konvensjon om barnets rettigheter (Barnekonvensjonen)(Convention on the Rights of the Child), slår fast at barn har rett til å gå på skule, rett til kvile, fritid og leik og rett til å seia meining si i alt som vedkjem det. FNs barnekonvensjon inneheld 42 punkt som seier kva rettar alle barn har.

Konvensjonen vart vedteken 20.11.1989, den tredde i kraft 02.09.1990, og vart ratifisert av Norge 08.01.1991.

Her følger dei tre første punkta og det er punkt tre som særskilt skal takast omsyn til ved endring av skulekrinsgrenser.

1. ALDER 18 ÅR

Alle under 18 år er barn, dersom ikke en tidligere alder er lovfestet av staten.

2. INGEN DISKRIMINERING

Konvensjonens rettigheter gjelder for alle barn uten forskjellsbehandling og uten hensyn til barnet og dets foreldres rase, farge, kjønn, språk, religion, opprinnelse, eiendom, funksjonshemming eller oppfatninger. Staten skal sørge for at ingen diskrimineres.

3. TIL BARNETS BESTE

Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.

Barneombodet og skulenedlegging

På heimesida si skriv barneombodet følgjande;

«Barneombodet mottar mange brev, e-postar og telefonar om skulenedlegging. Vi har valt å ikkje uttale oss konkret om nedlegginga av den enkelte skule. Dette er fordi vi normalt ikkje har tilstrekkelig med opplysningar om dei lokale forholda.

Barneombodet meiner likevel at mange vedtak om skulenedleggingar åleine skjer på grunn av ønskje om innsparingar, utan å vege dette opp mot omsynet til kva som er det beste for elevane.

Det er grunn til å reise spørsmål om kommunar i saker om skulenedlegging feilaktig tar utgangspunkt i kva barn kan tåle av belastningar, i staden for å leggje avgjerande vekt på kva som er til det beste for barna, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Vi meiner det er i strid med barnekonvensjonen, opplæringslova og forvaltningslova.

Barneombodet sitt mandat

Barneombodet skal i følgje lov og instruks arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tatt tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Vi skal særleg følgje med på at lovgjeving til vern om barn sine interesser blir følgde, og at norsk rett samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barnerettane.

Det beste for barnet

Kommunen skal ta utgangspunkt i kva som er det beste for barnet i alle avgjerder som handlar om barn. Det står i barnekonvensjonen artikkel 3. Barnekonvensjonen er inkorporert i menneskerettslova og har status som norsk lov. Dersom andre omsyn veg tyngre enn kva som er det beste for barnet, skal dette gå fram av saka. Dersom prinsippet om det beste for barnet ikkje har blitt utgreidd, kan det vere snakk om ein saksbehandlingsfeil som kan føre til at vedtaket blir ugyldig.

Skoleskyss

I NOU 1995:18 blir retten til skuleskyss omtala. Her viser ein til rettleiinga frå Kirke- og undervisningsdepartementet i heftet N-4/85 om anbefalt tidsbruk til reise- og ventetid ved skuleskyss. Det dåverande Kirke- og undervisningsdepartementet (noverande Kunnskapsdepartementet) skriv følgjande:

- Ved praktisering av grunnskoleloven har Kirke- og undervisningsdepartementet anbefalt følgjande når det gjelder "akseptabel" tid underveis (reisetid + gangtid + ventetid éin vei):
- For 1.-3. klasse: inntil 45 minuttar
- For 4.-6. klasse: inntil 60 minuttar
- For 7.-9. klasse: inntil 75 minuttar

Dette heftet er nå trekt tilbake. Barneombodet meiner det er grunn til å stille spørsmål ved om anbefalinga var i overkant av kva som er det beste for barnet. Reisetid som overstig det som i si tid blei anbefalt, vil etter vår meining vere i strid med kva som er det beste for barnet. Særlig gjeld det for dei yngste elevane og funksjonshemma elevar. Når ein skal vurdere kva som er det beste for barnet, må ein i tillegg til tida ta andre omsyn, så som standarden og kvaliteten på vegen, og servicenivået på skulebussen.

Læringsutbytte og skulemiljø

Når reisevegen blir for lang, kan det gå ut over retten elevane har på eit godt skulemiljø. Vi viser til opplæringslova kapittel 9a. Elevar som er slitne etter reisa, eller gruar seg til reisa, kan også få et redusert læringsutbyttet. Dersom lang skyss på dårlege vegar med dårlege transportmiddel går ut over læringsmiljøet, kan den i tillegg vere i strid med opplæringslova. Å vere lang tid utan tilsyn på skuleskyssen, kan også gi risiko for auka mobbing. Dette er skulen sitt ansvar. Utdanningsdirektoratet har i Rundskriv nr 2-2010 presisert at retten til eit godt psykososialt miljø også gjeld på skulevegen.

Rett til leik og fritid

Når eleva brukar lang tid på skuleskyss, så vil det bli mindre tid til leik, kvile og fritidsaktivitetar. Dette er ein rett som er heimla i Barnekonvensjonen artikkel 31. Lang reiseveg til skulen kan gå ut over denne retten.

Rett til å bli høyr

Vi vil minne om retten barn har til å bli høyr. Det står i barnekonvensjonen artikkel 12. Barn skal høyrast i alle saker som handlar om dei. At barn er blitt høyr i ei sak om skulenedlegging, bør gå fram av saka. Barneombodet er skeptisk til at ein åleine legg foreldre sine synspunkt til grunn. Vaksne har ofte andre interesser enn barn i desse sakene. Vaksne kan for eksempel vere opptatt av å behalde skulen for å bevare bygda, medan ungdommane heller ønskjer ein større skule og fleire jamngamle klassekamerater.

Vi føreset at kommunen har lagt opp til ein prosess som inviterer barn og unge til å delta, og at deira synspunkt blir kjem fram i saksframlegget.

Lovlegheitskontroll

Dersom ein meiner at vedtaket om skulenedlegging er ugyldig, kan vedtaket klagast inn for fylkesmannen dersom minimum tre kommunestyremedlemmer krev det. Fylkesmannen gjer då ein lovlegheitskontroll av vedtaket. Dette står i kommunelova § 59»

Vurderingar som gjeld barns beste

Avgjerla om å leggja ned ein skule er ikkje eit enkeltvedtak, og reglane i forvaltningslova kan ikkje nyttast direkte. Men det er eit generelt prinsipp i forvaltninga at ei sak skal vera forsvarleg klarlagt før avgjerla blir teken. I saker om skulenedlegging inneber det at kommunestyret skal ha rimelig kjennskap til synspunkta til dei som vert omfatta av nedlegging, før vedtak vert fatta.

Ei skulenedlegging har stor betydning for elevar, foreldre og heile lokalsamfunnet. Det er difor viktig at kommunen sørgjer for at saka er så godt utgreidd som mogleg, og at dei som er partar får høve til å uttala seg.

Barneombodet (BO) har uttala seg om saker som gjelder nedlegging av skular. BO presiserer at i følgje Barnekonvensjonen artikkel 3 skal kommunen i alle saker som vedkjem barn, ta omsyn til kva som er barnets beste. Dersom barnets beste ikkje er tilstrekkelig utgreidd i saksframlegget, vil det vera ein saksbehandlingsfeil som kan føra til at vedtaket er ugyldig.

Det er mange omsyn å ta i kva som er barn sitt beste. Barneombodet skriv på heimesida si at politikarane ofte gløymer barn sitt beste og berre tek omsyn til økonomi. Dette kan vera ei fallgruve å gå i. Det kan og vera ei fallgruve når ein gløymer kva som er barn sitt beste og berre tek omsyn til bygda sitt beste. Ein kan også stilla spørsmål med kva for barn i ein kommune ein skal vurderer det beste for. Er det berre dei barna som vert omfatta av skulenedlegging, eller bør ein også sjå på alle born i kommunen. Dersom små skular har mykje høgare kostnad for kvar elev, skal det då vurderast kva som er det beste berre for dei eller skal alle barna i ein kommunen vera med i vurderinga.


Thomas Nordahl, professor i pedagogikk ved høgskulen viser til dansk forskning når han uttaler seg om nedlegging av skular og barn sitt beste. (Avisa Østlendingen 20.11 2010) Han seier at det i Norge finst lite forskning på kva som skjer med elevane ved dei små skulene når dei blir slått saman til større skular.

«Det vi vet er at det kan være både ulemper og fordeler ved en liten skole. En liten skole gir et mindre læringsmiljø. En større elevgruppe gir mer variasjon og flere venner. Å ha venner er ekstremt viktig for barn, og for å lære. I et lite miljø blir man så avhengig av om det er status å ha ønske om å lære og jobbe, sier Thomas Nordahl. Når det er få lærere på en skole blir det et større problem å kunne dekke alle fag. For en lærer er ikke like god i alle fag. En lærer trenger også flere å kunne samarbeide med og utvikle sin kompetanse med flere. Men det er én fordel med de små skolene, sier Nordahl. Det er høy lærertetthet ved de små skolene. Det er bra. Men så er det veldig ressurskrevende. En elev på en liten skole koster to til tre ganger så mye som en elev på en større skole med to-parallell Resultatene blir ikke høyere. Og det tyder på utfordringer for en kommune, sier Nordahl. Han forteller at han får ofte telefoner fra fortvilte foreldre som helst vil ha ungene på større skoler, men som møter sterk motstand fra bygda. Når argumentasjonen blir slik at skolen er lik bygda, så er det et svakhetstegn. Dansk forskning viser at en skolenedleggelse fører ikke til at bygda dør. Det er en konsekvens av at bygda er død.»

4.2 Demografi

4.2.1 Folketal

1. januar 2015 var det i følgje Statistisk sentralbyrå (SSB) 13.234 innbyggjarar i Kvinnherad. I 1965 var folketalet ca. 9.800, dette auka bratt fram til 1972 (ca. 12.300) så meir moderat fram til 1989 (ca. 13.200). Dei siste 25 åra fram til 2015 har folketalet vore relativt stabilt mellom 13.000 og 13.300 innbyggjarar. Om fylkeskommunen sitt hovudalternativ for folketalsutviklinga slår til kan Kvinnherad vente seg ca. 0,1 % årleg auke i folketalet og ha vel 13.400 innbyggjarar i 2028.




Figur 2: Folkesetnaden fordelt på grunnkrinsar.

Fleire lokale faktorar vil ha stor innverknad på folketalsutviklinga og befolkningssamansettinga frametter. Utvikling av arbeidsplassar i privat næringsliv er ein grunnstein for folketalsvekst. Her viser tala at sysselsetting i primærnæringane har svakt fallande tendens dei siste ti åra og det er grunn til å tru at dette vil halde fram. Talet på arbeidstakarar i både sekundærnæring, tertiærnæring og offentlig forvaltning har svake svingingar i same periode og viser ingen tydeleg trend. Dei store industriverksemdene er konjunkturutsette i høve til globale, bransjespesifikke endringar. Veksande handelsdekking og god senterutvikling på Husnes kan bidra til ei styrking av verksemdar i tertiærnæring. Sysselsetting i offentlig forvaltning nådde ein førebels topp i 2011. Sentralisering, effektivisering og digitalisering vil bremse vidare vekst i offentlig tilsette, medan auka pleiebehov i ei

aldrande befolkning og nye oppgåver som følgje av samhandlingsreforma kan auka talet på kommunalt sysselsette. Gradvise forbetringar av vegnett og ferjesamband og regionsenterstatus for Husnes er lokale faktorar som venteleg vil gje positive effektar for sysselsettinga i Kvinnherad.

Ei eventuell kommunesamanslåing er haldt utanfor biletet i denne planen, det same gjeld store samferdsleprosjekt som berre er på skissestadiet. Til dømes vil landfast tilknytning av Kvinnherad til ny E39 gje heilt andre utviklingsmoglegheiter en dagens ferjesamband. Men sidan alternativa for både kommunereforma og nye, store vegsamband ikkje er klarare enn dei er kan dei enno ikkje takast med i reknestykket for folketalsutviklinga.




Figur 3: Prosentvis endring i folketallet i grunnkrinsane dei siste femten åra.

Samla sett er det ikkje venta store samfunnsendringar, men fylkeskommunen sin hovudprognose har dei siste åra vorte justert ned for Kvinnherad sin del. Utan ein markert auke i arbeidsplassar kan ein i staden for svak oppgang like gjerne få stabilt eller svakt fallande folketal.

Folketalsframskriving fram til 2036 (utdrag frå statistikk.ivest.no 31.03.2015)

År	2016	2018	2020	2022	2024	2026	2028	2030	2032	2034	2036
Forventa folketal	13.267	13.282	13.302	13.342	13.364	13.391	13.418	13.448	13.459	13.470	13.478



Figur 4: Endringar i innbyggjartalet i grunnkretsane dei siste fem åra.

Delen innvandrarak har auka frå 0,6 % av folketalet i 1970 til 6,6 % i 2014, og med aukande takt. Kvinnherad har likevel langt lågare del innvandrarak enn Hordaland (10,9 %) og Noreg (12 %) samla

sett (SSB-rapport 2014/16). Utan innvandring ville kommunen sitt folketal ha vore fallande frå ca. 1990. Europearar utgjer vel to tredelar av innvandrarane i Kvinnherad. Frå Asia og Sør-/Mellom-Amerika har det vandra inn meir enn dobbelt så mange kvinner som menn (statistikk.ivist.no: Innvandrarar etter kjønn og verdsdel). Arbeidsinnvandring frå Aust-Europa er den faktoren som gjer størst utslag på statistikken. Globaliseringa har også bidrege til at fleire Kvinnheringar enn før finn seg livspartnar frå andre land. Uro og konflikhtar andre stader i verda fører menneske på flukt, men ut frå statistikken over landbakgrunn kan ein seie at flyktningar utgjer berre ein liten del av innvandrarane til Kvinnherad. I 2014 var det til saman 879 innvandrarar busett i Kvinnherad.

Dei siste 15-20 åra har det i snitt flytta omlag 300 personar årleg til Kvinnherad frå andre stader i Noreg, tilsvarande har omlag 375 flytta frå. I heile denne perioden har det altså vore negativ flyttebalanse. Fylkeskommunen sin prognose seiar at Kvinnherad vil ha aukande nettoinnflytting frå 0 til 30 personar årleg i perioden 2017 til 2035, men sett opp mot trenden dei siste åra er det tvilsamt om denne prognosen slår til.

4.2.2 Aldersfordeling

Ved inngangen til 2014 hadde Kvinnherad både større del barn og større del eldre enn fylket og landet elles. Tabellen under syner utvalde aldersgrupper samanlikna med fylkes- og landsnivå.

Utvalde aldersgrupper per 01.01.2014 (prosent)

	Kvinnherad	Hordaland	Noreg
Del av befolkninga 16 år eller yngre	22,0	21,3	20,7
Del av befolkninga 25-54 år	35,9	41,3	41,1
Del av befolkninga 70 år eller meir	13,3	10,2	10,5

Fylkeskommunen sine prognosar for aldersfordeling av folkesetnaden er per dato (31.03.2015) ikkje revidert i tråd med fylkeskommunen sin hovudprognose, og dei viser såleis ein samla auke for innbyggjartalet i 2028 samanlikna med 2014 på 3,2 %. Tilsvarande tal for hovudprognosen er 1,4 %. Sjølv med den mest optimistiske av desse to prognosane som grunnlag vil talet på skulebarn (6 – 15 år) gå ned med 128 frå 1.803 til 1.673 i same periode; ein reduksjon i elevtalet på 7,1 % med fortsatt fall i åra deretter.

Gjennomsnittsalderen på 40,5 år ligg allereie to prosent høgare enn fylkesgjennomsnittet, dette vil auke til 44,1 år og med det meir enn fire år høgare enn Hordaland samla. I tillegg har eit markert fleirtal av kvinner skrumpa inn. I 1986 var det 105 kvinner per 100 menn i Kvinnherad, talet for 2015 er 98,7 og i følgje folketalsframskrivinga til fylkeskommunen vil det gå ned nokre tidelar til før det tek seg opp og passerer 99 kring år 2030. Gjennomsnittsalderen til kvinner i Kvinnherad er om lag 1 år og ni månader høgare enn for menn, dette er om lag det same som for Hordaland og landet elles (Hordaland i tal nr. 1-2014).

Talet på fødsjar har fleire år vore tett oppunder 200, men frå år 2000 har det vore ein markert nedgang som ser ut til å fortsetja og i 2028 er det ikkje forventa meir enn vel 120 fødsjar i Kvinnherad.

Svingingar i den lokale alderssamansettinga følg dei store linene i Noreg der dei store barnekulla i siste halvdel av 1940-åra gav nye store barnekull på slutten av 1960-talet. Ulikskapen mellom Kvinnherad

og Hordaland/Noreg samla sett er vanskelegare å forklara. Her spelar nok forgubbingsfaktoren ei vesentleg rolle, men den relativt store arbeidsinnvandringa skal vege opp for noko av dette.

Frå Kvinnherad er det lang reiseveg til større byar og stader som tilbyr høgare utdanning. Ikkje alle som reiser ut for å utdanna seg vender attende etter studiane

4.2.3 Folketalsutvikling i dei ulike bygdene

Dei siste 35 åra har det vore ei vedvarande sentralisering til område i og ved Husnes. Størst vekst har det vore i bygdene Husnes og Valen, både i absolutte tal og i relativ vekst. Fleire bygder opplevde vekst fram til omlag 2000, men har dei siste 10-15 åra hatt markert tilbakegang.

Dei seinaste åra er det bygdene på strekninga Omvikdalen – Sunde som har markert vekst. Størst nedgang ser vi i dei meir grigrendte krinsane som Varaldsøy, Mauranger, Baugstranda og Fatland. Det er store variasjonar bygdene i mellom, og det er ikkje slik at trenden med sentralisering verkar like sterkt i alle delar av kommunen.

Vel 8.000 av innbyggjarane bur no i tettstader; denne delen har auka frå omlag 52 % i 2000 til omlag 60 % av innbyggjarane i 2012.

Ny utbygging med noko volum er lettast å få til i arbeidsplassintensive område med godt utbygd infrastruktur. Auka krav til planar og dokumentasjon i utbyggingssaker gjer at det vert færre sjølvbyggjarar, og byggefirma må som regel stå bak dei einskilde prosjekta. I område med byggepress, eller ein viss etterspurnad etter nye bustader, vil byggefirma kunne bidra til veksten utan særleg økonomisk risiko. I grigrendte strok er det lite sannsynleg at private firma investerer i kostbare reguleringsplanar med lita utsikt til inntening.

Effektivisering av offentlege tenester og omfattande nedlegging av lokal detaljhandel forsterkar sentraliseringseffekten, det same gjeld nedgang i arbeidsplassar knytt til jord- og skogbruk. Vaner og forventningar i befolkninga til moderne løysingar, urbane kvalitetar og kortare reiseveg spelar truleg også ei vesentleg rolle. Som konsekvens av dette må ein forventa at tettstadane vil verta større, at Husnes med nært omland vert meir byliknande og at bygdene med lang reiseveg og lågt tenestetilbod får færre innbyggjarar. Bygder med gjennomfartsårer vil venteleg framleis veksa i folketal.

4.3 Lokal forskrift

I samband med skulebruksplanen, vil lokal forskrift for skulekrinsgrenser inngå i høyringa.

Der er tre alternativ for utforming av krinsgrensene:

1. 0-alternativet/bygdealternativet (utan endringar i skulestrukturen)
2. Økonomialternativet
3. Pedagogikkalternativet

Kvinnherad kommune har ikkje forskriftsfesta skulekrinsgrenser per i dag.

Lokal forskrift for Kvinnherad kommune skal vise kva for område i kommunen som sokner til den enkelte skule. Utgangspunkt er den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

Forskrifta inneheld oversikt over skulekrinsar både for baneskular og ungdomsskular, rutinar for søknad og sakshandsaming og klagerett. Det er vist til relevante grunnlagsdokument som ligg rutinar og tolkingar byggjer på.

Lokal forskrift er redigert i tråd med kommunestyret sitt vedtak og ligg som vedlegg til kommunedelplanen.

5. Tilstand skulebygg

For å få eit best mogeleg grunnlag for å vurdere skulebygga sin fysiske tilstand, kapasitet og potensiale for vidare utvikling, har alle skulebygg vore synfart og kartlagt i høve til ulike kriterier som teknisk tilstand, vedlikehaldsstandard, funksjonalitet, kapasitet og tilpassingsdyktighet.

Som verktøy i dette arbeidet er nytta digitalt teikningsarkiv for kartlegging av areal knytt til ulike funksjonar, databasen i Famac der teknisk informasjon om bygningen og tekniske anlegg som VVS, elektro, sentral driftsstyring, brann etc, er registrert. I tillegg er alle drifts- og vedlikehaldstiltak loggført der.

I kartlegging av bygga sin tekniske tilstand og tilpassingsdyktighet er det nytta eit registreringsverktøy, Multimap, der ulike bygningsmessige kriterier/forhold blir vurdert etter ein skala frå 0 til 3 der 0 er svært godt (nytt), 1 tilfredsstillande, 2 utilfredsstillande og 3 dårleg.

Resultat av kartlegginga er vist i eigen tabell.

Det er utarbeidd eige skjema for kvar einskild skule der faktiske opplysningar om skulane og vurdering av tilstand og funksjon er skildra. Desse skildringane byggjer på brukarane (skuleleiarane) si oppleving av dei fysiske tilhøva.

I tillegg til kartlegging av tilstand og tilpassingsdyktighet er føremålet med kartlegging av skulebygga å finna ut kor store areal dei ulike skulane faktisk har til skulebruk, totalt sett. Når ein snakkar om brutto areal er det alt areal som ein skule har inkl. trafikkareal, lager, tekniske rom etc.

Eldre skulebygg har ofte myke «daudareal» som er vanskeleg å nytta på ein funksjonell måte. Dette fører til at ein får meir areal å drifta og vedlikehalda, enn det som er nødvendig.

Skular som blir bygde i dag er meir arealeffektive og meir av bruttoarealet kan såleis nyttast direkte til skuleaktivitetar.

Areal for kroppsøving og areal som blir brukt av andre td. helsesystem, barnehage, SFO osv. blir ikkje rekna med i areal som kan brukast til skuleverksemd. Det same gjeld slikt som tilfluktsrom, loft, kjellar osv. Det som er igjen når desse areala er trekt ut er det vi kallar skuleareal.

Registreringane viser at det er store skilnader mellom skulebygga når det gjeld tilgjengeleg areal pr. elev. Jamt over er det meir areal enn det er trong for, og dei fleste skulane er i stand til å ta imot fleire elevar.

I utgreiing av ny skulestruktur i Husnesområdet blei det rekna med 15 m² pr elev ved bygging av ny skule og 18 m² ved ombygging/utviding av eksisterande inkl. idrettsareal (gymsal/symjehall/garderobar). Til samanlikning opererer Bergen kommune med 10 m² pr. elev eks. idrettsareal.

Skjema for skildring av kvar einskild skule ligg som vedlegg til utgreiinga. Skildringa inneheld informasjon om skulebygget, rom, funksjonar, uteareal og skuleveg. I tillegg viser skildringa elevtal, elevtalsutvikling og skulebygget sin kapasitet.

Opplysningane i skuleskildringane er gitt av leiarane ved kvar ein skule. Her vil ein kunna oppleve mindre avvik i høve til det faktagrunnlaget som utgreiinga byggjer på, td. når det gjeld elevtal og elevtalsutvikling. Dette kan koma av at elevtal er oppgitt for anna tidspunkt på året enn det faktagrunnlaget byggjer på. Når det gjeld dei fysiske tilhøva vil skildringa vera ei meir subjektiv vurdering frå skuleleiinga, enn tekniske fakta.

Ein del av informasjonane frå skuleskildringane (vedlegg) er samla og stilt opp i tabellen nedanfor. Elevtal og elevtalsutvikling er henta frå vedlagde skuleskildringar frå verksemdsleiarane. Skuleareala er areal i eksisterande bygg som kan brukast til skuleformål vidare.

Skule	Skule-type	Års-trin	Elevtal 2014/15	Elevtals-utvikling	Elev-kapasitet	Skule-areal m2 bta	Bygnin-gsareal m2 bta	Skule-areal Pr elev	Merknad
Bringedalsb.	OS	1-7	67	Stabilt. Nedgang etter 2019		1330	1638	19	
Halsnøy	B	1-7	176	Nedgang		2499	3600	14	
Brekke	OS	1-4	5	Nedgang		150	346	30	
Husnes ungdomsskule	U	8-10	257	Nedgang til 2019		3580	3800	14	
Malmanger	B	1-7	129	Nedgang		1986	1724	15	
Mauranger	OS	1-7	21	Stabilt ?		350	853	16	Søker andre skular
Hatlestrand	OS/U	1-10	92	Nedgang		2346	4262	25	
Trå	OS	1-4	9	Nedgang		300	587	33	
Omvikdalen	OS	1-7	81	Auke		928	1800	12	
Rosendal ungdomsskule	U	8-9	154	Varian- de		1927	3692	13	
Skarveland	B	1-7	51	Stabilt		825	1120	16	
Sunde	OS	1-7	120	Stabilt		1370	1937	12	
Undarheim	B	1-7	234	Nedgang		3985	5431	17	
Uskedalen	OS	1-7	115	Nedgang		1865	2700	16	
Valen	OS	1-7	111	Stabilt		1256	1884	11	
Øyatun	U	8-10	93	Auke/ne- dgang		2263	3200	24	Nedgang etter 2020
Åkra	OS/U	1-10	29	Nedgang		922	1164	31	
Sum			1702	Nedgang		29212	39738	17	

Forklaring: B = barneskule U = ungdomsskule OS = oppvekstsenter

Som ein ser har dei fleste skulane nedgang i elevtalet i åra framover. Kun Omvikdalen skule har auke og Sunde og Valen skular har nokolunde stabil elevtalsutvikling.

Når det gjeld arealet ser ein at dei fleste har rikeleg areal ut frå dagens norm til ny skule. Ut frå ei slik betraktning har alle skulane samla ca 30 % eller ca 9000 m² meir areal enn nødvendig. Dette utgjer ein årleg FDV-kostnad på ca 5 mill. kroner bassert på dagens drifts- og vedlikehaldskostnader.

5.1 Teknisk tilstand (multiMapregistrering)

Ved kartlegginga av bygningsmassen er prinsippa i Norsk Standard 3424 «Tilstandsanalyse av byggverk» lagt til grunn. Det betyr at tilstanden er vurdert på ein skala frå 0 til 3, der 0 er best og 3 er dårlegaste. Den same type skala er brukt til gradering av tilpassingsdyktighet .

Tabellen under syner tilstand for dei ulike bygningskomponentane og samla vekta tilstand for bygget.

Skule	Samla vekta teknisk tilstand	Bygning	VVS	Elkraft	Tele og auto	Andre installasjonar	Utandørs
Brekke skule	1,8	1,6	3,0	2,0	2,0	-	2,0
Bringedalsbygda oppvekstsenter	1,7	1,5	2,7	1,9	1,9	-	2,0
Halsnøy skule	0,2	0,2	0,2	0,0	0,0	-	0,5
Hatlestrand oppvekstsenter	1,3	1,3	1,5	0,9	2,0	-	1,4
Husnes ungdomsskule	0,9	0,7	1,3	1,2	1,0	0,5	1,4
Malmanger skule	1,1	1,1	1,1	1,1	1,0	-	1,2
Mauranger oppvekstsenter	1,5	1,7	1,3	1,0	1,0	-	1,5
Omvikdalen oppvekstsenter	1,4	1,4	1,2	1,3	1,3	-	1,5
Rosendal ungdomsskule	0,3	0,2	0,4	0,2	0,3	0,0	0,2
Skarveland skule	1,6	1,6	2,7	1,3	1,0	-	1,5
Sunde oppvekstsenter	1,3	1,3	1,2	1,3	1,4	-	1,3
Trå oppvekstsenter	1,6	1,6	2,0	1,3	2,0	-	1,5
Undarheim skule	1,4	1,4	1,8	1,3	1,5	1,1	1,6
Uskedalen oppvekstsenter	0,9	0,8	1,1	0,9	1,0	-	1,4
Valen skule	1,3	1,2	1,4	1,4	1,2	-	1,4
Øyatun ungdomsskule	1,2	1,0	1,8	1,3	1,5	0,5	1,5
Åkra oppvekstsenter	1,1	1,0	1,3	1,3	2,0	-	1,5
Samla	1,1	1,0	1,4	1,0	1,2	0,2	1,3

Resultatet av kartlegginga viser at det er hovudkomponentane VVS og utandørs som er dårlegast. VVS knytter seg i hovudsak til ventilasjon som igjen har innverknad på inneklimate. At utandørsanlegga kjem dårleg ut kan ha samanheng med låge vedlikehaldsbudsjett og at bygningsmessige tiltak har vore prioritert.

Samla vekta tilstandsgrad for alle bygningane er 1,1. Av den kartlagde bygningsmassen er 75% vurdert som god eller tilfredsstillande (TG 0 og TG 1) Dei resterande 25% er registrert med vesentlege avvik (TG 2) og har eit oppgraderingsbehov. Under dette er og komponentar med tilstandsgrad 3. Det betyr at det er behov for tiltak innan ein femårs-periode.

5.2 Oppgraderingsbehov

Ut frå kartlegging av teknisk tilstand har ein estimert eit oppgraderingsbehov for kvar bygning vist i tabell nedanfor. (Rapport Multiconsult, tabell 7-1)

Skule	Areal	Må-tiltak (0-5 år)	Bør-tiltak (5-10 år)	Samla oppgraderings-behov	Oppgraderings-behov Kr/m ²
Brekke skule	346	900 000	2 400 000	3 300 000	9 700
Bringedalsbygda oppvekstsenter	1 638	3 800 000	11 400 000	15 200 000	9 3000
Halsnøy skule	3 600	0	0	0	0
Hatlestrand oppvekstsenter	4 262	0	20 300 000	20 300 000	4 800
Husnes ungdomsskule	3 800	1 100 000	2 600 000	3 700 000	1000
Malmanger oppvekstsenter	1 724	0	2 000 000	2 000 000	1 200
Mauranger oppvekstsenter	853	1 100 000	4 500 000	5 600 000	6 600
Omvikdalen oppvekstsenter	1 800	0	7 700 000	7 700 000	4 300
Rosendal ungdomsskule	3 693	1 200 000	3 100 000	4 300 000	1 200
Skarveland skule	1 120	2 300 000	6 400 000	8 700 000	1 200
Sunde oppvekstsenter	1 937	0	7 000 000	7 000 000	3 600
Trå oppvekstsenter	587	0	4 700 000	4 700 000	7 900
Undarheim skule	5 431	10 300 000	19 500 000	29 800 000	5 500
Uskedalen oppvekstsenter	2 700	0	900 000	900 000	300
Valen oppvekstsenter	1 884	0	7 100 000	7 100 000	3 800
Øyatun	3 200	1 400 000	5 500 000	6 900 000	2 200
Åkra oppvekstsenter	1 164	0	2 100 000	2 100 000	1 800
Samla	38 586	22 100 000	107 200 000	129 300 000	3 300

Ut frå tabellen ser ein at samla oppgraderingsbehov for heile bygningsmassen (skulane) er ca. 130 mill. kr. Av dette er ca. 22 mill. såkalla må-tiltak som bør gjennomførast dei neste fem åra. Resten er bør-tiltak med gjennomføring i den påfylgjande 5-årsperioden. Kostnadene har ein margin på +/- 15%.

Dei skulebygga som har dei største oppgraderingskostnadene er Undarheim skule og Hatlestrand oppvekstsenter med hhv. 30 og 20 mill. Ser ein kostnad pr. m² oppgradering, er det Brekke og Bringedalsbygda som ligg høgast med 9 700 og 9 300 kr/m². Bringedalsbygda har og høg totalkostnad med vel 15 mill. kroner.

Det tekniske oppgraderingsbehovet må ein sjå i samanheng med det ordinære vedlikehaldet i same periode. Årsaka er at komponentar og deler av bygningen som i dag er i dårlegast stand også vil vera prioritert i planlagt vedlikehald i åra framover. Det er ikkje mogeleg å fastslå kor stor denne overlappinga er utan at dei einskilde tiltaka er planlagde og kostnadsrekna i detalj.

Med same nivå på vedlikehaldsbudsjettet som i dag vil ein dei neste ti åra bruka ca. 60 mill kroner (utanom straum og reinhald) til drift og vedlikehald av skulane. Om ein føreset at halvparten av dette er vedlikehald vil det ekstraordinære oppgraderingsbehovet utgjera ca 100 mill. kroner fordelt på 10 år.

Ut frå eit ambisjonsnivå om at alle skulebygg skal ha ein tilstandsgrad (TG) på 1 Tilfredsstillande, må det setjast av ca 10 mill. kroner pr år i ti år til ekstraordinære oppgraderingstiltak.

5.3 Vedlikehaldsbehov

Vedlikehald er løpande tiltak for å halda eigedommen i same stand som han var då han var ny eller rehabilitert. Vedlikehald er ikkje ombygging og standardheving.

Bygningsteknisk vedlikehald kan delast i tre nivå etter omfang og mål med tiltaka.

1. Tiltak og daglege rutinar som er strengt nødvendige for at bygningen og tekniske installasjonar skal fungera. Ca 100 kr/m²/år.
2. Tiltak som må utførast for å oppretthalda opphoveleg teknisk og funksjonell standard. Ca 200 kr/m²/år.
3. Tiltak for å heva standarden til dagens krav. Ca 300 kr/m²/år.

Budsjetta for bygningsvedlikehald har, over ei årrekke, vore for små til å kunna driva eit bærekraftig vedlikehald. Det betyr at ein ikkje har vore i stand til å halda bygningane i same stand som då dei var nye. Dette har vore situasjonen dei siste 20 åra, noko som har ført til eit betydeleg vedlikehaldsetterslep. Ein del av dette har vorte kompensert ved at ein har hatt investeringsmidlar til disposisjon. Jamt over har vedlikehaldet lege mellom nivå 1 og 2 dei siste åra.

Standarden på skulebygga har stabilisert seg på eit nivå som blir opplevd som nokolunde tilfredsstillande av dei fleste brukarane. Største problema i høve til skulebygga no, er at dei er ufunksjonelle, slik skulen blir driven i dag.

For å oppretthalda opphoveleg standard på bygga bør vedlikehaldet liggja på nivå 2. Dersom ein skal gjennomføra utbetringstiltak som er nødvendig for å tilfredsstilla dagens krav etter nye lover og forskrifter samt funksjonalitet, bør vedlikehaldsbudsjettet liggja på nivå 3. Eit slikt nivå vil og kunna ta inn eit betydeleg vedlikehaldsetterslep.

Kommunen sitt vedlikehaldsbudsjett ligg i dag på ca 150 kr/m² som gjennomsnitt for heile bygningsmassen. Det betyr at ein ligg mellom nivå 1 og 2.

Skjerpa myndighetskrav og offentlege pålegg som brannsikringstiltak, energimerking, enøk mm påverkar drifts- og vedlikehaldskostnadene.

Det er eit politisk val kva standard skulebygningane skal ha, og det må visa att i budsjett og økonomiplan.

Dei siste åra har tiltaka i hovudsak vorte retta mot det som er knytt til HMT, i første rekkje branntryggleik og innemiljø. For desse områda har kommunen eigne tilsynsmynde, branntilsyn og miljøretta helsevern. Pålegg gitt av desse instansane er heimla i lov og må rettast opp for at verksemda kan drivast lovleg.

Desse oppgåvene har vore prioriterte, og i investeringsbudsjettet har det kvart år vore avsett midlar til slike tiltak. Dette har medført at skulebygga, langt på veg, stettar krava til branntryggleik og innemiljø.

5.4 Rehabilitering

Rehabilitering er oppgradering på grunn av bygningsmessige mangler i høve til då bygget var nytt. Det kan og omfatta ei viss oppgradering til dagens standard/krav. Dette blir og ofte omtala som utvikling.

Det har vore utført betydeleg rehabiliteringsarbeid på fleire skular dei siste åra. Eksempel på dette er Uskedalen skule og til dels Undarheim skule. Rehabiliteringsarbeida er finansiert over investeringsbudsjettet, og går såleis ikkje ut over det ordinære vedlikehaldet.

I tillegg til generell rehabilitering har ein oppnådd høgare standard og meir fleksible bygg.

5.5 Inneklima

Skulebygga blir godkjende etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler» som blir forvalta av Miljøretta helsevern i kommunen v/kommunelege.

Av dei 17 skulane har 14 godkjenning no. Dei eldste godkjenningane skriv seg frå 2002. Halsnøy, Rosendal og Uskedalen skular har ikkje godkjenning. Dette er ikkje på grunn av manglar, då dei to fyrste er nye, og Uskedalen er rehabilitert. Skulane blir truleg godkjende når dokumentasjon føreligg.

Tekniske tenester har dei siste 20 åra hatt tett oppfølging av skulane når det gjeld inneklima. Det har jamleg vore føreteke målingar på ulike parameterear som CO₂, luftfuktighet, radon, temperatur mm.

Konsentrasjonen av CO₂ i innelufta er indikasjon på kor god ventilasjon bygget har. Denne skal ikkje overstiga 1000 ppm. Då ein starta opp med slike målingar viste det seg at mange klasserom overskreid denne grenseverdien, og i nokre tilfelle betydeleg. I ettertid har mange skulebygg fått nye og oppdimensjonerte ventilasjonsanlegg, slik at situasjonen i dag er betydeleg betre. Nokre bygg/klasserom har framleis for dårleg luftutskifting, men tiltak er under planlegging. Ein forventar at alle skulebygg skal ha tilfredsstillande luftkvalitet innan rimeleg tid.

Radon er ein radioaktiv gass som kjem frå grunnen. Grunnforhold og bergart er har betydning for kor utsette bygga er for radon i innelufta. Bygningsmessige tiltak er avgjerande for å redusera radoneksponeringa. Tiltaksgrensa for radon i inneluft er 100 bq/m³. Ved verdiar over det må tiltak setjast i verk.

Tekniske tenester utførte radonmålingar i alle kommunale bygg. Fyrste gong for vel 20 år sidan. Tiltaksgrensa var då 200 bq/m³. Målingane viste at dei fleste bygga hadde tilfredsstillande verdiar. Skulane og barnehagen i Rosendal hadde derimot for høge verdiar. Det tydde på at Rosendal er eit «problemområde» når det gjeld radon. Det vert og stadfesta av ei seinare måling av ca 350 bustader over heile kommunen.

Der det er registrert verdiar over tiltaksgrensa er det gjennomført tiltak. På eksisterande bygg er dette hovudsakleg oppdimensjonering av ventilasjonsanlegga og auka driftstid. Tiltaka har vorte fylgt opp med nye målinga i etterkant. Desse viser at tiltaka har vore effektive og i dag er det kun få rom i skulebygga ein registrerer verdiar over tiltaksgrensa i brukstida. Dette er rom med svært lita brukstid, slik at eksponeringa er avgrensa.

5.6 Universell utforming

Kvinnherad kommune er utpeika som pilotkommune når det gjeld universell utforming. Det er og i arbeid kommunedelplan for dette området. Dei nye skulebygga slik som Halsnøy skule og Rosendal ungdomsskule er bygde etter krav til universell utforming. Ved oppføring av dei eldre bygga var det ikkje stilt slike krav, og her manglar det mykje på at funksjonshemma elevar kan ta seg fram over alt utan assistanse.

I samband med påbygging og rehabilitering er det gjort tiltak for å imøtekoma krav til universell tilrettelegging, slikt som heis i Undarheim skule, HC-toalett, akustiske tiltak mm. På skular der ein har teke mot funksjonshemma elevar har det vorte gjort tilpassingar, slik at desse kan følgja den vanlege skulekvardagen.

5.7 Brukarane si oppleving av det fysiske miljøet

Alle skuleleiarane har vurdert det fysiske miljøet gjennom skjemaet «Skildring skulebygg». Dette er vurdert gjennom ei generell skildring av bygget/bygningskomplekset, bygningsmessig tilstand, universell utforming og funksjonalitet. I tillegg er det gjeve ei vurdering av skuleveg/trafikktryggleik.

Ut frå vurderingane har dei fleste brukarane ei positiv oppleving av det fysiske miljøet. Det er varierende vedlikehald, men jamt over ser dei fleste ei betring dei siste åra. Fleire peikar på toalett og garderobeforhold som lite tilfredsstillande. På den andre sida er det gjort store forbetringar på dette området i det siste.

Skulebygga har varierende funksjonalitet etter tidsepoken dei er bygde. Det er andre krav til skuledrifta i dag enn for 20-30 år sidan.

Mange av brukarane seier at skuledrifta blir tilpassa til dei fysiske føresetnadene, og at mindre tilpassingar kan gjera funksjonaliteten betre.

5.8 Bygningsstrukturelle eigenskapar (tilpassingsdyktighet)

Bygningsstrukturelle eigenskapar eller tilpassingsdyktigheit seier noko om kor eigna bygga er med omsyn til ombygging, tilbygging og endring av funksjon.

Desse eigenskapane er vurdert etter same skala som teknisk tilstand frå 0 til 3 der 0 er Svært god, 1 er God, 2 er Dårlig og 3 er svært dårleg.

Vekta grad av tilpassingsdyktighet for dei einskilde skulebygga er vist i nedanforståande tabell. (Rapport Multiconsult)

Skule	Grad av tilpassingsdyktighet	Grad av fleksibilitet	Grad av generalitet	Grad av elastisitet
Brekke skule	2,4	2,0	2,5	2,0
Bringedalsbygda oppvekstsenter	1,9	1,2	1,9	1,4

Skule	Grad av tilpassingsdyktighet	Grad av fleksibilitet	Grad av generalitet	Grad av elastisitet
Halsnøy skule	0,9	0,6	1,0	1,2
Hatlestrand oppvekstsenter	1,2	0,8	1,3	-
Husnes ungdomsskule	1,3	0,7	1,4	1,4
Malmanger oppvekstsenter	1,2	0,6	1,3	1,6
Mauranger oppvekstsenter	1,5	0,7	1,6	2,0
Omvikdalen oppvekstsenter	2,1	1,8	2,1	1,7
Rosendal ungdomsskule	1,1	0,9	1,0	-
Skarveland skule	1,4	1,1	1,3	0,5
Sunde oppvekstsenter	1,9	1,4	2,0	1,8
Trå oppvekstsenter	2,0	1,1	2,2	2,0
Undarheim skule	1,8	1,4	1,9	1,6
Uskedalen oppvekstsenter	1,4	0,7	1,5	1,6
Valen oppvekstsenter	1,9	1,4	2,0	2,1
Øyatun ungdomsskule	1,4	1,2	1,5	-
Åkra oppvekstsenter	1,6	1,1	1,8	2,0
Samla	1,5	1,0	1,5	-

Grad av tilpassingsdyktighet er bassert på fleksibilitet (ombygging), generalitet (annan bruk) og elastisitet (utviding).

Oversikta i tabellen viser at skulebygningsmassen er relativt «rigid» når det gjeld tilpassingsdyktighet. Det betyr at det kan vera vanskeleg og kostnadskrevjande å gjera endringar. Det er stor skilnad på tilpassingsdyktighet etter alderen på bygningane. Av ein samla skulebygningsmasse på ca 40 000 m² skriv 25% seg frå før 1970, og er bygd etter eldre byggemetodar utan, eller med, primitiv mekanisk ventilasjon. Heile 60% av skulebygningane er oppført i perioden 1970-1980, og resten, 15%, etter 1990. I siste perioden er det Halsnøy skule og Rosendal ungdomsskule som utgjer hovudtyngda.


Dei eldste bygningane har tilpassingsdyktighet på ca 2,0 og det vil ikkje vera rekningsvarande å gjera endringar på dei. Den store bygningsmassen frå 70-talet ligg på gjennomsnitt 1,4 som som er relativt høgt. Det er likevel individuelle skilnader mellom desse bygga, og dei må vurderast særskilt med tanke på større endringar.

5.9 Forhold mellom teknisk tilstand og tilpassingsdyktighet

Ser ein teknisk tilstand og tilpassingsdyktighet i samanheng kan ein sei noko om i kva grad bygningen er verd å satsa på i framtida, kalla levedyktighet.

Bygningane er plassert i fire ulike grupperingar etter karakteristikk vist i nedanforståande matrise. Mange skular har fleire bygg/fløyar som kan ha ulik levedyktighet etter tilstand og tilpassingsdyktighet.

I rapport frå Multiconsult er alle bygningar/fløyar plassert i høve til teknisk tilstand og tilpassingsdyktighet. (Sjå rapport Multiconsult)



5.10 Vidare utvikling

Vidare utvikling av skulebygningane er avhengig av kva alternativ eller struktur ein endar opp med i framtida.

0-alternativet/bygdealternativet føreset ein at alle skulane skal drivast vidare som no. Ut frå elevtalsutviklinga betyr det at alle har kapasitet nok så langt ein kan sjå, og at det ikkje er trong for utvidingar.

Vedlikehaldet må ha fokus på ytre vedlikehald (tak og fasadar) for å hindra bygningsmessig forfall. VVS, el., tele/IT og brannsikring er og viktig for å sikra innemiljø og tryggleik. Vidare må det setjast av årlege investeringsmidlar for å gjennomføra større rehabiliteringsarbeid og tilpassingar til nye krav og pålegg etter lov og forskrift og standardheving til tilstandsgrad 1.. Dette arbeidet er berekna til ca 130 mill. kroner over ein tiårsperiode.

Ved dei andre alternativa, pedagogikk- og økonomialternativet, som også omfattar strukturelle endringar med samanslåing av skular, er det nødvendig med tilbygg/nybygg. Det betyr at ein må rekna med større investeringar, men på den andre sida vil ein oppnå meir funksjonelle og driftsøkonomiske bygg, og ein mindre bygningsmasse å drifta.

Økonomialternativet føreset at ein brukar mest mogeleg av den bygningsmassen som har tenleg lokalisering ut frå den føreslegne strukturen. Det betyr at ein byggjer vidare på dei skulane som ligg mest sentralt i krinsen i høve til elevtal og skuleskys.

Dette alternativet er det som går lengst når det gjeld samanslåing av skular, og fleire av dei skulane som blir ført vidare treng meir areal. Dette er tenkt løyst ved tilbygg eller paviljong etter kva som er mest praktisk/økonomisk. Eksisterande bygningsmasse som framleis er i bruk blir rehabilitert på same nivå som etter 0-alternativet/bygdealternativet. Skulebygningar som går ut av bruk blir frigjort for anna formål eller sal. Dei fleste skulane vil få ei blanding av gammal og ny bygningsmasse, og såleis varierende funksjonalitet.

Kor mykje av gammal bygningsmasse som skal behaldast, blir ei økonomisk vurdering. Eldre bygg har høgare FDV-kostnader enn nye, og det må sjåast i samanheng med kapitalkostnadene ved nyinvesteringar.

Pedagogikkalternativet føreset best mogeleg kvalitet på dei fysiske tilhøva for skulen, både når det gjeld bygningar og utstyr. Dette alternativet er difor bassert på mest mogeleg nybygg og skulestorleik på kring 300 elevar, noko som blir sett på som optimalt.

Ein har ikkje teke stilling til lokalisering av nye skular innanfor kvar skulekrins. Dette må ein sjå i samanheng med skuleskyss og kor tyngda av elevmassen er lokalisert.

Økonomiske vurderingar

Under dei ulike alternativa er det varierende behov for investeringar. Bygningsmassen vil og variera, både i omfang og kvalitet, alt etter kva alternativ som blir valt. Det fører og til at FDV-kostnadene vil variera.

Under dei ulike alternativa er det sett opp oversyn over økonomiske konsekvensar, kalla bygningsrelaterte kostnader. Dette er vist som samla investeringar og årskostnader for kvar ein skule, og samla for alle.

Definisjonar

FDV-kostnader:

- Forvaltning** - skattar og avgifter
- forsikringar
- administrasjon
- Drift** - løpande drift (tekniske anlegg)
- reinhald
- energi
- Vedlikehald** - planlagt vedlikehald
- løpande vedlikehald
- utskiftingar

Kapitalkostnader:

Nedskrivning av ei investering (renter/avdrag) over ein gitt tidsperiode etter ein gitt rentesats.

Årskostnader:

Årskostnader er summen av FDV-kostnader og årlege kapitalkostnader.

Føresetnader

<i>FDV-kostnader:</i>	Holte Prosjekt. Låg verdi: Kr 870 m ² /år *)
<i>Investeringskostnader:</i>	Nybygg: Byggekostnad Kr 35 0000,- pr. m ² Rehabilitering: Kalkyle Multiconsult etter tilstandsvurdering
<i>Kapitalkostnader:</i>	Rente 2,0% Avskrivning 40 år Annuitet

*) Det er rekna same FDV-kostnad for gamle og nye bygg. Dette ut frå ei vurdering av at nye bygg er meir kostnadseffektive når det gjeld energi og reinhald, men samstundes meir krevjande når det gjeld drift av tekniske anlegg.


Til samanlikning brukar Kvinnherad kommune i dag ca 600 kr/m²/år på dei kommunale bygga. Dette gjev ein lågare total kostnad enn dei tre utgreidde alternativa. Målet i utgreiinga er at bygningane skal ha ein tilstandsgrad på minimum 1 Tilfredsstillande. Det krev auka ressursar til vedlikehald i høve til i dag.

6. Elevantvikling

6.1 Elevantstatistikk og -prognosar

6.1.1 Samla elevantvikling i Kvinnherad

Elevantvikling i perioden 2014-2021 bygger på Statistisk Sentralbyrå sine tal for dei som er registrert busette i kommunen pr.1.1.2015.



	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
	Elever															
1.klasse	178	170	142	151	142	139	117	144	144	144	144	144	144	144	144	144
2.klasse	183	178	170	142	151	142	139	117	144	144	144	144	144	144	144	144
3.klasse	153	183	178	170	142	151	142	139	117	144	144	144	144	144	144	144
4.klasse	160	153	183	178	170	142	151	142	139	117	144	144	144	144	144	144
5.klasse	183	160	153	183	178	170	142	151	142	139	117	144	144	144	144	144
6.klasse	155	183	160	153	183	178	170	142	151	142	139	117	144	144	144	144
7.klasse	171	155	183	160	153	183	178	170	142	151	142	139	117	144	144	144
8.klasse	178	171	155	183	160	153	183	178	170	142	151	145	143	122	144	144
9.klasse	191	178	171	155	183	160	153	183	178	170	142	151	145	143	122	144
10.klasse	199	191	178	171	155	183	160	153	183	178	170	142	151	145	143	122
SUM	1751	1722	1673	1646	1617	1601	1535	1519	1509	1470	1435	1412	1417	1415	1413	1414

Talet på elevar i fyrste klasse i 2021 er berekna utifrå snittet av fyrsteklassingar i perioden 2015-2020 og dette talet danner utgangspunktet for framskrivinga frå 2021-2028. Det vert lagt inn at det blir 144 elevar i kvart kull etter 2020. Ein må her merke seg at det berre er 117 som skal byrja i 1.klasse i 2020.


Elevtalet vil synke frå dagens 1751 til 1414 i 2029 eller ein nedgong på nesten 19 %. Oppstillinga nedanfor bygger på framskriving av tala frå Statistisk Sentralbyrå utan nokon forventa vekst i folketalet.

Utan å gjera noko med skulestrukturen vil talet på klassar ikkje endra seg mykje i perioden. I Grunnskulen i Kvinnherad er det i skuleåret 2014/2015 97 klassar, talet vil synke til 94 i 2029. Og talet på elevar i kvar klasse vil i snitt synke frå 18 til under 15.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
	Klasser															
Klasser	97	96	95	96	94	93	93	94	94	93	92	93	93	94	94	94
Elever pr.klasse	18,1	17,9	17,6	17,1	17,2	17,2	16,5	16,2	16,1	15,8	15,6	15,2	15,2	15,0	15,0	15,0

6.1.2 Elevtalsendring i utvalde skulekretsar.

Nedgangen i talet på elevar er ikkje jamt fordelt utover kommunen. Det er særleg dei aller minste skulane i utkantane som merker nedgangen:




Brekke skule vil i 2021 ha berre 2 elevar og det kan være aktuelt å vurdere andre løysingar for desse enn eigen skule. Skuleskyss (m/assistent) til Halsnøy skule, vil økonomisk gi ei stor innsparing og det vil samstundes vera den beste løysing ut frå eit pedagogisk perspektiv.




Åkra skule som er ein skule for 1.-10.klasse vil i dei næraste åra få ein sterk nedgang i elevtal.

Klassetrinn	2014/2015	2015/2016	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021
1.-.10.	<u>Elever</u>						
1.klasse	1	0	0	1	0	1	2
2.klasse	2	1	0	0	1	0	1
3.klasse	0	2	1	0	0	1	0
4.klasse	1	0	2	1	0	0	1
5.klasse	2	1	0	2	1	0	0
6.klasse	3	2	1	0	2	1	0
7.klasse	7	3	2	1	0	2	1
8.klasse	7	7	3	2	1	0	2
9.klasse	3	7	7	3	2	1	0
10.klasse	8	3	7	7	3	2	1
SUM	34	26	23	17	10	8	8

Som det går fram av tabellen synk elevtalet frå dagens 34 til berre 8 i løpet av 4 år. Ei overføring av elevane til Omvikdalen skule/ Rosendal ungdomsskule ville utfrå eit økonomisk perspektiv vera gunstig. Elevtalet i Omvikdalen vil i 2018 vera 88 og om 4 elevar vert overført frå Åkra vil ikkje det påverka klassetalet. Rosendal U har 163 elevar i 2018 og ei overføring av 3 elevar vil ikkje endre klassetalet.



Trå skule vil få ein sterk nedgang i elevtal frå dagens 10 elevar til berre 1 i 2019. I 2020 vert det 3 elevar. Her er det aktuelt med skuleskyss + assistent til Hatlestrand skule.



Malmanger skule får ein reduksjon i elevtal som gjer at tal elevar i kvar klasse synk frå dagens 19 til 14 i 2020.

7. Økonomisk tilstand

Budsjettet for oppvekst for 2015 er på kr. 278,4 mill. Av dette vert kr.174,5 mill fordelt på dei 19 skulane i kommunen.

I økonomiplanen er det lagt inn ei innsparing på kr. 4 mill kvart av åra i perioden 2016-18.

Kommunen sin økonomiske situasjonen er under press, særleg på grunn av reduserte inntekter frå kraft (eigedomsskatt/ konsesjonstraumsal). Det har i ein lang periode vore jobba med å redusere kommunen sine utgifter til oppvekst/ pleie-omsorg for at desse skal komme meir i samsvar med overføringar frå staten og at dei ikkje er mykje høgare enn samanliknbare kommunar i KOSTRA.

Både i økonomiplanen 2016-2019 og i handlingsplanen vil ein måtte gjera tiltak/nedskjæringar for å tilpassa seg til den økonomiske situasjonen.

7.1 Undervisningskostnader i Kvinnherad

Når ein skal samanlikna kostnadene med å driva skulane i Kvinnherad har ein teke utgangspunktet i 2015-budsjettet. Dei totale kostnadene med undervisning er slik:

		2015	2015	2015
		<u>Budsjett</u>	<u>Kostnad pr.elev</u>	<u>Kostnad pr.klasse</u>
HALSNØY SKULE		17 351 595	97 481	1 927 955
BREKKE SKULE		1 012 480	202 496	1 012 480
BRINGEDALSBYGDA SKULE		6 745 680	100 682	1 686 420
HATLESTRAND SKULE		11 802 271	129 695	1 967 045
TRÅ SKULE		1 836 514	183 651	1 836 514
USKEDALEN SKULE		9 271 178	80 619	1 324 454
ÅKRA SKULE		5 236 341	180 563	1 745 447
OMVIKDALEN SKULE		8 695 713	107 354	1 739 143
SKARVELAND SKULE		5 554 314	108 908	1 851 438
MAURANGER SKULE		2 782 796	132 514	1 391 398
MALMANGER SKULE		10 443 129	80 954	1 491 876
VALEN SKULE		9 784 180	87 359	1 397 740
SUNDE SKULE		10 333 703	86 114	1 476 243
UNDARHEIM SKULE		19 167 110	82 975	1 474 393
ROSENDAL UNGDOMSSKULE		16 921 885	109 882	2 820 314
ØYATUN UNGDOMSSKULE		10 472 254	112 605	2 618 064
HUSNES UNGDOMSSKULE		27 057 723	104 875	2 459 793
Totale kostnader		174 468 866	106 139	

I økonomiplanen / budsjettet for 2015 vart det løyvd kr.185,5 mill til skulen. Da Oppvekst fordelte budsjettet mellom skule og barnehage vart det satt av meir til barnehage og mindre til skule (kr.182,5). Av løyvinga til skule er det sett av kr. 8,1 mill til felleskostnader. Dette vert mellom anna

nytta til kostnader med elevar som går i andre kommunar og spesialpedagogiske tiltak for fosterbarn som er plassert i andre kommunar, skyss til symjeopplæringa, dataprogram, leige av alternative opplæringsarenaer og leasing av datamaskiner til heile oppvekstområdet.

I barneskulen er kostnadene pr. klasse kr. 1.600.000 og i ungdomsskulen kr.2.600.000. Her må ein ta med at vi har to skular (Hattlestrand og Åkra) som er kombinerte skular. Kostnadene med dei er med i klassetalet for barneskulane.

7.2 Skuleskyss og økonomi

Av Kostra-tala går det fram at Kvinnherad har høge kostnader med skyss. Skulane si melding til GSI, syner at 601 elevar av 1745 har skuleskyss. I kap 4.1.4, vert det synt til omfanget av skuleskyss for kvar skule og for kommunen samla. Den skuleskyssen som elevar har rett til grunna trafikkfarleg skuleveg, er kostbar for kommunen. Her må kommunen betala for det skyssen eigentleg kostar og ikkje etter pris pr sone, slik som ein gjer for dei som har rett til skuleskyss på grunn av avstanden mellom heim og skule (2 og 4 km).

Over ein tredjedel av elevane får skyss til skulen etter 0-alternativet/bygdealternativet. I pedagogikk- og økonomialternativet kjem kostnadane til skuleskyss til å auka då fleire elevar får rett til skuleskyss grunna avstand heim skule. Skyssutgifter grunna trafikk- farleg skuleveg vil bli redusert, då fleire får rett til fri skyss på grunn av avstand. Den delen av skuleskyss som går til symjeopplæring kjem også til å bli redusert då fleire elevar kjem til å gå på dei skulane der symjehallane ligg.

I denne utgreiinga har ein så langt ikkje gått direkte inn på kva kostnadane med skyss vil bli i pedagogikk- og økonomialternativet. Dei nye skulane er ikkje direkte plasserte, og nøyaktige tal for skuleskyss vil såleis vera vanskeleg å seia noko konkret om før skulane er plasserte.

8. Framtidige løysingar

I denne kommunedelplanen vert tre ulike skulestrukturar skildra og vurdert. Dei ulike modellane vert samanlikna ut frå faktorar som investerings- og driftsøkonomi, pedagogisk og sosialt utbyte, trafikktryggleik og generell samfunnsutvikling. Felles for alle tre er at dei bygger på eit system basert på skulekrinsar.

8.4 Krinsar

Som grunnlag for statistikk, forvaltning og planlegging er kommunen delt inn i ulike former for krinsar. Statistisk sentralbyrå nyttar grunnkrinsar og delområde til sine føremål, kommunen har ei inndeling i skulekrinsar, til organisering av vala vert det nytta valkrinsar, det finst ei eigen inndeling i kyrkjjesogn og ei anna gjeld postsoner osb. Til praktisk bruk ved skulebruksplanlegging er grunnkrinsar/delområde og skulekrinsar nyttige.

8.4.1 Grunnkrins og delområde

Kvinnherad er delt inn i 72 grunnkrinsar som igjen er gruppert i 9 delområde. Føremålet med å dele kommunen inn i grunnkrinsar er å laga små, stabile og geografiske einingar som kan gi eit fleksibelt grunnlag for regionalstatistikk. Dette skal gi eit meir effektivt statistisk grunnlag for kommunal og regional analyse, forvaltning og planlegging. I tillegg til at grunnkrinsar skal vere stabile over en rimelig tidsperiode, skal dei også utgjere eit geografisk samanhengande område. Grunnkrinsane bør være mest mogleg einsarta når det gjeld natur og næringsgrunnlag, kommunikasjonstilhøve og utbygging.

Delområde er et mellomnivå mellom kommune og grunnkrins. Delområdeinndelinga er eigna for data som vert for detaljerte på grunnkrinsnivå, samstundes som den er eigna til regionale oversiktsanalyser. Ved inndeling av delområde er det lagt vekt på at området høyrer naturleg saman med kommunikasjonar.

Det er Statistisk sentralbyrå som godkjenner endringar av grunnkrinsar og delområde.

8.4.2 Skulekrins

Skulekrinsar vert nytta av mange, kanskje dei fleste kommunar, til å dela kommunen inn i område som skal sokne til den einkilde skule, anten barne- eller ungdomstrinnet. Ofte er ein skulekrins bygd opp av heile grunnkrinsar. Kringsgrensene er kartfesta, men mange kommunar opererer også med «flytande» grenser. Om skulegringsgrensene skal vere bindande må det vere knytt ei lokal forskrift til dei; meir om det under.

I Kvinnherad er det per 2015 avgrensa 20 skulekrinsar på kart; sjå Figur 1 s. 9 . Sidan det berre er 14 skular med elevar på barnetrinna er fleire av krinsane i praksis slegne saman som følgje av tidlegare skuledleggingar. Skulekrinskartet er heller ikkje oppdatert etter endring av kommunegrensa mot Jondal i 2013.

Opplæringslova § 8-1 fastset at grunnskuleelevane har rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar til. Det er ikkje vedteke slik eige, lokal forskrift om kringsgrenser i Kvinnherad. Såleis er det Opplæringslova § 8-1 sitt prinsipp om nærskule som gjeld og

skulekringsgrensene fungerer berre som ei skildring for å visa kva bygdelag som naturleg høyrer til den einskilde skule. Ved vurdering av kva skule som ligg nærast skal det takast utgangspunkt i geografi, men også andre objektive tilhøve som topografi og farleg skuleveg er relevante omsyn. I tillegg kan det leggjast vekt på subjektive tilhøve som at eleven har søsken på skolen.

I denne planen vert det føreslege å innføra lokal forskrift om skulekrinsar i Kvinnherad. For dei alternativ der skular vert slegne saman vert ordlyden i forskrifta med tilhøyrande kartfesta kringsgrense styrande for kva skule elevane i krinsen skal sokna til. Det er altså ikkje avstand heim-skule som direkte avgjer kvar eleven skal ha skuletilbodet sitt, men dette er sjølvsagt ein viktig faktor ved vurdering av kringsgrenser og plassering av eventuelle nye skuleanlegg.

9. 0-alternativet/bygdealternativet

9.1 Omtale

9.1.1 Skildring

Dette alternativet skildrar korleis den sannsynlege utviklinga vert om ein ikkje vedtek endringar i skulestrukturen. Det vert lagt til grunn at tal og typar skular skal vere som i dag, berre forandra som direkte følgje av endringar i elevtal, regelverk eller andre ytre faktorar utanfor kommunen sin kontroll.

Utvidingar og nedleggingar av skular vert såleis vist dersom prognosar og trendframskriving av elevtalet i dagens skulekrinsar tilseier det. For å tidfesta utviding av ein skule vert klassedelingstal på 28 i barnetrinna og 30 i ungdomstrinna lagt til grunn saman med ei vurdering av kapasiteten til eksisterande bygningsmasse. Tidspunkt for nedlegging vert sett til den tida skulen får færre enn fem elevar, og trenden åra etter viser same eller lågare tal.


For dei tilfelle der skular vert nedlagde er det ei skildring av kva skule elevane frå den aktuelle krinsen skal overførast til og eventuelle praktiske, pedagogiske eller økonomiske utfordringar som må løysast.

9.1.2 Framlegg til målsetting


Kvinnherad skal halda fram med gjeldande skulestruktur. Utviding av skular skal berre skje som følgje av elevtal aukande over klassedelingstalet og nedlegging av skular skal berre skje dersom elevtalet vert mindre enn fem og utan utsikt til auke følgjande år.

9.1.3 Skulekrinsar

Per 2015 har Kvinnherad 12 barneskular, 3 ungdomsskular og 2 kombinerte barne- og ungdomsskular. Framlegget til krinskart viser såleis 14 barneskulekrinsar og fem ungdomsskulekrinsar. Grensene er samanfallande slik at ingen av barneskulekrinsane er delt på fleire ungdomsskulekrinsar.



Figur 5: 0-alternativet/bygdealternativet 2015: Skular og inntaksområde for barnetrinna (1.- 7. klasse)



Figur 6: 0-alternativet/bygdealternativet 2015: Skular og inntaksområde for ungdomstrinna (8. -10. klasse)

9.1.4 Elevgrunnlag og klassar

Barneskular				
Skulekrins	Klassar	Elevtal 2015	Klassar 2028	Elevtal 2028
Halsnøy skule	8	180	7	142
Brekke skule	1	5	1	3
Sunde skule	7	119	7	107
Undarheim skule	13	230	14	219
Skarveland skule	3	51	3	51
Valen skule	7	112	7	96
Bringedalsbygda skule	4	68	4	53
Uskedalen skule	7	113	4	79
Omvikdalen skule	5	81	7	91
Malmanger skule	7	131	7	104
Mauranger skule	2	21	2	20
Trå skule	1	10	1	3
SUM	65	1121	64	969
Ungdomsskular				
Skulekrins	Klassar	Elevtal 2015	Klassar 2028	Elevtal 2028
Husnes ungdomsskule	11	259	9	210
Rosendal ungdomsskule	6	152	6	108
Øyatun skule	4	92	3	61
SUM	21	503	18	380
Kombinerte skular				
Skulekrins	Klassar	Elevtal 2015	Klassar 2028	Elevtal 2028
Hatlestrand skule	6	90	4	56
Åkra skule	3	30	2	8
SUM	9	120	6	64
Totalt	95	1 744	88	1 412

9.1.5 Skuleskyss og trafikktryggleik

Skuleskyss

Av dei tre alternative krinsstrukturane som er vurderte i denne planen er 0-alternativet/bygdealternativet det som samla sett gir minst behov for skuleskyss. Alle skular som har tilstrekkeleg elevgrunnlag vert vidareført, og med det er det fleire elevar som har kort skuleveg enn i dei alternativa der skulekrinsar vert slegne saman. Dette gir lågare skysskostnader.

Opplæringslova slår fast at elevar i 2. – 10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinnet er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda. Tabellen under viser lengda på lengste reiseveg til dei einskilde skulane.

Skule	Max reiselengd
Brekke barneskule	4 km (Aksdal)
Bringedalsbygda barneskule	4 km (Raudstein)
Halsnøy barneskule	14 km (Sydnes)
Hatlestrand barne-/ungdomsskule	20 km (Stussvik)
Husnes ungdomsskule	20 km (Holmedal)
Malmanger barneskule	13 km (Svoldal)
Mauranger barneskule	11 km (Nordrepollen)
Omvikdalen barneskule	22 km (Sunde i Matre)
Rosendal ungdomsskule	38 km (Nordrepollen)
Skarveland barneskule	9 km (Holmedal)
Sunde barneskule	3 km (Rørvik)
Trå barneskule	12 km (Øyarhamn)
Undarheim barneskule	6 km (Langgot)
Uskedalen barneskule	9 km (Friheim)
Valen barneskule	4 km (Handeland)
Øyatun ungdomsskule	11 km (Sydnes)
Åkra barne-/ungdomsskule	11 km (Baugstø)

Tabellen under syner kor mange som får skuleskyss til den einskilde skulen, og kor mange av dei som får skyss grunna trafikkfarleg skuleveg. Tala er henta frå skulane sin GSI statistikk av 01.10.14

Skule	Det samla talet elevar som har skyss (2014-2015)	Talet på dei som får skyss på grunnlag av trafikkfarleg skuleveg.
Brekke skule	1	
Bringedalsbygda skule	8	2
Halsnøy skule	126	
Hatlestrand skule	50	7
Husnes ungdomsskule	128	
Malmanger skule	33	3
Mauranger skule	14	
Omvikdalen skule	24	9
Rosendal ungdomsskule	92	
Skarveland skule	18	
Sunde skule	18	
Trå skule	7	5
Undarheim skule	10	
Uskedalen skule	15	
Valen skule	18	
Øyatun skule	30	
Åkra skule	9	
Elevar til Odda	2	
Sum	601	26

I 2014-15 er det 601 elevar som har krav på skuleskyss, dette utgjør 34,4 % av det samla elevtalet. Av desse er det 26 elevar som har kortare veg enn 2 km (1. klasse) og 4 km (2. – 7. klasse), og som får skyss grunna trafikkfaren.

Trafikktryggleik

0-alternativet/bygdealternativet er det av dei tre alternativa som har størst del elevar som må gå eller sykla til skulen. Tryggleiken for mjuke trafikantar langs vegane er såleis ekstra viktig. Hovudvegane vil i noko større grad enn for dei andre alternativa nyttast av gåande og syklande, medan busstoppa vil ha noko mindre bruk enn økonomi- og pedagogikkalternativa.

Alle skulerelaterte tiltak i trafikksikringsplanen er aktuelle og bør gjennomførast. To av tiltaka er knytt direkte til skuleanlegga i Mauranger og Malmanger. I tillegg skildrar rektorane ved Husnes ungdomsskule og barneskulane Uskedalen, Undarheim og Sunde trafikkfarlege tilhøve ved av-/påstiging når foreldre sjølv skyssar med privatbil.

9.1.6 Elevane si læring og utvikling

I 0-alternativet/bygdealternativet er det stor variasjon mellom dei ulike skulane i elevtal, antal elevar i klassen og lærartettleik. På dei største skulane er den administrative ressursen størst og på nokre av dei små skulane er det ein rektor med undervisningsplikt i leiinga.

Læringsresultat dei siste åra syner ikkje at små skular gjev betre læringsutbytte enn store skular. Gruppestorleiken er i seg sjølv ikkje avgjerande for læringsresultata. Grunnskulepoeng i Kvinnherad syner ikkje at den desentraliserte skulestrukturen med små læringsgrupper påverkar læringsresultata i positiv lei.

Tabellen under er henta frå Skoleporten , og syner Årsverk for undervisningspersonale i kommunen.

Indikator og nøkkeltall	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15
Årsverk for undervisningspersonale	204,7	206,0	187,2	183,2	180,8
Antall elever per årsverk til undervisning	10,5	10,2	11,0	11,1	11,0
Antall assistentårsverk i undervisningen	32	36	33	32	28
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen	57,6	50,5	53,7	54,6	62,7
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	15,8	17,6	17,7	17,5	15,4
Lærertetthet 1.-7. trinn	10,9	10,8	11,6	11,6	11,7
Lærertetthet 8.-10. trinn	12,5	11,8	12,9	13,5	13,0
Lærertetthet i ordinær undervisning	13,8	13,2	14,5	14,6	14,7
Andel årstimer til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	95,4	91,6	97,0	98,4	97,2
Lærertimer som gis til undervisning	126 657	127 848	114 772	112 096	112 160
Undervisningstimer totalt per elev	68	70	65	64	64

Kvinnherad kommune skoleeier, Grunnskole, Undervisningspersonell, 2010-2015

Tabellen under er henta frå Skoleporten, og syner driftsutgifter per elev dei siste åra.

Indikator og nøkkeltall	2009	2010	2011	2012	2013
Driftsutgifter per elev	101 669	106 288	112 668	114 660	119 962
Lønnsutgifter per elev	83 955	89 218	93 890	97 239	99 182
Prosentandel lønnsutgifter av totale utgifter	84,8	86,5	84,6	87,2	85,6
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	1 241	1 870	1 096	1 456	2 368
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	1 574	1 633	1 505	1 676	1 410

Kvinnherad kommune skoleeier, Grunnskole, Økonomi, 2009-2013

Tabellen under syner grunnskulepoenga til Kvinnherad kommune. Det er her samanlikna resultat med små og store nabokommunar.

Indikator og nøkkeltall	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14
Kvinnherad kommune skoleeier - Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	39,0	40,0	38,3	40,3	39,2
Bergen kommune - Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	41,1	40,9	41,0	40,7	41,5
Bømlo kommune - Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	38,4	38,3	39,9	38,4	39,5
Etne kommune - Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	39,0	39,9	39,0	40,1	38,9
Fitjar kommune - Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	40,7	39,5	42,9	43,1	39,3
Fusa kommune - Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	43,5	42,0	40,9	41,8	38,6
Jondal kommune - Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	39,8	41,2	39,3	41,4	40,5
Kvam kommune - Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	39,0	42,2	37,4	40,4	40,3
Odda kommune - Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	39,3	39,0	39,6	40,2	41,0
Os (Hord.) kommune - Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	40,7	39,5	40,3	39,0	40,2
Stord kommune - Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	39,6	38,5	39,6	40,0	38,7
Sveio kommune - Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	39,4	41,4	41,5	38,5	40,9
Tysnes kommune - Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	38,7	38,3	41,0	38,3	39,4
Voss kommune - Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	40,5	39,7	40,2	40,3	39,7

Kommuner i Hordaland fylke, Grunnskole, Grunnskulepoeng, 2009-2014

Forklaring til tabellen over: «Grunnskulepoeng er beregnet som summen av elevenes avsluttende karakterer, delt på antall karakterer og ganget med 10.»

I 0-alternativet/bygdealternativet vert klassesdelingstalet vidareført. I praksis vil dette seia at ein vidarefører eit skuletilbod som er svært ulikt i frå bygd til bygd. Dette gjeld til dømes variasjon i klassesstorleik. Born på dei små skulane i kommunen har større lærartettleik og færre elevar i klassen enn born på store skular.

Reglar for ressursar til klassesdeling.

Under er ein tabell som syner kor mykje ressursar skulane skal ha til å dela elevar i grupper/klassar.

Ressursar til klassesdeling ved fulldelte skular	Ressursar til klassesdeling ved fådelte skular
Barnetrinnet : Meir enn 28 elevar	To trinn saman: Meir enn 24 elevar Tre trinn saman: Meir enn 18 elevar Fire trinn saman: Meir enn 12 elevar
Ungdomstrinnet: Meir enn 30 elevar	

Opplæringslova §9-3, (kap 4.1.1)slår fast at skulane skal ha tilgang til nødvendig utstyr, inventar og læremidlar. Med 0-alternativet/bygdealternativet og ein desentralisert skulestruktur, vil det noverande nivået fortsetja om ein ikkje tilfører mykje ekstra ressursar til skulane.

Nokre skulefag er meir avhengige av læremidlar og utstyr og spesialrom for å nå kompetansemåla enn andre. Det er ulikt frå skule til skule i kommunen kva ein har av utstyr og spesialrom.

Kompetansekrevet til lærarane er regulert i Opplæringslova § 10 – 1, og i Forskrifter til lova. I forslag til nye kompetansekrev frå regjeringa, som er varsla, er krava til kompetanse heva og vil setja store krav til etter- og vidareutdanning for lærarar. Desse krava er i liten grad tilpassa desentraliserte strukturar. På små skular med få lærarar vert det mest umogeleg å innfri dei føreslegne krava til kompetanse. Skulen må ha lærarar med fagkompetanse i alle fag, ikkje berre basisfaga, men også kunstfaga.

Skulen si oppgåve er i like stor grad å gi elevane god sosial trening og kompetanse som å læra dei å lesa og skriva (Kap 4.1). Dei skal få øva seg på å bli den beste utgåva av seg sjølv. Dei må få trening i å gje plass til andre samstundes som dei også kan hevda seg sjølv. Born treng å vera saman med andre born for å få denne treninga. Dei treng ulike vaksne som gode rollemodellar. Dei treng barn og vaksne av begge kjønn og dei treng eit visst omfang å velja i. Kva som er tilstrekkelig tal barn og vaksne for at elevane skal ha nok vener og nok vaksne rollemodellar, vil det vera ulik oppfatning om, og behova kan nok også variera frå person til person. For gutar er det eit poeng at det er nok mannlege lærarar i skulen. Skulane blir meir sårbare på desse områda viss dei blir for små. På dette området kan 0-alternativet/bygdealternativet ha ei stor utfordring.

Det er viktig at det ikkje er fleire elevar i gruppa enn at læraren kan sjå alle. Læraren må kvar dag snakka med kvar einskild og elevane må kjenna at læraren vil dei vel og føl dei opp. Med 0-alternativet/bygdealternativet vil mange av elevane i Kvinnherad gå i små klassar der dei kan få mykje hjelp og støtte frå lærarane. Elevane trivest og lærer i gode læringsmiljø der dei opplever gode relasjonar til andre elevar og til lærarane sine. Stor grad av kontakt kan føra til gode relasjonar. Dette kan vera ein positiv effekt med å velja dette alternativet.

Opplæringslova §. 9-1, (kap 4.1.1)slår fast at kvar grunnskule skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing. I og med at det er rektor som er ansvarleg for, og skal vera pådrivaren i det pedagogiske utviklingsarbeidet, er rektorrolla svært viktig for at elevane får ei god læring både fagleg og sosialt. I 0-alternativet/bygdealternativet er det lagt opp til å vidareføra den skulestrukturmodellen ein har i dag. Dei små skulane har låg leiarressurs og det er ein fare for at rektor ikkje får tid til å vera den pedagogiske leiaren som er viktig for å utvikla skulen og elevane sine

resultat. Det er ein svakhet med den skulestrukturen me har i dag, at det på dei små skulane berre er ein person i leinga. Det er mange oppgåver som skal utførast, og jobben med å vera pedagogisk leiar er den som ofte må takast til slutt etter at dei administrative, økonomiske og personalmessige oppgåvene er utførte.

9.1.7 Skulebygg og fysiske tilhøve

Etter 0-alternativet/bygdealternativet er det føresett at alle skulane skal drivast vidare som før. Som vist under kap 0 Tilstand skulebygg, har alle skulane nok areal ut frå dagens elevtal og prognosane framover. Det er difor ikkje trong for utvidingar/påbygg ut frå føresetnadene i denne planen.

Tilstanden til skulebygga er varierende både når det gjeld vedlikehald, innemiljø og funksjonalitet. Ut frå kartlegging av bygningsmassen vist i rapport frå Multikonsult er det avdekka eit vedlikehalds/oppgraderingsbehov på ca 130 mill. kroner fordelt over dei næraste ti åra. Vi kan gå ut frå at ein del av dette kjem inn under det ordinære vedlikehaldet slik at behovet for oppgradering vil utgjera ei årleg investering på ca 10 mill kroner årleg i 10 år framover. Jfr. kapt. 4. Dette er nødvendig dersom ein skal ha som mål at alle skulane skal ha ein tilstandsgrad (TG) på 1 Tilfredsstillande. Dette gjev ikkje rom for større ombyggingar, noko som kan vera ønskjeleg for å oppnå meir funksjonelle løysingar. Det betyr at, etter 0-alternativet/bygdealternativet, må skulane drivast omtrent slik som i dag der undervisninga må tilpassast dei fysiske tilhøva ein har. Dette kan igjen gå ut over den pedagogiske kvaliteten.

Sjølv om skulebygga ikkje blir oppgraderte i høve til funksjon, vil vedlikehaldsstandarden bli betre og krav til innemiljø/miljø skal tilfredsstillast forskrift til miljøretta helsevern. Det same gjeld tilhøve til HMT som branntryggleik mm.

Investeringar knytt til 0-alternativet/bygdealternativet:

Skule	Rehabilitering	Nybygg	Samla inv	Kapitalkost pr. år
Brekke skule	3 300 000	0	3 300 000	120 634
Bringedalsbygda oppvekstsenter	15 200 000	0	15 200 000	555 647
Halsnøy skule	0	0	0	0
Hatlestrand oppvekstsenter	20 300 000	0	20 300 000	742 082
Husnes ungdomsskule	3 700 000	0	3 700 000	135 256
Malmanger oppvekstsenter	2 000 000	0	2 000 000	73 111
Mauranger oppvekstsenter	5 600 000	0	5 600 000	204 712
Omvikdalen oppvekstsenter	7 700 000	0	7 700 000	281 479
Rosendal ungdomsskule	4 300 000	0	4 300 000	157 190
Skarveland skule	8 700 000	0	8 700 000	318 035
Sunde oppvekstsenter	7 000 000	0	7 000 000	255 890
Trå oppvekstsenter	4 700 000	0	4 700 000	171 812
Undarheim skule	29 800 000	0	29 800 000	1 089 361
Uskedalen oppvekstsenter	900 000	0	900 000	32 900
Valen oppvekstsenter	7 100 000	0	7 100 000	259 546

Skule	Rehabilitering	Nybygg	Samla inv	Kapitalkost pr. år
Øyatun ungdomsskule	6 900 000	0	6 900 000	252 235
Åkra oppvekstsenter	2 100 000	0	2 100 000	76 767
Samla	129 300 000	0	129 300 000	4 726 657

Byggrelaterte årskostnader knytt til 0-alternativet/bygdealternativet

Skule	Areal	FDV- kostnad pr. m ² *	FDV- kostnad pr. år	Kapital- kostnad	Årskostnad
Brekke skule	346	870	301 020	120 634	421 654
Bringedalsbygda oppvekstsenter	1638	870	1 425 060	555 647	1 980 707
Halsnøy skule	3600	870	3 132 000	0	3 132 000
Hatlestrand oppvekstsenter	4262	870	3 707 940	742 082	4 450 022
Husnes ungdomsskule	3800	870	3 306 000	135 256	3 441 256
Malmanger oppvekstsenter	1724	870	1 499 880	73 111	1 572 991
Mauranger oppvekstsenter	853	870	742 110	204 712	946 822
Omvikdalen oppvekstsenter	1800	870	1 566 000	281 479	1 847 479
Rosendal ungdomsskule	3692	870	3 212 040	157 190	3 369 230
Skarveland skule	1120	870	974 400	318 035	1 292 435
Sunde oppvekstsenter	1937	870	1 685 190	255 890	1 941 080
Trå oppvekstsenter	587	870	510 690	171 812	682 502
Undarheim skule	5431	870	4 724 970	1 089 361	5 814 331
Uskedalen oppvekstsenter	2700	870	2 349 000	32 900	2 381 900
Valen oppvekstsenter	1884	870	1 639 080	259 546	1 898 626
Øyatun ungdomsskule	3200	870	2 784 000	252 235	3 036 235
Åkra oppvekstsenter	1164	870	1 012 680	76 767	1 089 447
Samla	39738	-	34 572 060	4 726 657	39 298 717

9.1.8 Arbeids- og skulemiljø

Alt tyder på at det psykososiale miljøet til barn og voksne er godt på skulane i Kvinnherad. (Kap 4.1.5) Når me hevdar dette, er det med utgangspunkt i trivselsvurderingar for tilsette og for elevane. Elevundersøkinga som skular er pålagde å ta, syner at det er lite plaging og mobbing og at borna i stor grad trivest. Det same syner trivselsvurderingane for dei tilsette. Kommunen har eit system for å arbeida med resultatane etter desse undersøkingane og verksemdene tek tak i dei områda dei kan utvikla seg på.

Arbeids- og skulemiljøa er gode i Kvinnherad og ei vidareføring av eksisterande struktur er ikkje noko trussel for arbeidsmiljøet. Det vil kanskje snarare bli ei omvelting og ein periode med overgang og

negative opplevingar for fleire elevar og arbeidstakarar om 0-alternativet/bygdealternativet ikkje vert valt.

9.1.9 SFO, leksehjelp, særskild norskopplæring, spesialundervisning

Ved vidareføring av skulestrukturen slik den er i dag, vil det bli SFO tilbod (kap 4.1.6) ved dei fleste skulane i kommunen. Dei fleste tilboda har ikkje nok påmelde til å ha ope i feriar og tidleg om morgonen, på denne måten er 0-alternativet/bygdealternativet eit lite tilfredsstillande alternativ for dei som har behov for SFO tilbod i feriar og om morgonen.

Ved vidareføring av ein desentralisert skulestruktur, vil dei elevane som har rett til særskild norskopplæring (kap 4.1.1) få dette lokalt. Dette gjeld som oftast ein eller få elevar, og det er som oftast økonomisk kostbart å driva dette tilbodet desentralisert. Pedagogkompetansen er også eit problem når tilbodet skal ytast på eit stort tal skular.

Dei elevane som ikkje har godt nok utbyte av den ordinære opplæringa, har rett til spesialundervisning etter Opplæringslova.(kap 4.1.1) Ein fordel med ein desentralisert skulestruktur er at det er ofte få elevar i klassen og elevane kan få ei god tilrettelegging slik at ein ikkje treng spesialundervisning. På den andre sida er det same effekten med spesialundervisning som med særskild norskopplæring, at det ofte er få elevar det gjeld og undervisninga blir økonomisk kostbar med undervisning av ein og ein elev utan å kunna samla elevane i grupper.

9.1.10 Politiske signal for skulen frametter

Eit tilbod om variert heildagsskule vil vera vanskeleg å gi til elevane på dei minste skulane. Viss elevane i framtida får ein rett til heildagsskule der kultur og fritidstilbod skal inn som ein del av skuletilbodet,(4.1.7) kan det bli stor variasjon frå skule til skula kor omfattande tilbodet blir.

Som før nemn vil «Lærarløftet» som er eit krav om høgare undervisningskompetanse for lærarane vera ei stor utfordring for dei minste skulane.

9.1.11 FN's konvensjon om barnets rettigheter

Når ein skal vurderer kva som er til det beste for barnet, (kap 4.1.8) og korleis 0-alternativet/bygdealternativet tek vare på barnet sine rettar og behov, er det fleire sider som må nemnast. Av det negative må ein særleg sjå på skuleskyssen. Det vil vera naturleg å tenkja at skuleskyss som tek lengre tid enn det ville ta å gå 2km eller 4km, ikkje er til det beste. I desse tilfella må ein vurderer dei negative konsekvensane opp mot eventuelle positive sider med økonomialternativet. Dei aller fleste barn som får skuleskyss i økonomialternativet, får ei reisetid som er forsvarleg ut frå dei kriteriene som er sett opp.(kap 4.1.4)

På skulevegen har dei vaksne ikkje oversikt med borna. Busskjøring kan føra til plaging, mobbing og mistrivsel.

9.1.12 Bygdeperspektiv

Ein skule er primært ein lærestad, men den har også kulturelle og sosiale funksjonar utover tenestetilbodet som vert gitt. Bygg og anlegg vert gjerne nytta av lokale lag og organisasjonar til trening, møte, samkome og feiring av høgtidsdagar. Om skulen har god kontakt med lokalt næringsliv kan dette dyrka entreprenørskap hjå elevane. Ein ser også frå tid til annan at private verksemder engasjerer seg mot skulenedleggingar fordi dei meiner en nærmiljøskule gagnar deira interesser i høve til rekruttering av arbeidskraft. Kort veg til skule er ein faktor for tilflytting og utbygging av

bustader. I små bygder kan skulen vere eit av særst få offentlege tenestetilbod, og skulen vert kommunen sitt andlet i bygda. Uteskule, aktivitets dagar, ryddeaksjonar og liknande bidreg med aktivitet og liv i bygda. I små bygder vil skulen også vere ein viktig arbeidsplass.

Med eit desentralisert skuletilbod vil gjerne innbyggjarane kjenne sterkare tilknytning til nærskulen sin, noko som også utløyser ei sterkare dugnadsand og skapar tilhøyrslø og eigarkjensle. Ein kan seie at skulen er ein katalysator for aktivitet og har ein funksjon som lim i bygda. I små bygder der andre private og offentlege tenestetilbod har blitt lagt ned er dette særleg tydeleg. Skule og barnehage er gjerne det siste som er att når andre tilbod har vorte sentralisert.

Skulen sin verdi og funksjon for eit bygdesamfunn er vanskeleg å talfesta eller skildra med eksakte omgrep eller verdiar. Erfaring frå einskildsaker viser at innbyggjarane ofte legg stor vekt på nærmiljøskulen sin funksjon som samlande faktor, kulturberar og sosial samlingsplass. Deler av dette kan knytast direkte til prinsippet om barnet sitt beste (kort skuleveg, kjente omgjevnader og liknande), men argument om bygdeutvikling og generell samfunnsutvikling vert ofte trekt fram.

I 0-alternativet/bygdealternativet er det lagt avgjerande vekt på desse verdiane. Ein har likevel ikkje gått så langt at det vert føreslege å opna nedlagte skular eller bygge nye skular i bygder der det ikkje er skule frå før. Det er også sett ei grense for kor få elevar det bør vere før ein skule vert lagt ned; slik får også læring og sosialt utbyte for elevane eit slags minstemål.

9.1.13 Økonomi

Også ved å halde på skulestrukturen slik den er i dag vil ein få ein reduksjon i tal klassar. I 2014/2015 er det 95 klassar – i 2029/2030 vil det verte 88.

Utifrå dagens snitt på kostnader med klasser vil ein da ha spart kr. 14,2 mill (2015-kroner). Tabellen under syner denne utviklinga i innsparte undervisningskostnader.

Klassar	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30
Barneskulen i dag	65	64	64	65	63	63	61	61	60	60	60	61	61	62	62	62
Ungdomsskulen i dag	21	21	20	20	19	18	19	20	20	19	18	18	18	18	18	18
Kombinererte	9	9	8	8	8	8	8	8	8	7	8	8	8	8	8	8
Samla	95	94	92	93	90	89	88	89	88	86	86	87	87	88	88	88
Innsparing																
Barneskulen	74	1	2	1	3	3	5	5	6	7	6	5	5	4	4	4
Ungdomsskulen	21	0	1	1	2	3	2	1	1	2	3	3	3	3	3	3
Samla	0	1	3	2	5	6	7	6	7	9	9	8	8	7	7	7
Mill. kroner:																
Barneskulen	118,4	1,6	3,2	1,6	4,8	4,8	8,0	8,0	9,6	11,2	9,6	8,0	8,0	6,4	6,4	6,4
Ungdomsskulen	54,6	-	2,6	2,6	5,2	7,8	5,2	2,6	2,6	5,2	7,8	7,8	7,8	7,8	7,8	7,8
Samla		1,6	5,8	4,2	10,0	12,6	13,2	10,6	12,2	16,4	17,4	15,8	15,8	14,2	14,2	14,2

9.2 Konklusjon

I 0-alternativet/bygdealternativet vert den eksisterande skulestrukturen vidareført. Dette inneber eit desentralisert skuletilbod med 17 skular i Kvinnherad. I alternativet legg ein vekt på skulen sin betydning for bygdene og at det er til barn sitt beste å sleppa skuleskys.

Det er viktig å merka seg her at det allereie er mange elevar som har lang skuleskys i Kvinnherad og dette vil bli vidareført i 0-alternativet/bygdealternativet. Her kan nemnast ungdomsskuleelevane frå Mauranger som har 48 km veg. I tillegg er det smal vegbane og ein utsett vegstrekning når det gjeld rasfare. Ungdomsskuleelevane frå Utåker/Holmedal har også over 20 km kvar veg.

I 0-alternativet vert det ikkje lagt opp til nye skulebygg, og konsekvensane er at når elevtalet går ned, kjem kommunen til å måtte vedlikehalde og drifte eit større areal enn det som er naudsynt i høve elevtalet. Det er lagt opp til at alle bygg skal ha ei god drift og fungera teknisk på eit høgt nivå.

Med å vidareføra dei bygga me har, vil ein ha dei same utfordringane vidare i høve uteområde og trafikale utfordringar med henting og bringing av elevar med buss og bil.

Kvinnherad nyttar meir midlar enn det som ein får frå staten til å drive skulane i kommunen. Ved å vidareføra eksisterande skulestruktur må ein prioritera å fortsetja med å tilføra skulane desse ekstra midlane. Det er ei politisk avgjerd. I langtidsbudsjettet ligg det no ein reduksjon av skulebudsjettet med 4 millionar årleg i dei komande tre åra. Utan å endra skulestrukturen vil dette gje eit dårlegare skuletilbod til alle elevane i kommunen. Dette vil gå utover dei ressursane skulane skal ha til tidleg innsats og tilpassa opplæring. (sjå kap 4.1.1).

Så langt ein kan sjå, vil det samla elevtalet gå ned i Kvinnherad dei komande åra. Dette fører også til at det blir nokre færre klassar. Slik sett er det mogleg å gjera nokre nedskjæringar i budsjettet utan at kvaliteten går ytterlegare ned.

Det har blitt føreteke store nedskjæringar i talet på årsverk i skulen dei siste åra. Desse nedskjæringane har ført til eit magrare pedagogisk miljø på nokre skular. Det har også ført til mangel på læremidlar og –utstyr på skular. Det er vanskeleg å sjå for seg at denne utviklinga skal fortsetja utan at kvaliteten i undervisninga vert svekka.

Den desentraliserte skulestrukturen med lågt elevtal i klassane mange stader syner ikkje att i læringsresultata til elevane. Grunnskulepoenga til elevane i til dømes Bergen (ein kommune med store skular) synest å vera høgare.

0-alternativet/bygdealternativet har sine sterke sider, men det er økonomisk kostbart og denne strukturen har allereie teke dei nedskjæringane som er forsvarleg. Ved val av 0-alternativet/bygdealternativet må det leggjast inn økonomiske midlar til å heva eller halda drifta på det nivået som er no.

10. Økonomialternativet

10.1 Omtale

10.1.1 Skildring

I dette alternativet vert det teke utgangspunkt i at kommunen sine budsjett for drift og investeringar skal vere så låge som forsvarleg og det vert sett bort frå samfunnsøkonomiske vinstar/ulempar. I skildringa vert såleis krinsar, skuleanlegg og pedagogikk innretta for høg nytte i høve til inntekter og kostnader. Pedagogisk og sosialt utbyte for elevane tel med og gjeldande reglar eller normer for klassesdeling, timetal, skulestorleik o.l. vert lagt til grunn. Der reglane ikkje er absolutte kan det førekoma avvik om det er turvande for å få ei større heilskap til å hengja saman.

Stordriftsføremøner er ein føresetnad for økonomialternativet. Opplæringslova seier at det til vanleg ikkje bør skipast grunnskular med meir enn 450 elevar. Der det i denne planen er framlegg som avvik frå desse tala skuldast det lokale tilhøve som visar seg ved trekking av kringsgrenser; ekstra lang skuleskyss, uheldig deling av heile bygdelag o.l.

10.1.2 Framlegg til målsetting

Som målsetting for utarbeiding av økonomialternativet er dette lagt til grunn:

Kvinnherad skal ha eins struktur for grunnskular. Det vert tilstreba like gode og samanliknbare tilhøve skulane imellom m.o.t. leining, ped. ressursar, sosiale tilhøve, bygningar og fysiske omgjevnader.

Skulane i kommunen skal ha ha tilfredsstillande kvalitet i tilbodet. Lov og forskrifter skal følgjast.

10.1.3 Skulekrinsar

I økonomialternativet legg ein vekt på økonomisk drift innafor forsvarlege rammer. Skulekrinsane vert teikna etter grenser for eit elevtal som omfattar over 300 elevar. Det inneber 6 skular innafor kommunen sine grenser. Ein legg opp til mest mogleg fulle klassar med opp mot 28/30 elevar barnetrinn/ungdomstrinn. Namna på dei nye skulane er prosjektnamn som er nytta i utgreiingsfasen.

Barneskular:


Skulekrins	Omfang	Elevtal 2015	Elevtal 2028
Halsnøy barneskule	Halsnøy, Brekke(Fjelberg)	185	148
Englafjell barneskule	Undarheim, Skarveland, Valen og Sunde	514	474
Melderskin barneskule	Uskedalen, Åkra, Rosendal, Bringedalsbygda, Mauranger, Omvikdalen	413	347

Ungdomsskular

Skulekrins	Omfang	Elevtal 2015	Elevtal 2028
Husnes ungdomsskule	Øyatun og Husnes	329	275
Rosendal ungdomsskule	Rosendal u, Åkra, Bringedalsbygda	190	135

Kombinerte skular

Skulekrins	Omfang	Elevtal 2015	Elevtal 2028
Nordsida skulekrins	Hatlestrand, Trå og Ølve	101	53



Figur 7: Inntaksområde for barneskular (med raud farge øvst) og ungdomsskular (med blå farge nedst) i økonomialternativet

10.1.4 Elevgrunnlag og klassar

Elevtalet på Husnes U (utan elevar frå Bringedalsbygda men med Øyatun) vil utvikle seg slik:

Klassetrinn	2014/2015	2015/2016	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028	2028/2029	2029/2030
8.-10	Elever															
8.klasse	102	98	98	89	97	96	109	112	100	88	92	87	89	77	89	89
9.klasse	129	102	98	98	89	97	96	109	112	100	88	92	87	89	77	89
10.klasse	120	129	102	98	98	89	97	96	109	112	100	88	92	87	89	77
SUM	351	329	298	285	284	282	302	317	321	300	280	267	268	253	255	255
Klasser sammenslått	13	13	12	11	11	11	12	12	12	11	11	10	10	9	9	9
Klasser med 2 skular	15	15	14	14	13	12	13	14	14	13	12	12	12	12	12	12
Endring klassar	2	2	2	3	2	1	1	2	2	2	1	2	2	3	3	3

Rosendal Ungdomsskule (med elevar frå Bringedalsbygda og Åkra) vil få desse tala:

Klassetrinn	2014/2015	2015/2016	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028	2028/2029	2029/2030
8.-10	Elever															
8.klasse	48	63	63	66	55	61	52	68	63	49	52	46	46	39	50	50
9.klasse	47	48	63	63	66	55	61	52	68	63	49	52	46	46	39	50
10.klasse	57	47	48	63	63	66	55	61	52	68	63	49	52	46	46	39
SUM	152	158	174	192	184	182	168	181	183	180	164	147	144	131	135	139
Klasser	6	7	8	9	8	8	7	8	8	8	7	6	6	6	6	6
Klasser i u-skulen	19	20	20	20	19	19	19	20	20	19	18	16	16	15	15	15

Halsnøy barneskule vil ha slik utvikling i elevtal og klassetal:

Klassetrinn	2014/2015	2015/2016	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028	2028/2029	2029/2030
1.-7.	Elever															
1.klasse	28	23	21	23	20	21	19	21	21	21	21	21	21	21	21	21
2.klasse	24	28	23	21	23	20	21	19	21	21	21	21	21	21	21	21
3.klasse	23	24	28	23	21	23	20	21	19	21	21	21	21	21	21	21
4.klasse	20	23	24	28	23	21	23	20	21	19	21	21	21	21	21	21
5.klasse	22	20	23	24	28	23	21	23	20	21	19	21	21	21	21	21
6.klasse	32	22	20	23	24	28	23	21	23	20	21	19	21	21	21	21
7.klasse	35	32	22	20	23	24	28	23	21	23	20	21	19	21	21	21
SUM	184	172	161	162	162	160	155	148	146	147	145	146	146	148	148	148
Klasser	9	8	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7

Allereie i 2016 vil det altså vera 2 klasser mindre enn i dag.

For den samanslåtte «Englafjell barneskule» vil tala bli:

Klassetrinn	2014/2015	2015/2016	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028	2028/2029	2029/2030
1.-7.	Elever															
1.klasse	87	77	62	74	70	65	58	68	68	68	68	68	68	68	68	68
2.klasse	84	87	77	62	74	70	65	58	68	68	68	68	68	68	68	68
3.klasse	70	84	87	77	62	74	70	65	58	68	68	68	68	68	68	68
4.klasse	78	70	84	87	77	62	74	70	65	58	68	68	68	68	68	68
5.klasse	73	78	70	84	87	77	62	74	70	65	58	68	68	68	68	68
6.klasse	59	73	78	70	84	87	77	62	74	70	65	58	68	68	68	68
7.klasse	63	59	73	78	70	84	87	77	62	74	70	65	58	68	68	68
SUM	514	528	531	532	524	519	493	474	464	470	464	461	464	474	474	474
Klasser sammenslått	22	22	22	22	22	22	22	21	21	21	21	21	21	21	21	21
Klasser med 4 skular	35	35	35	36	35	35	34	34	34	34	34	35	35	36	36	36
Innsparing klassar	13	13	13	14	13	13	12	13	13	13	13	14	14	15	15	15

For den samanslåtte «Melderskin barneskule» vil tala bli:

Klassetrinn	2014/2015	2015/2016	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028	2028/2029	2029/2030
1.-7.	Elever															
1.klasse	57	63	59	48	48	48	31	50	50	50	50	50	50	50	50	50
2.klasse	62	57	63	59	48	48	48	31	50	50	50	50	50	50	50	50
3.klasse	54	62	57	63	59	48	48	48	31	50	50	50	50	50	50	50
4.klasse	52	54	62	57	63	59	48	48	48	31	50	50	50	50	50	50
5.klasse	76	52	54	62	57	63	59	48	48	48	31	50	50	50	50	50
6.klasse	56	76	52	54	62	57	63	59	48	48	48	31	50	50	50	50
7.klasse	56	56	76	52	54	62	57	63	59	48	48	48	31	50	50	50
SUM	413	420	423	395	391	385	354	347	333	324	325	327	328	347	347	347
Klasser sammenslått	17	18	19	18	18	18	17	16	15	14	14	14	14	14	14	14
Klasser med 4 skular	25	25	26	26	25	25	24	24	23	23	23	23	23	23	23	23
Innsparing klassar	8	7	7	8	7	7	7	8	8	9	9	9	9	9	9	9

For «Nordsida skulekrins» vert tala slik:

Elever	2014/2015	2015/2016	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028	2028/2029	2029/2030
1-10	Elever															
1.klasse	5	0	5	4	4	7	5	4	4	4	4	4	4	4	4	4
2.klasse	10	5	0	5	4	4	7	5	4	4	4	4	4	4	4	4
3.klasse	5	10	5	0	5	4	4	7	5	4	4	4	4	4	4	4
4.klasse	9	5	10	5	0	5	4	4	7	5	4	4	4	4	4	4
5.klasse	9	7	5	10	5	0	5	4	4	7	5	4	4	4	4	4
6.klasse	5	9	7	5	10	5	0	5	4	4	7	5	4	4	4	4
7.klasse	10	5	9	7	5	10	5	0	5	4	4	7	5	4	4	4
8.klasse	21	10	7	13	15	8	17	6	6	5	11	7	13	9	7	7
9.klasse	13	21	10	7	13	15	8	17	6	6	5	11	7	13	9	7
10.klasse	14	13	21	10	7	13	15	8	17	6	6	5	11	7	13	9
SUM	101	85	79	66	68	71	70	60	62	49	54	55	61	58	58	53
Fådeltskule med klasser:	6	6	5	5	5	5	5	5	5	4	5	5	5	5	5	5

10.1.5 Skuleskyss og trafikktryggleik

Økonomialternativet inneber få skular i kommunen, og mange born får lang skuleveg. Denne strukturen vil først og fremst bli ei ulempe for dei yngste elevane frå utkantskulane, slik som; Åkra, Trå, Mauranger og Brekke skular.

Utgiftene til skuleskyss vil auka med dette alternativet, men det blir færre som får skuleskyss grunna trafikkfarleg veg.

Kapittel 4.1.4 i denne planen omhandlar alt som regulerer skuleskyss. Opplæringslova § 7-1 regulerer skyss og innlosjering for elevar i grunnskolen. Det går ikkje fram av lova korleis skuleskyssen skal organiserast. Heller ikkje lova sine forarbeid inneheld konkrete vurderingar om forsvarleg reisetid. I Ot. prp. nr. 46 (1997–1998) s. 85 heter det likevel:

”Departementet understrekar at skuleskyss må organiserast slik at elevar får ei akseptabel reisetid. Særleg er det viktig å organisere skyssen for 6-åringane slik at reisetida blir så kort som mogleg. I vurderinga av akseptabel reisetid må gangtid og tid med transportmiddel sjåast i samanheng.”

I kapittel 4.1.4, er det gjort ei vurdering av kva som er akseptabel reisetid for elevar i ulike klassar. Desse vurderingane er slik:

- Gåtid 2 km = 45 minutt (1. årstrinn)
- Gåtid 4 km = 70 min (2. – 7. årstrinn)
- Gåtid 4 km = 60 min (8. – 10. årstrinn)

For skuleskyss med buss vert det her rekna gjennomsnittleg fart på 40 km/t. Mange elevar har eit stykke å gå til busshaldeplass og ein del elevar må skifte transportmiddel undervegs. Dette kjem i tillegg til tida på bussen, men det er ikkje rekna på desse faktorane i denne planen.

Akseptabel/forsvarleg reiseavstand med buss vert såleis slik:

- 1. årstrinn: Inntil 30 km.
- 2. – 10. årstrinn: Inntil 47 km.

I tabellane under er det oppgitt reiseavstandar for økonomialternativet sett i høve til dagens skulestruktur. Då det ikkje er teke stilling til lokalisering av Melderskin og Englafjell skular er det satt maks.avstand ut frå den plasseringa på strekkja Uskedalen – Rosendal som vil gje lengst reiseavstand.

Strekning	Min	Max
Melderskin - Åkra	25 km (Baugstø – Omvikdalen)	45 km (Vågsneset – Uskedalen)
Melderskin - Bringedalsbygda	3 km (Lia - Uskedalen)	21 km (Raudstein – Malmanger)
Melderskin - Uskedalen	0 km (Uskedalen – Uskedalen)	22 km (Friheim – Malmanger)
Melderskin - Omvikdalen	0 km (Omvikdalen - Omvikdalen)	30 km (Sunde i Matre – Uskedalen)
Melderskin - Malmanger	0 km (Malmanger – Malmanger)	25 km (Svoldal – Uskedalen)
Melderskin - Mauranger	17 km (Ænes – Malmanger)	50 km (Nordrepollen – Uskedalen)

Strekning	Min	Max
Englafjell - Skarveland	10 km (Undarheim – Sandvoll)	20 km (Tveit – Undarheim)
Englafjell - Valen	4 km (Undarheim – Porsvik)	10 km (Undarheim - Handeland)
Englafjell - Sunde	3 km (Undarheim – Pollen)	7 km (Undarheim – Rørvik)

Strekning	Min	Max
Halsnøy - Fjelberg	17 km (Fjelberg)	23 km (Aksdal)

Strekning	Min	Max
Husnes u. – Halsnøy/Fjelberg	8 km (Tofte)	27 km (Aksdal)

Strekning	Min	Max
Rosendal u. – Bringedalsbygda	16 km (Lio)	22 km (Raudstein)
Rosendal u. – Åkra	30 km (Baugstø)	42 km (Vågsneset)

Strekning	Min	Max
Nordsida - Trå	5 km (Varaldsøy f.kai)	17 km (Øyarhamn)

Ut frå tabellen over ser vi at nokre elevar, og særleg dei yngste, vil få svært langs skuleveg. I tabellen er det sett opp antal kilometer for den strekninga som kan bli den lengste avstanden etter kor ein plasserer den nye skulen geografisk. Elevar frå Åkra, Fjelberg, Varaldsøy og Mauranger i dei yngste klassane vil med dette alternativet får ein omfattande og lang skuleveg som det i utgangspunktet kan vera vanskeleg å karakterisera som forsvarleg.

10.1.6 Elevane si læring og utvikling

I økonomialternativet legg ein opp til at det er mange elevar i klassane. Det fører til mindre vaksenkontakt for elevane om ein vel dette alternativet. Ein legg vidare opp til ein realistisk ressursbruk til tidleg innsats og tilpassa undervisning. At elevtalet i klassane aukar, kan få ulike utfall. Ein kan sjå for seg at barn som har hatt tilpassa opplæring med tett støtte frå lærar i ein liten klasse, kan koma til å ha behov for spesialundervisning fordi det blir vanskeligare for læraren å tilpasse undervisninga til eleven sitt behov. Det kan såleis tenkjast at det kan bli fleire elevar som treng spesialundervisning. På den andre sida syner ikkje tal frå den desentralisert organiseringa me har i dag at det er færre born som får spesialundervisning på små skular enn på dei største skulane.

Det er også slik at dei største skulane har større moglegheit for å setja saman grupper med elevar som har same utfordringar og som kan få hjelp i grupper.

Mange av elevane som går i små klassar i dag, vil oppleve det å koma i større klassar og få tilgang til fleire vener som ein positiv effekt. Årleg er det i Kvinnherad fleire foreldre som søker borna sine frå

små skular til større skular grunna magert sosialt miljø på nærskulen. På den andre sida kan ein sjå for seg at dei misser det kulturelle fundamentet i bygda si, og banda til heimplassen kan bli «tynnare». I små bygder har dei fastbuande eit eigarforhold til «skulen sin», og det at mange «bryr seg om» skulen kan opplevast av borna som positivt for identitet og læring.

I utgreiinga i kap 4.1.1 om kva som kan påverka elevane si læring og utvikling, kan me ikkje syna til dokumentasjon på at elevar lærer mindre på store skular enn på små, fordelen me store skular er at den samla kompetansen til lærarane blir større, og det kan ha noko å seia for elevane si læring. Det er også synt til at det kan vera ein fordel for born si sosiale utvikling å kunna velja vener og ha mange vaksne rollemodellar.

10.1.7 Skulebygg og fysiske tilhøve

Økonomialternativet betyr ein stor reduksjon i tal skular, og dei som vert førde vidare får eit monaleg større elevtal. Dette gjeld fyrst og fremst Englafjell og Melderskin. Nordsida vert ført vidare som før, og Brekke blir overført til Halsnøy.

I økonomialternativet føreset ein at mest mogeleg av eksisterande skulebygningssmasse blir brukt vidare med minimal ombygging.

Englafjell blir ein skule på vel 500 elevar i dag, og etter arealnormer for ny skule vil dette krevja eit bygg på ca 6000 m². Undarheim skule har eit bruttoareal på 5431 m² inkl gymsal og basseng, skulearealet er 3985 m². Bygget er relativt ufunksjonelt etter dagens krav, og ein må rekna større areal pr elev enn for nybygg (16 m²). For å kunna ta imot 500 elevar er det difor trong for eit tilbygg (paviljong) på ca 3000 m².

Melderskin blir ein skule på vel 400 elevar i dag, som etter arealnorma for ny skule krev eit bygg på ca 4800 m². Malmanger skule har eit skuleareal på 1986 m² og for å ta imot 400 elevar er det trong for nybygg på ca 3500 m². Tek ein utgangspunkt i Uskedalen skule som har noko mindre skuleareal vil trongen for nybygg vera ca 3700 m². Omvikdalen har vesentleg mindre areal med dårlegare standard, og det vil vera uøkonomisk å nytta denne bygningsmassen vidare i ein storskule.

Hatlestrand skule har kapasitet til å ta imot elevane frå Trå utan endringar. Det same gjeld for overføring av elevar frå Brekke til Halsnøy skule.

Husnes ungdomsskule med overføring av elevar frå Øyatun og elevar frå Bringedalsbygda til Rosendal, vil bli ein skule på ca 330 elevar. Skulen har i dag eit skuleareal på 3580 m² og det betyr at det er trong for tilbygg på ca 1200 m².

Rosendal ungdomsskule har kapasitet til å ta imot elevar frå Åkra skule og Bringedalsbygda skule utan endringar.

Ved dei skulane som treng tilbygg, i første rekkje Englafjell, Melderskin og Husnes ungdomsskule, bør ein prioritera arbeids- og kontorplasser for personalet, noko som er svært mangelfullt ved mange skular i dag. Det må og prioriterast spesialareal for fag som musikk, kunst og handverk, mat og helse, naturfag og valfag.

Uteareala må tilpassast eit større elevtal og gje rom for allsidig og variert fysisk aktivitet.

Investeringar etter økonomialternativet

Skule	Rehabilitering eksisterande bygg (tab 0-2 *)	Nybygg **)	Samla investering	Kapitalkostnad pr. år	Merknad
Halsnøy skule	0	0	0	0	
Englafjell skule	29 800 000	105 000 000	134 800 000	4 927 715	
Melderskin skule	2 000 000	122 500 000	124 500 000	4 551 191	
Nordsida b/u-skule	20 300 000	0	20 300 000	742 082	
Husnes u-skule	3 700 000	42 000 000	45 700 000	1 670 175	
Rosendal u-skule	*4 300 000	0	4 300 000	157 190	*basseng
Totalt	60 100 000	269 500 000	329 600 000	12 048 353	

*)Kostnader for rehabilitering er bassert på «multimapanalysen» utført av Multiconsult (Tabell 0-2 i rapport.

**) For nybygg er det lat til grunn ein byggekostnad på Kr 35 000 pr. kvadratmeter inkl mva.

Byggrelaterte årskostnader knytt til økonomialternativet

Skule	Areal	FDV-kostnad pr. m ² *)	FDV-kostnad pr. år	Kapital-kostnad pr år	Årskostnad	Merknad
Halsnøy skule	3600	870	3 132 000	0	3 132 000	
Englafjell skule	6985	870	6 076 950	4 927 715	11 004 665	
Melderskin skule	5486	870	4 772 820	4 551 191	9 324 011	
Nordsida skule	4262	870	3 707 940	742 082	4 450 022	
Husnes u-skule	5000	870	4 350 000	1 670 175	6 020 175	
Rosendal u-skule	3693	870	3 212 910	157 190	3 370 100	
Totalt	29026		25 252 620	12 048 353	37 300 973	

10.1.8 Arbeids- og skulemiljø

Både tilsette og elevar er omfatta av eigne lover som skal sikra dei eit godt psykososialt arbeidsmiljø. Økonomialternativet inneber at arbeidsplassane vert større og at det vert fleire å forhalda seg til for både små og store.

For elevane er det først og fremst dei uoversiktlege stadene dei oppheld som kan utfordra tryggleiken deira. Skulevegen er eit slikt uovesiktleg område der dei vaksne ikkje har oversikt med borna. Med auka skuleskyss i økonomialternativet samanlikna med 0 – alternativet, kan det vera ein fare for at det psykososiale miljøet til nokre born kan vera trua. Det er elles ikkje noko som syner at det er mindre mobbing og plaging på små enn på store skular.

Arbeidsmiljølova regulerer det psykososiale læringmiljøet til dei tilsette. Det er ingen ting som skulle tilseia at arbeidsmiljøet blir betre eller verre om fleire tilsette på same plass. Det kan vera eit problem for nokre det å skifta arbeidsplass. For dei dette gjeld er det viktig å leggja gode overgangsplanar og at dei tilsette har god informasjon i god tid slik at dei kan omstille seg. I kap 4.1.5 er dei ulike faktorane som påverkar elevar og tilsette sitt arbeids- og læringsmiljø omhandla

10.1.9 SFO, leksehjelp, særskild norskopplæring, spesialundervisning

Med økonomialternativet vil ein få færre SFO tilbod i kommunen. Dette vil føra til at det samla tilbodet vert betre. Fleire påmelde til feriar, morgon og ettermiddagar, vil gje utvida opningstider. På den andre sida kan det bli problematisk for dei som bur lengst frå skulen at elevane ikkje kan gå heim og ikkje har rett til skyss etter SFO. Resultatet kan bli at foreldre sjølve må henta borna etter SFO. I kap 4.1.6 er alt som regulerer SFO tilbod og leksehjelp omtala.

Leksehjelptilbodet er eit frivillig tilbod til elevane og alle skal ha ein reell moglegheit for å få denne hjelpa. Tilbodet må organiserast slik at dei som ynskjer det og har behov for denne hjelpa, får den.

Særskild norskopplæring, er ein rett framandspråklige born har, til å læra seg norsk. Dette er omhandla i kap 4.1.1 tidlegare i denne utgreiinga. Det er økonomisk, sosialt og pedagogisk bra å kunna samla fleire elevar saman om norskopplæringa. Med økonomialternativet vil ein kunna ha lærar med migrasjonspedagogikk som underviser i «Innføringsklassar» på kvar av skulane.

Spesialundervisning er ein rett barn har dersom ein ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbyte av den ordinære opplæringa. Læraren skal tilpasse opplæringa til dei elevane som er i klassen. Det blir sjølvsagt ei meir utfordrande oppgåve for læraren å tilpasse opplæringa til ulike elevar jo fleire det er som treng tilpassing av ulik slag. Fleire elevar med spesialundervisning kan bli ein negativ konsekvens av økonomialternativet. På den andre sida er det på store skular lettare å organisera grupper med elevar med like utfordringar som får hjelp /spesialundervisning saman. Elevane sin rett til spesialundervisning er omhandla i kap 4.1.1

10.1.10 Politiske signal for skulen framover

Det vil truleg gå mange år før heildagsskulen kap 4.1.7, vert realisert. Målsetjinga med tiltaket er mellom anna å sikra at alle born har tilnærma lik tilgang til fritidsaktivitetar, og at elevane skal vera ferdig med kultutilbod, fritidsaktivitetar og lekse når dei kjem heim frå skulen. Skulane må samarbeida med det frivillige kulturlivet om organisering av tilbodet. Om heildagsskulen vert realisert vil det truleg vera enklare å organisera dette på store skular, der lag og frivillige organisasjonar kan koma å tilby aktivitetar til eit stort tal elevar.

Om nye retningslinjer for kompetansekrav for lærarane går gjennom og blir realisert, vil det vera ein føresetnad at skulane har mange lærarar. Tanken om faglærarar vil nå heilt ned til byrjaropplæringa, og skulane treng faglærar på alle område. Det er usikkert om dette vil få politisk støtte, men skulle det bli vedteke, vil økonomialternativet kunna møte dette kravet.

10.1.11 FNs konvensjon om barnets rettigheter

Når ein skal vurdera kva som er til det beste for barnet sjå kap 4.1.8, og korleis økonomialternativet tek vare på barnet sine rettar og behov, er det fleire sider som må nemnast. Av det negative må ein særleg sjå på skuleskyssen. Det vil vera naturleg å tenkja at skuleskyss som tek lengre tid enn det ville ta å gå 2km eller 4km, ikkje er til det beste. I desse tilfella må ein vurdera desse negative konsekvensane opp mot eventuelle positive sider med økonomialternativet. Nokre av elevane som får skuleskyss i økonomialternativet, får ei reisetid som er lite forsvarleg ut frå dei kriteriene som er sett opp.

På skulevegen har dei vaksne ikkje oversikt med borna. Busskjøring kan føra til plaging, mobbing og mistrivsel.

10.1.12 Bygdeperspektiv

Med økonomialternativet kjem bygdeperspektivet ikkje så bra ut. Nokon meiner at livet i bygda er avhengig av at dei viktigaste funksjonane vert haldne oppe. For nokre av dei bygdene som misser skulen sin i økonomialternativet, kan det vera ei løysing at ein større barnehage vert lagt til bygda. Slik som barnehagane er organiserte no med små einingar, er dei dyre å driva for kommunen. Viss Bringedalsbygda skule eller Uskedalen skule vert lagt ned, kan det vera aktuelt å tenkja at ein organiserer store barnehagar i dei nedlagde skulebygga. I eit barneperspektiv, vil det vera viktig å ta vare på leikeområda/uteområda som er knytt til dei skulane som vert lagde ned. Barn treng ein stad i bygda si som dei kan møtast og leika saman, og det at det vert lagt til rette for fysisk aktivitet for dei i heimbygda er eit ansvar for kommunen.

Nokre av dei nedlagde skulane kan bli selde og nytta som bygdehus eller til næringsverksemd. Dette kan gje positive effektar for bygdene. Inntekter av slike sal er ikkje tekne med inn i dei økonomiske berekningane.

10.1.13 Økonomi

Innsparingspotensialet i undervisningskostnadar ved økonomialternativet vert vist i tabellen under.

Klassar	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30
Barneskulen i dag	65	64	64	65	63	63	61	61	60	60	60	61	61	62	62	62
Ungdomsskulen i dag	21	21	20	20	19	18	19	20	20	19	18	18	18	18	18	18
Kombinerte	9	8	7	7	7	7	7	7	7	6	7	7	7	7	7	7
Samla	95	93	91	92	89	88	87	88	87	85	85	86	86	87	87	87
Barneskulen samla	54	54	53	52	52	52	51	49	48	46	47	47	47	47	47	47
Ungdomsskulen	19	20	20	21	20	20	19	20	20	19	18	16	16	15	15	15
Samla	73	74	73	73	72	72	70	69	68	65	65	63	63	62	62	62
Innsparing klassar																
Barneskulen	20	18	18	20	18	18	17	19	19	20	20	21	21	22	22	22
Ungdomsskulen	2	1	0	-1	-1	-2	0	0	0	0	0	2	2	3	3	3
Samla	22	19	18	19	17	16	17	19	19	20	20	23	23	25	25	25
Mill. kroner:																
Barneskulen	32	28,8	28,8	32	28,8	28,8	27,2	30,4	30,4	32	32	33,6	33,6	35,2	35,2	35,2
Ungdomsskulen	5,2	2,6	-	-2,6	-2,6	-5,2	-	-	-	-	-	5,2	5,2	7,8	7,8	7,8
Samla		31,4	28,8	29,4	26,2	23,6	27,2	30,4	30,4	32	32	38,8	38,8	43	43	43

10.2 Konklusjon - Økonomialternativet

Økonomialternativet inneber at Kvinnherad kommune har 6 skular. Skulane varierer noko i storleik, og den største barneskulen som er planlagt i Husnes området, er større enn det som opplæringslova tilrår og undersøkingar syner er optimalt effektivt.

Skuleskyssen vil auka med dette alternativet, og dei yngste elevane som bur i bygdene lengst vekk frå sentrumsstroka vil få lang og vanskeleg skuleveg. Kostnadane med skuleskyss vil auka.

På den andre sida vil kommunen få langt færre skulebygg å vedlikehalde og drifte. Dette vil gje innsparingar. Dei skulebygga som vert vidareført må byggjast ut, og det vil bli ein stor kostnad for kommunen. I og med at det i dette alternativet ikkje er planlagt heilt nye bygg, men tilbygg av eksisterande skulebygg, vert funksjonaliteten dårlegare enn om ein hadde satsa på nye skular. Uteområda og trafikkområde til henting og levering av elevane vil bli tilpassa det arealet som er rundt eksisterande bygg, og kan såleis bli mindre funksjonelt enn med nybygg. Skulebygg og uteområde vil bli rehabiliterte og fullt ut i tråd med lovar og føreskrifter.

Med å samla elevane på 6 skular, vil ein få store innsparingar i form av klassetal. Økonomialternativet ville for heile kommunen gitt ei innsparing på 20 klassar i 2015/2016 noko som utgjer reduksjon av drift på 33 000 000 kr. Vidare framover vil det gje ei innsparing på 26 klassar i 2029/2030 noko som utgjer ei innsparing av drifta på kr. 44 600 000.

Økonomialternativet vil gje fleire pedagogar på kvar skule, og det vil bli fleire tilsette i leiargruppa. Det vil vera sekretær på kvar skule. Ved å samla fagkompetansen vil ein kunna ha avdelingsleiarar og IKT ansvarlege. Det vil vera fagkompetanse innafor dei praktisk estetiske faga. Det vil også vera lærarar med fordjupning i basisfaga.

11. Pedagogikkalternativet

11.1 Omtale

11.1.1 Skildring

I pedagogikkalternativet vert krinsar og skuleanlegg innretta for best mogleg pedagogisk og sosialt utbyte for elevane. I den grad det er mogleg er breitt aksepterte verdiar og standardar for gruppestorleik, skulestorleik og kvalitet nytta til å føreslå kringsrenser og anleggsutvikling. Sikker skuleveg og trygg skuleskyss tel med i dette biletet, det same gjer skulane sitt samspel med bygdesamfunna for det som gjeld elevane sin identitet og personlege utvikling. Omsynet til barnet sitt beste er ein viktig målestokk for framlegget. Det vert lagt stor vekt på kompetanse og kapasitet hjå det pedagogiske personalet og fleksibilitet for å kunne yta tidleg innsats for utsette elevgrupper.

Som målsetting for utarbeiding av pedagogikkalternativet er dette lagt til grunn:

Fagleg sterke elevar skal ha gode utviklingsmoglegheiter og utsette elevgrupper skal få tidleg hjelp. Det vert tilstreba like gode og samanliknbare tilhøve skulane imellom m.o.t. leing, pedagogiske ressursar, sosiale tilhøve, bygningar og fysiske omgjevnader. Det vil vere variasjonar i skulestorleik, men hovudregelen skal vere fulldelte skular med meir enn ein klasse/gruppe per trinn. Skulane skal ha rundt/opp mot 300 elevar.

11.1.2 Framlegg til målsetjing

- Skulen i Kvinnherad er kjenneteikna av god kvalitet på alle område. Skulen har personale med god kompetanse innafor alle fag.
- Skulane har minst to klassar på kvart trinn. Lærarane har høve til samarbeid og utveksling av erfaringar.
- Dei fysiske tilhøva for elevar og tilsette er gode når det gjeld luft, lys og lyd. Inne- og uteområdet er fleksible og har god tilrettelegging. Skulebygga er fleksible, har nok arbeidsrom, spesialrom og grupperom. Dei er godt utstyrte med læremidlar.

11.1.3 Skulekrinsar

Pedagogikkalternativet inneber 9 skular for kommunen ; 6 barneskular, 2 ungdomsskular og ein kombinert skule. I tillegg vert det oppretthalde eit skuletilbod til elevane på 1. -4. trinnet ved Trå og Brekke skular som i dag. Elevtalet skal liggja rundt 23 elevar i klassane med to grupper på kvart trinn. Namna på dei nye skulane er prosjektnamn som er nytta i utgreiingsfasen.

Barneskular:


Skulekrins	Omfang	Elevtal 2014	Elevtal 2028
Halsnøy	Halsnøy og Brekke (5-7)	184	148
Vestsida	Undarheim og Bringedalsbygda	298	272
Sørsida	Skarveland, Valen og Sunde	283	254
Autsida	Uskedalen, Omvikdalen, Malmanger	322	273
Mauranger	Mauranger	21	20
Åkra	Åkra	16	7
Brekke (1-4)		5	4
Trå (1-4)		10	4

Ungdomsskular

Skulekrins	Omfang	Elevtal2015	Elevtal 2028
Husnes ungdomsskule	Halsnøy, Vestsida, Sørsida	351	276
Rosendal ungdomsskule	Austsida	166	111

Kombinerte skular

Skulekrins	Omfang	Elevtal 2015	Elevtal 2028
Nordsida skulekrins	Hatlestrand og Trå(5-10)	91	49



Figur 8: Inntaksområde for barneskular (med raud farge øvst) og ungdomsskular (med blå farge nedst) i pedagogikkalternativet.

11.1.4 Elevgrunnlag og klassar

11.1.4.1 Halsnøy barneskule vil ha slik utvikling i elevtal og klassetal:

Klasstrinn	2014/2015	2015/2016	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028	2028/2029	2029/2030
1.-7.	Elever															
1.klasse	28	23	21	23	20	21	19	21	21	21	21	21	21	21	21	21
2.klasse	24	28	23	21	23	20	21	19	21	21	21	21	21	21	21	21
3.klasse	23	24	28	23	21	23	20	21	19	21	21	21	21	21	21	21
4.klasse	20	23	24	28	23	21	23	20	21	19	21	21	21	21	21	21
5.klasse	22	20	23	24	28	23	21	23	20	21	19	21	21	21	21	21
6.klasse	32	22	20	23	24	28	23	21	23	20	21	19	21	21	21	21
7.klasse	35	32	22	20	23	24	28	23	21	23	20	21	19	21	21	21
SUM	184	172	161	162	162	160	155	148	146	147	145	146	146	148	148	148
Klasser	9	8	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7

11.1.4.2 Vestsida

Klasstrinn	2014/2015	2015/2016	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028	2028/2029	2029/2030
1.-7.	Elever															
1.klasse	53	45	44	38	35	42	29	39	39	39	39	39	39	39	39	39
2.klasse	49	53	45	44	38	35	42	29	39	39	39	39	39	39	39	39
3.klasse	41	49	53	45	44	38	35	42	29	39	39	39	39	39	39	39
4.klasse	42	41	49	53	45	44	38	35	42	29	39	39	39	39	39	39
5.klasse	37	42	41	49	53	45	44	38	35	42	29	39	39	39	39	39
6.klasse	37	37	42	41	49	53	45	44	38	35	42	29	39	39	39	39
7.klasse	39	37	37	42	41	49	53	45	44	38	35	42	29	39	39	39
SUM	298	304	311	312	305	306	286	272	266	261	261	265	262	272	272	272
Klasser sammenslått	14	14	14	14	14	14	14	14	14	14	14	14	14	14	14	14
Klasser med 2 skular	17	17	17	18	17	17	16	16	16	16	16	17	17	18	18	18
Innsparing klassar	3	3	3	4	3	3	2	2	2	2	2	3	3	4	4	4

11.1.4.3 Sørsida

Klasstrinn	2014/2015	2015/2016	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028	2028/2029	2029/2030
1.-7.	Elever															
1.klasse	47	40	28	44	42	29	35	36	36	36	36	36	36	36	36	36
2.klasse	46	47	40	28	44	42	29	35	36	36	36	36	36	36	36	36
3.klasse	41	46	47	40	28	44	42	29	35	36	36	36	36	36	36	36
4.klasse	41	41	46	47	40	28	44	42	29	35	36	36	36	36	36	36
5.klasse	46	41	41	46	47	40	28	44	42	29	35	36	36	36	36	36
6.klasse	29	46	41	41	46	47	40	28	44	42	29	35	36	36	36	36
7.klasse	33	29	46	41	41	46	47	40	28	44	42	29	35	36	36	36
SUM	283	290	289	287	288	276	265	254	251	259	251	246	253	254	254	254
Klasser sammenslått	14	14	13	13	13	13	13	13	13	14	14	14	14	14	14	14
Klasser med 5 skular	18	18	18	18	18	18	18	18	18	18	18	18	18	18	18	18
Innsparing klassar	4	4	5	5	5	5	5	5	5	4	4	4	4	4	4	4

11.1.4.4 Austsida

Klasstrinn	2014/2015	2015/2016	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028	2028/2029	2029/2030
1.-7.	Elever															
1.klasse	42	51	45	38	38	39	24	39	39	39	39	39	39	39	39	39
2.klasse	48	42	51	45	38	38	39	24	39	39	39	39	39	39	39	39
3.klasse	37	48	42	51	45	38	38	39	24	39	39	39	39	39	39	39
4.klasse	45	37	48	42	51	45	38	38	39	24	39	39	39	39	39	39
5.klasse	62	45	37	48	42	51	45	38	38	39	24	39	39	39	39	39
6.klasse	44	62	45	37	48	42	51	45	38	38	39	24	39	39	39	39
7.klasse	47	44	62	45	37	48	42	51	45	38	38	39	24	39	39	39
SUM	325	329	330	306	299	301	277	274	262	257	258	259	259	274	274	274
Klasser sammenslått	15	15	15	14	14	14	13	13	13	13	13	13	13	14	14	14
Klasser med 5 skular	21	21	22	22	21	21	20	20	19	19	19	19	19	19	19	19
Innsparing klassar	6	6	7	8	7	7	7	7	6	6	6	6	6	5	5	5

11.1.4.5 Nordsida

Klasstrinn	2014/2015	2015/2016	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028	2028/2029	2029/2030
1.-10.	Elever															
1.klasse	1	6	0	5	3	4	5	4	4	4	4	4	4	4	4	4
2.klasse	8	1	6	0	5	3	4	5	4	4	4	4	4	4	4	4
3.klasse	4	8	1	6	0	5	3	4	5	4	4	4	4	4	4	4
4.klasse	6	4	8	1	6	0	5	3	4	5	4	4	4	4	4	4
5.klasse	9	7	6	12	2	6	0	6	3	6	6	4	4	4	4	4
6.klasse	5	9	7	6	12	2	6	0	7	3	8	6	4	4	4	4
7.klasse	10	5	9	7	6	12	2	6	0	8	3	8	6	4	4	4
8.klasse	21	10	7	13	15	8	17	6	6	5	11	7	13	9	7	7
9.klasse	13	21	10	7	13	15	8	17	6	6	5	11	7	13	9	7
10.klasse	14	13	21	10	7	13	15	8	17	6	6	5	11	7	13	9
SUM	91	84	75	67	69	68	65	59	56	51	54	56	60	56	56	50
Klasser	6	6	5	5	5	5	5	5	5	4	4	4	4	4	4	4

11.1.5 Skuleskyss og trafikktryggleik

Opplæringslova §7-1, (sjå s.30) slår fast at elevar i 2.-10.trinnet som bur meir enn 4.km frå skulen har rett til gatis skyss. For elevar på 1. årstrinn er skyssgrensa 2 km. I dag har over 601 av 1745 elevar i kommunen skuleskyss til skulen. Nokre av desse har for kort avstand mellom heim og skule til å ha rett på skyss, dei får likevel skyss grunna særskilt trafikkfarleg veg. Dette er heimla i Opplæringslova § 13-4 (sjå s. 30) Ved denne type skyss betaler kommunen ikkje vanleg bussbilett, men kva skyssen eigentleg kostar. Dette er ei økonomisk dyr ordning.

Med pedagogikkalternativet vil fleire elevar ha rett til skuleskyss på grunn av lengre avstand til skulen,(§7-1) og færre som får skuleskyss med utgangspunkt i farleg skuleveg. (§13 – 4). Nokre elevar vil få tryggare skuleveg dersom dei får nærskule med meir enn 4 km avstand, som gir rett til gratis skuleskyss.

Opplæringslova § 7-1 (sjå kap 4.1.4) regulerer skyss og innlosjering for elevar i grunnskolen. Det går ikkje fram av lova korleis skuleskyssen skal organiserast. Heller ikkje lova sine forarbeid inneheld konkrete vurderingar om forsvarleg reisetid. I Ot. prp. nr. 46 (1997–1998) s. 85 heiter det likevel:

”Departementet understrekar at skuleskyss må organiserast slik at elevar får ei akseptabel reisetid. Særleg er det viktig å organisere skyssen for 6-åringane slik at reisetida blir så kort som mogleg. I vurderinga av akseptabel reisetid må gangtid og tid med transportmiddel sjåast i samanheng.”

Vurderinga av kor lang ventetid som kan akseptast, må såleis vere knytt til den totale lengda på reisetida.

I kapittel 4.1.4, er det gjort ei vurdering av kva som er akseptabel reisetid for elevar i ulike klassar. Desse vurderingane er slik:

- Gåtid 2 km = 45 minutt (1. årstrinn)
- Gåtid 4 km = 70 min (2. – 7. årstrinn)
- Gåtid 4 km = 60 min (8. – 10. årstrinn)

For skuleskyss med buss vert det her rekna gjennomsnittleg fart på 40 km/t. Mange elevar har eit stykke å gå til busshaldeplass og ein del elevar må skifte transportmiddel undervegs. Dette kjem i tillegg til tida på bussen, men det er ikkje rekna på desse faktorane i denne planen.

Akseptabel/forsvarleg reiseavstand med buss vert såleis slik:

- 1. årstrinn: Inntil 30 km.
- 2– 10. årstrinn: Inntil 47 km.

I tabellane under er det vist reiseavstandar for pedagogikkalternativet sett i høve til dagens skulestruktur. Sidan det ikkje er teke stilling til lokalisering av skulane for Austsida og Sørsida er det satt maksimalavstand ut frå den plasseringa på strekkjene høvesvis Uskedalen – Rosendal og Valen – Sunde som vil gje lengst reiseavstand.

Strekning	Min	Max
Austsida - Malmanger	-	25 km (Svoldal – Uskedalen)
Austsida - Uskedalen	-	22 km (Friheim – Malmanger)
Austsida - Omvikdalen	-	30 km (Sunde i Matre – Uskedalen)

Strekning	Max
Sørsida - Skarveland	19 km (Sunde – Tveit)
Sørsida – Valen	9 km (Sunde - Handeland)
Sørsida - Sunde	13 km (Skarveland – Rørvik)

Strekning	Min	Max
Vestsida - Bringedalsbygda	7 km (Undarheim – Raudstein)	12 km (Undarheim – Lio)

Strekning	Min	Max
Halsnøy – Fjelberg	17 km (Fjelberg)	23 km (Aksdal)

Strekning	Min	Max
Husnes u. – Halsnøy/Fjelberg	8 km (Tofte)	27 km (Aksdal)

Strekning	Min	Max
Rosendal u. – Åkra	30 km (Baugstø)	42 km (Vågsneset)

Pedagogikkalternativet inneber auka skuleskyss. Dette er ein negativ konsekvens med alternativet.

Pedagogikkalternativet har lagt til grunn at dei fleste born ikkje har lengre skyss enn 45 min på barnetrinnet og 60 min på ungdomstrinnet.

På Fjelberg-og Varaldsøy, bygder som har stor avstand til næraste skule, er dette med skuleskyss og skulesamanslåing problematisk. Skuleskyss med båt, slik som vil vera tilfelle både frå Fjelberg og Varaldsøy, er ei utfordring.

Det er ei grense for kor få elevar det kan vera på ein skule utan at kvaliteten i tilbodet vert redusert. Ulempene med skuleskyss bør vegast opp mot kvaliteten i tilbodet. Det kan vera ei belastning for føresette å senda dei minste borna på lang og utrygg skuleskyss med båt og bil. Det kan det også vera for borna. Ein lang skuleskyss der dei både er redde og bilsjuka, kan gje dei eit dårleg utgangspunkt for læring. Dette er element som er tekne med i vurderingane i pedagogikkalternativet. Dialog med foreldra på utkantskulane er viktig for å finna gode løysingar. Elevane i utkantane er i ei særstilling når det gjeld skyss i samband med skuletilbod og ein må finna gode lokale løysingar sjølv om dei avvik frå resten av strukturen i kommunen. Det vil seia at belastninga kan bli så stor at det synest fornuftig å halda opp eit skuletilbod for dei elevane på 1. – 4 trinnet, enten delvis eller heilt. Tilbodet kan samlokaliseras med eit barnehagetilbod og leiast av næraste skule.

I pedagogikkalternativet legg ein til grunn nye skulebygg. Ein vil då få kunna planleggja gode uteområde, parkeringsplasser og henteområde for elevane. Det er positivt for born å kunna gå til skulen. Det styrker den fysiske helsa deira. Det må opparbeidast gode, opplyste og sikre stiar og fortau slik at alle elevar som har høve til det, får gå eller sykla til skulen. Skulane skal ha gode og sikre plasser for henting og bringing av elevar, slik at dei elevane som går til skulen ikkje blir utsett for farlege situasjonar.

Buss-stopp og bussplassar ved skulane skal vera godt utforma slik at elevane er trygge i skuleskyssen. Parkeringsplass for dei tilsette skal opparbeidast på skjerma område. Område for sykkelparkering for elevar og tilsette skal prioriterast.

11.1.6 Elevane si læring og utvikling

Hovudoppgåva til skulen er å gje elevane god fagleg og sosial utvikling. Dette kan mellom anna målast på læringsresultat og på trivsel i skulen. Læreplanverket for Kunnskapsløftet (kap 3.3.6) dannar fundamentet for all læring i skulen. Kunnskapsløftet er sett saman av; 1. Læreplanar for fag 2. Den generelle delen og 3. Prinsipp for opplæringa.

Ein har ikkje dokumentasjon som syner at elevane lærer meir i små grupper enn i store. I Kvinnherad ser me heller ikkje noko teikn på at dei som går på små skular har betre faglege resultat enn dei som går på store skular. Når det gjeld trivsel, gjeld det same. Elevar på store skular trivst like bra som dei som går på små skular. Av og til ser me at det er elevar som går på store skular som trivst betre og har betre læringsresultat enn dei som går på små skular og andre gonger er det omvendt.

I pedagogikkalternativet legg me opp til barneskular med ein gjennomsnitt på 21 - 22 elevar i gruppa på barnetrinnet. Dette gjer me fordi det vil gje eit skuletilbod med lik lærardekning til alle elevane i kommunen. Slik det er no har me ved nokre skular klassar med få elevar og andre stader mest fulle klassar. I Pedagogikkalternativet blir det lagt opp til skular med to klassar på kvart årstrinn. Lærarane kan då undervisa i begge klassane og undervisa i sine fag på heile trinnet. Dette gir eit betre fagleg tilbod og lærarane har meir fagkompetanse i dei faga dei underviser i.

Opplæringslova §9-3, slår fast at skulane skal ha tilgang til nødvendig utstyr, inventar og læremidlar. Med ein desentralisert skulestruktur, har læremiddel og utstyr til skulane vore forsømt over fleire år. Lova seier ikkje noko om kva som er nødvendig utstyr, og her må ein bruka skjønn.

Pedagogikkalternativet vil gje elevane gode skular med godt og moderne utstyr. Datamaskiner og program, er viktige i skulen i dag. Dette vil bli ein del av framtida for borna som veks opp, og dei må læra seg å orientera seg i ei digital verd. Det vil bli lettare å oppretthalda pedagogisk kompetanse innafor IKT om kommunen har færre og større skular. Skulane skal ha IKT – koordinatarar med kompetanse og resursar til å gje både elevar og lærarar god hjelp og støtte.

For å driva ei god tilpassa undervisning for elevane, skal skulane ha eit rikt utval med materiell og utstyr for å variera og tilpassa undervisning. Undervisninga skal leggjast opp slik at elevane blir motiverte og engasjerte. Gutane som gruppe ser ut til å vera taparar i dagens skule. Gutane treng å få opplæringa tilpassa sine interesser. Bøker og utstyr som fenger gutar skal prioriterast.

Nokre skulefag er meir avhengige av læremidlar og utstyr for å nå kompetansemåla enn andre. Kroppsøving er eit fag som heile tida treng påfyll av utstyr. Musikkfaget er eit fag der elevane både skal komponera, musisera, dansa og lytta. For å nå måla i faget må lærarane som underviser, ha

fordjupning i faget. Det trengst og godt tilrettelagte lokale med rikt utstyr. Utstyret er økonomisk kostbart og med ein skulestruktur med mange skular har ikkje kommunen klart å halda godt nok utstyr på alle skulane. Dette utstyret skal vera på plass i ein skulestruktur der pedagogikkalternativet er fokus.

Naturfag er eit fag som har fått revidert kompetansemåla. Faget er blitt så omfattande at det er viktig med eigne naturfagrom og utstyr for å oppfylle kompetansemåla. Ved omorganisering av skulestrukturen i Kvinnherad må naturfaget styrkjast med utstyr slik at elevane får god praktisk opplæring.

Matematikk er eit fag som det har blitt sett stort fokus på sentralt. Det vert hevda at framtida våre er avhengig av at me får born som veks opp med interesse for- og kompetanse i matematikkfaget. Departementet satsar på etter- og vidareutdanning av lærarar i matematikk. Skulane i Kvinnherad treng mykje utstyr og læremidlar innan dette faget.

Pedagogikkalternativet tek høgde for å auka utstyr og læremidlane til skulane. Ved å halvera tal skular vil fleire elevar få tilgang til same utstyr. I Pedagogikkalternativet vil ein nytta ein del av dei innsparte midlane med færre klassar til å utstyra klassane med læremidlar og –bøker, og ein vil også nytta noko til å få på plass ressursar til styrking av undervisning og tidleg innsats /tilpassa opplæring.

Kompetansekravet til lærarane er regulert i Opplæringslova § 10 – 1, og i Forskrifter til lova. I forslag til nye kompetansekrav frå regjeringa, som er varsla, er krava til kompetanse heva og vil setja store krav til etter- og vidareutdanning for lærarar. Desse krava er i liten grad tilpassa desentraliserte strukturar. For små skular med få lærarar vert det vanskeleg å innfri krava til kompetanse.

Pedagogikkalternativet med opp mot 300 elevar på skulane bør ha mange nok vaksne til å oppfylle kompetansekrava.

Det er hevda frå fleire hald at regjeringa sine varsla endringar til kompetansekrav for undervisningspersonale er lite realistiske og nokre meiner at dei kanskje er eit dårleg tiltak for å auka læringa i skulen. Det at lærarane får samarbeida, læra av kvarandre og utveksla erfaringar, har synt seg å gje gode læringsresultat for elevane. Det er likevel viktig at det er så stort miljø på skulen at det er mange lærarar og nok kompetanse å dela. Skulen må ha lærarar med fagkompetanse i alle fag, ikkje berre basisifaga, men også kunstfaga. Dette mangfaldet blir ofte for fattig på små skular. Elevane sine læringsresultat er avhengig av at lærarane har god fagkompetanse. Lærarar med høg fagkompetanse har høge forventningar til elevane sine, dette er eit viktig kriterium for suksess.

Skulen si oppgåve er i like stor grad å gi elevane god sosial trening og kompetanse som å læra dei å lesa og skriva. Dei skal få øva seg på å bli den beste utgåva av seg sjølv. Dei må få trening i å gje plass til andre samstundes som dei også kan hevda seg sjølv. Born treng å vera saman med andre born for å få denne treninga. Dei treng mange vaksne som gode rollemodellar. Dei treng barn og vaksne av begge kjønn og dei treng eit visst omfang å velja i. I pedagogikkalternativet legg me til grunn av det i skulane er tilstrekkeleg barn og vaksne til at alle skal få høve til å velja vener og ha rollemodellar av eige kjønn. For gutar er det eit poeng at det er nok mannlege lærarar i skulen. Med å organisera skulane i større einingar, er det større sjanse for at det er mannlege tilsette.

Det vert hevda at barn lærer betre av kvarandre enn av dei vaksne. Det er viktig at læringsgruppene er store nok til at det vert eit eige «driv» i elevgruppa. Ved store elevgrupper vert mangfaldet større og elevane kan driva kvarandre på ein god måte.

Det er viktig at det ikkje er fleire elevar i gruppa enn at læraren kan sjå alle. Læraren må kvar dag snakka med kvar einskild og elevane må kjenna at læraren vil dei vel og følgjer dei opp. I pedagogikkalternativet har skuleleiarane i Kvinnherad vore med å definera ei gruppe på om lag 20- 23 elevar som ei bra gruppe for at læraren skal kunna sjå alle og for at det skal liggja godt til rette for læring og utvikling.

Elevane trivest og lærer i gode læringsmiljø der dei opplever gode relasjonar til andre elevar og til lærarane sine. Lærarar som er tydelege og har høge, realistiske forventningar til elevane sine får elevar som opplever meistring og trivsel. Reglane må vera kjende og det må vera høge forventningar til at dei vert følgde. I store klassar og skular må elevar læra seg å innretta seg etter fleire personar og eit større skulesamfunn sine reglar og system. Individet må oftare vika for at fellesskapet skal fungera. Dette er god læring og kompetanse når ein seinare skal ut i livet og møte store utdanningsstader og arbeidsplasser. For borna si sosiale læring vil pedagogikkalternativet vera eit godt utgangspunkt.

Opplæringslova §. 9-1, (kap 4.1.1) slår fast at kvar grunnskule skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing. I og med at det er rektor som er ansvarleg for, og skal vera pådrivaren i det pedagogiske utviklingsarbeidet, er rektorrolla svært viktig for at elevane får ei god læring både fagleg og sosialt. I pedagogikkalternativet er det lagt opp til skular med opp mot 300 elevar og det tilseier at det vert fleire personar i leiinga på skulane. Det er naturleg å tenkja at det i tillegg til vert avdelingsleiarar med pedagogisk- og personalansvar for kvart hovudtrinn. I tillegg skal det vera sekretær.

11.1.7 Skulebygg og fysiske tilhøve

Opplæringslova seier at kommunen skal sørja for tenlege skulebygg, og at det ikkje skal vera meir enn 450 elevar ved ein skule. I Pedagogikkalternativet legg me opp til ca 300 elevar ved skulane og vil ta høgde for at det i omgrepet: «tenlege skulebygg» ligg god kvalitet.

Pedagogikkalternativet fører til endring i eksisterande skulebygg. Kommunen har erfaring med dette frå Halsnøy skule. Hauge skule, Tofte skule og Sætre skule felles krinsgrenser og nytt skulebygg vart bygd ut på Sætre skule.

Fleire av dei eksisterande skulane i kommunen manglar universell utforming. Universell utforming inneber at personar med nedsett funksjonsevne får tilgang. (sjå kap 4.1.2) «Plan og bygningsloven» og «Diskriminerings og tilgjengelighetsloven» stadfestar dette. Med pedagogikkalternativet vil «Universell utforming» vera eit krav til skulebygga.

Skulane vil få ei fleksibel utforming der undervisningsromma kan varieras i storleik etter kor mange elevar som skal vera der. Arealet i klasseromma skal vera opp mot 2,5 m² pr elev. Desse normene er i følge «Veileidar til miljørettahelsevern» - §9 Innearealene. (kap 4.1.2) Grupperom til spesialundervisning og andre mindre grupper, kontor og arbeidsrom til lærarane vil vera tilpassa storleiken på personalgruppa og følgja arealnorm for veiledaren.

God utforming med fleire inngangar og gode garderobetilhøve for både born og vaksne er positivt for ro og orden i skulen. At det er lagerrom i nær tilknytning til undervisningslokala gjer at lærarane slepp å bruka tida si på å henting og bringa utstyr. Estetikk, orden og system skal vektleggjast.

I pedagogikkalternativet legg ein vekt på forskning som syner at det fysiske læringsmiljøet har svært mykje å seia for læringsutbyte til eleven. (kap 4.1.2) I klasseromma blir det lagt opp til gode forhold når det gjeld lyd – lys og luft.

«Veiledaren til forskrift om miljøretta helsevern» §9 – Spesialiserte læringsareal, (kap 4.1.2), set krav til spesialiserte læringsareal. Skular etter pedagogikkalternativet skal ha spesialrom til: naturfag, musikk, kroppsøving, kunst & handverk og mat & helse.

Når det gjeld utarbeiding av uteareal rundt skulane vil pedagogikkalternativet innfri rapport frå IS-1130/2003 med minimumsareal på 10 000 m² for skular med 100 – 300 elevar. Arealet skal vera variert tilrettelagt og godt organisert og gi elevane moglegheit for :

1. Utøving av allsidig og variert fysisk aktivitet
2. Rom for ulike typar sosiale- og trivselsfremjande aktivitetar.
3. Rom for å tileigna seg ny kunnskap og praktisk læring.

Som ein ser er det stilt strenge krav til nye skulebygg når det gjel utforming kvalitet og funksjon. Dette for at elevane skal få maksimalt utbyte når det gjeld trivsel og læring, noko som er sentralt i pedagogikkalternativet. Dei eksisterande skulebygga er til dels upraktiske, manglar sentrale funksjonar og kan på langt nær tilpassast desse krava.

I dette alternativet har ein difor valt å satsa meir på nye skulebygg, og i mindre grad nytta gammal bygningsmasse slik som i økonomialternativet. Det betyr at ein føreset heilt nye bygg for Sørsida, Vestsida og Austsida. Halsnøy skule er av ny dato og har nok kapasitet. Nordsida (Hatlestrand) har og rikeleg kapasitet, men er av eldre dato. Dette kan kompenseras ved å oppgradera bygget til å bli meir tidsmessig.

Sørsida skule (Skarveland, vil få i underkant av 300 elevar, noko som betyr eit nybygg på 3700 m² inkl gymnastikksal.

Vestsida skule får ca 300 elevar og treng nybygg på ca 3300 m² ekskl. idrettsareal. Her reknar ein med at idrettsarealet vert dekkja gjennom ein ny idrettshall i området.

Austsida skule får ca 330 elevar og treng nybygg på ca 3600 m² ekskl. idrettsareal. Her reknar ein med at ein kan nytta eksisterande anlegg som fins både i Uskedalen og Rosendal. Blir skulen lokalisert utanfor desse områda treng ein ny gymsal/hall.

Halsnøy skule har nok kapasitet, er i god stand og har ikkje trong for investeringar.

Nordsida oppvekstsenter har god kapasitet men treng rehabilitering/oppgradering.

Rosendal ungdomsskule har nok kapasitet og god stand, men det står enno igjen ein del oppgradering av bassenget (universell tilrettelegging).

Som i økonomialternativet vil Husnes ungdomsskule ha behov for eit tilbygg. Sidan elevar frå Bringedalsbygda blir lagt til denne skulen, i motsetning til økonomialternative, er det trong for ca 1400 m² nybygg.

Investeringar knytt til pedagogikkalternativet:

Skule	Rehabilitering	Nybygg	Samla inv.	Kapitalkostnad pr. år	Merknad
Halsnøy skule	0	0	0	0	
Sørsida skule		129 500 000	129 500 000	4 733 969	
Vestsida skule		115 500 000	115 500 000	4 222 189	
Austsida skule		126 000 000	126 000 000	4 606 024	
Nordsida skule	20 300 000	0	20 300 000	742 082	
Mauranger skule	5 600 000	0	5 600 000	204 712	
Åkra skule	2 100 000	0	2 100 000	76 767	
Brekke skule	3 300 000	0	3 300 000	120 634	
Trå skule	4 700 000	0	4 700 000	171 812	
Husnes ungdomsskule	3 700 000	49 000 000	52 700 000	1 926 488	
Rosendal ungdomsskule	4 300 000	0	4 300 000	157 190	
Totalt	44 000 000	420 000 000	464 000 000	16 961 867	

Byggrelaterte årskostnader knytt til pedagogikkalternativet

Skule	Areal (BTA)	FDV-kostnad pr. m ² *)	FDV-kostnad pr. år	Kapital-kostnad	Års-kostnad	Merknad
Halsnøy skule	3600	870	3 132 000	0	3 132 000	Inkl idrettsareal
Sørsida skule	3700	870	3 219 000	4 733 969	7 952 969	
Vestsida skule	3300	870	2 871 000	4 222 189	7 093 189	
Austsida skule	3600	870	3 132 000	4 606 024	7 738 024	
Nordsida skule	4262	870	3 707 940	742 082	4 450 022	Inkl idrettsareal
Mauranger skule	853	870	742 110	204 712	946 822	Inkl gymsal
Åkra skule	1164	870	1 012 680	76 767	1 089 447	Inkl gymsal
Brekke skule	346	870	301 020	120 634	421 654	
Trå Skule	587	870	510 690	171 812	682 502	
Husnes ungdomsskule	5200	870	4 524 000	1 926 488	6 450 488	
Rosendal ungdomsskule	3693	870	3 212 910	157 190	3 370 100	Inkl symjehall
Samla	30 305	-	26 365 350	16 961 867	43 327 217	

*) FDV-kostnadene er basert på Holte Prosjekt sin FDV-nøkkel. For nybygg er valt låg kostnad, middels for gammalt/nytt og høg for gammalt

11.1.8 Arbeids- og skulemiljø

«Arbeidsmiljølova § 4-1 (kap 4.1.5) stiller krav til utforming av skulebygg. Skulane skal utformast slik at dei førebygg skader både fysisk og psykisk for arbeidstakarane. SØF-rapport nr 4/09:38, syner forholdet mellom den fysiske utforminga på skulebygget og bruk av lærarane si tid. I pedagogikkalternativet tek me konsekvensar av denne undersøkinga og legg opp til skulebygg der

elevane har faste areal, at arbeidsromma til lærarane ligg nære klasseromma og at kvart team har lager- og utstyrsrom i nærleiken av klasseromma. Gode kontorforhold for lærarane er viktig . Kontor for møte/ telefonsamtalar med einskildelevar og føresette skal tilrettleggjast. Pedagogikkalternativet legg opp til at lærarane får samarbeida om undervisninga, og at mange av lærarane får fleire kollegaer enn før.

«Opplæringslova §9a» er rekna som borna si arbeidsmiljølov. (kap 4.1.1 og 4.1.5) Lova omfattar både det fysiske og det psykososiale miljøet.

Elevane sitt fysiske arbeidsmiljø må ivaretakast når det gjeld lyd – lys – luft. Dei må ha gode fysiske forhold som tek vare på helsa deira. Gode garderobeforhold, godt areal, god solskjerming vil bli vektlagt.

Det fysiske miljøet påverkar det psykososiale miljøet til borna. Skuleområdet både ute og inne må utformast slik at det gjev dei vaksne god oversikt og at plaging, trakassering og mobbing lett kan bli oppdaga.

Estetikk og orden påverkar arbeidsmiljøet til både store og små. Skulane må utformast slik at miljøet blir triveleg og positivt og gjev alle lyst til å ta vare på skulen.

11.1.9 SFO, leksehjelp, særskild norskopplæring, spesialundervisning

Opplæringslova § 13-7, slår fast at kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for barn for 1. – 4.årstrinn, og for barn med særskilte behov for 1. – 7. årstrinn. (kap 4.1.6) Kommunen skal ha eit tilbod, og i følgje loven treng ein ikkje å ha tilbod på alle skular. Kvinnherad kommune tilbyr SFO på dei fleste skulane. Romplanen, som er vedlegg til skulebruksplanen, definerer sambruk for skule og SFO. Ved pedagogikkalternativet får alle skular eigne SFO basar med plass til samling og måltid for borna. Gode opningstider som er tilpassa foreldra vil vera økonomisk lettare å få til ved store SFO-tilbod.

Opplæringslova §13-7a, gir kommunen ei plikt til å ha eit frivillig, gratis leksehjelptilbod til elevane. (kap 4.1.6) Forskrifta til Opplæringslova §1A-1, utdjuar leksehjelptilbodet. Leksehjelp er mellom anna meint å vera eit sosialt utjamningstilbod til born som ikkje får tilstrekkeleg hjelp i heimen. Pedagogikkalternativet legg opp til best mogleg organisering av leksehjelpa slik at dei som treng det, får den hjelpa dei har rett til.

Opplæringslova §2-8, (kap 4.1.1) regulerer retten til særskild språkopplæring for språklege minoritetar. Å driva norskopplæring for minoritetsspråklege elevar er ein særskild lærarkompetanse. Denne kompetansen har ikkje alle skular. Med pedagogikkalternativet vil ein kunna tilby betre opplæring for minoritetsspråklige. Med å samla kompetanse og ressursar vil ein kunna ha mottaksklasse på alle skulane.

Opplæringslova §5 – 1, (kap 4.1.1)definerer retten til spesialundervisning. Elevar som treng eit spesialpedagogisk tilbod får eigne opplæringsplanar. Å driva spesialundervisning er ein særskild lærarkompetanse. Elevar kan gjerne får spesialundervisning i grupper. Ved pedagogikkalternativet vil skulane vera så store at den spesialpedagogiske kompetansen vil vera sikra. Born vil lettare kunna få tilbodet i grupper på store skular, då det er fleire som har dei same behova for støtte og særskild tilrettelegging.

PP Tenesta skriv sakkunnig tilråding før vedtak om spesialundervisning vert fatta. PP Tenesta må kjenna skulane og tilhøva der for å kunna gje ei fagleg vurdering. Det vil bli mindre reisetid som går bort for dei tilsette på PPT med å samla fleire elevar under eitt tak.

11.1.10 Politiske signal for skulen framover

Dei politiske signala som kjem for skulen framover, inneber i mange høve eit høgare service tilbod; auka kompetanse for lærarane, heildagsskule med tilbod om kultur- og fritidsaktivitetar, leksehjelp, Sfo og mat på skulen. Med eit desentralisert skuletilbod, vil dette innebera store kostander for kommunen. I høve dei signala som kjem frå politikarane vil pedagogikkalternativet tilpassa seg godt krav og forventningar til skuleeigar.

11.1.11 FNs konvensjon om barnets rettigheter

Korleis barn sine rettar vert ivaretekne etter pedagogikkalternativet er eit komplisert spørsmål. Barn har rett til å bli tekne omsyn til, og når vedtak skal fattast som vil påverka ein elev eller ei gruppe elevar må prosessen inkludera ei vurdering av mulige konsekvensar (positive eller negative) avgjersla har for eleven eller elevane det gjeld.

For nokre born i kommunen vil pedagogikkalternativet føra til lengre skuleveg. Nokre vil ikkje lengre kunna gå til skulen sin, dei må kjøra buss til og frå. Dette fører til lengre og hardare arbeidsdagar for dei. Viss dei blir bilsjuke på vegen, kan dette føra til at dei får eit dårleg utgangspunkt for læring. Borna vil også koma i eit ukjent miljø, og for nokre kan dette virka utrygt. I følgje læreplanen skal elevane få opplæring innan lokal kulturhistorie, der skulen har ein svært lokalt forankra kultur kan dette vera eit tap viss bygdeskulen vert lagt ned.

For andre born kan effekten med pedagogikkalternativet vera positivt. Nokre vil synast det er positivt å få koma i større miljø, med fleire elevar i klassen og fleire venner å velja mellom. Nokre vil oppleve det positivt å få fleire vaksne rollemodellar og fleire vaksne som kan gje dei ulike faglege utfordringar. Det kan også opplevast positivt at pedagogikkalternativet legg opp til meir utstyr og spesialrom for elevane.

11.1.12 Bygdeperspektiv

I eit bygdeperspektiv, der fokus er på kva som er til det beste for bygda, og der kvaliteten vert målt ut frå kva/kor mange tenestetilbod bygda har, kjem pedagogikkalternativet svakt ut. Mange bygdesamfunn i kommunen opplever det som særst viktig at det er skule i bygda. Skulen har vore eit samlingspunkt i bygda. Her har ein hatt festar og markeringar. Skulebygga har i mange bygder fungert som bygdehus. Folk i bygda har hatt eit eigarforhold til skulen sin.

11.1.13 Økonomi

Innsparingspotensialet i undervisningskostnadar ved pedagogikkalternativet vert vist i tabellen under.

Klasssar	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30
Barneskulen i dag	65	64	64	65	63	63	61	61	60	60	60	61	61	62	62	62
Ungdomsskulen i dag	21	21	20	20	19	18	19	20	20	19	18	18	18	18	18	18
Kombinererte	9	8	7	7	7	7	7	7	7	6	7	7	7	7	7	7
Samla	95	93	91	92	89	88	87	88	87	85	85	86	86	87	87	87
Barneskulen samla	62	65	61	61	61	60	60	60	60	60	61	61	62	62	62	60
Ungdomsskulen	19	20	20	21	20	20	19	20	20	19	18	16	16	15	15	15
Samla	81	85	81	82	81	80	79	80	80	79	79	77	78	77	77	75
Innsparing klassar																
Barneskulen	12	7	10	11	9	10	8	8	7	6	6	7	6	7	7	9
Ungdomsskulen	2	1	0	-1	-1	-2	0	0	0	0	0	2	2	3	3	3
Samla	14	8	10	10	8	8	8	8	7	6	6	9	8	10	10	12
Mill. kroner:																
Barneskulen	19,2	11,2	16	17,6	14,4	16	12,8	12,8	11,2	9,6	9,6	11,2	9,6	11,2	11,2	14,4
Ungdomsskulen	5,2	2,6	-	-2,6	-2,6	-5,2	-	-	-	-	-	5,2	5,2	7,8	7,8	7,8
Samla		13,8	16	15	11,8	10,8	12,8	12,8	11,2	9,6	9,6	16,4	14,8	19	19	22,2

11.2 Konklusjon

Pedagogikkalternativet inneber at Kvinnherad kommune har 9 skular. I tillegg legg ein opp til vidareføring av 1. – 4 trinnet i bygdene Varaldsøy og Fjelberg. Dette tilbodet kan ein ha saman med eit barnehagetilbod i bygdene.

Pedagogikkalternativet ville for heile kommunen gitt ei innsparing på 8 klassar i 2015/2016 noko som utgjer reduksjon av drift på 13 800 000 kr. Vidare framover vil det gje ei innsparing på 12 klassar i 2029/2030 noko som utgjer ei innsparing av drifta på kr. 22 200 000.

Skulane har opp mot 300 elevar, eit tal «Senter for Økonomisk forskning» (SØF) har funne ut er ein bra storleik i høve effektiv økonomisk drift. Dette elevtalet gjev ein gjennomsnitt på 21 – 22 elevar i klassane, noko som også vil vera bra pedagogisk.

I pedagogikkalternativet er det fleire skular og dermed fleire klassar enn i økonomialternativet. Det vil bli satsa meir på kvalitet i form av timar til tidleg innsats og tilpassa opplæring, og innsparingane er såleis ikkje så store som med økonomialternativet. I forhold til 0-alternativet/bygdealternativet er det likevel store innsparingar i klassar.

I pedagogikkalternativet legg ein opp til nye, moderne skular. Skulane er tilpassa elevtalet og vil vera effektive og billige å vedlikehalda. Alternativet fører til store investeringar, men gjev også store innsparingar.

Reisetid for elevane er ein negativ konsekvens av pedagogikkalternativet. Kostnadane med skuleskyss vil auka i forhold til 0-alternativet/bygdealternativet. Kostnadane med skuleskyss er likevel små i forhold til kva innsparingar ein vil ha i klassetal.

Pedagogikkalternativet legg opp til god kvalitet i undervisninga, og skulesektoren i kommunen skal behalda noko av ressursane som ein sparar med større klassar, slik at skulane kan leggja til rette for tilpassa opplæring og tidleg innsats for elevane. Skulane skal verta godt utstyrte med læremidlar.

Med å samla alle lærarane på få skular, vil alle skulane få ein breiare pedagogisk kompetanse . Elevane får mange andre barn å velja vener mellom og mange vaksne rollemodellar. Ved skulane kan ein ha betre SFO tilbod, og eigne innføringsklassar for minoritetsspråklege.

I forhold til økonomialternativet, tek pedagogikkalternativet meir omsyn til barna i dei minste bygdene, og legg opp til eit kombinerte skule- , barnehagetilbod frå 1 – 10 år

I pedagogikkalternativet blir det sett opp nybygg, og dermed får ein både nye skulelokale, uteområde og henteplasser for buss- og biltrafikk. Dette vil gje gode og sikre skular og uteområde for elevane og gode arbeidsplasser for dei tilsette.

12.Samanlikning av alternativa

Her vert forventa effekt av dei tre hovudalternativa vurdert. Føresetnaden er full gjennomføring av planen slik alternativa er skildra. Vedtaket om innsparing på 12 millionar kroner i driftsutgifter er også lagt til grunn. Der det ikkje er sett egne grenseverdiar er 0-alternativet/bygdealternativet referanseverdi, og dei to andre alternativa vert vurdert i høve til dette.

- 3: Stor negativ effekt
- 2: Middels negativ effekt
- 1: Liten negativ effekt
- 0: Ingen eller sær sars liten effekt
- 1: Liten positiv effekt
- 2: Middels positiv effekt
- 3: Stor positiv effekt

Faktorar	0-alt./bygdealt.	Økonomialt.	Pedagogikalt.
<i>Økonomi</i>			
Trong for investeringar (låneopptak)	0	-2	-3
Undervisningskostnader	0	+3	+2
Teknisk forvaltning, drift og vedlikehald	0	+3	+2
<i>Pedagogisk og sosialt utbyte</i>			
Høveleg skulestorleik (ca. 300 elevar)	-1	+1	+2
Høveleg klassestorleik (gjennomsnitt 23 elevar)	-2	+1	+2
Oppnår fleire enn ein klasse per trinn på kvar skule	-2	+3	+3
Reisetid for elevane	0	-3	-2
Trafikktryggleik	0	+1	+2
Ressurs til fagleg leiing ved skulen	0	+1	+3
Lærartettleik	0	+2	+3
<i>Bygdeutvikling</i>			
Tenestetilbod i flest moglege bygder	0	-3	-2
Bygningar og anlegg tilgjengeleg for lag og organisasjonar	0	-2	-1
Skulen som lokaliseringsfaktor for tilflytting og næringsetablering	0	-2	-1

Oversyn over vedlegg

Alle vedlegga til kommunedelplan for skulebruk ligg føre som separate dokument:

- Handlingsdel til kommunedelplanen
- Lokal forskrift om kringsgrenser
- Tabellar for elevtalsprognosar
- Skuleskildringar
- Romprogram for ulike skulestorleikar
- Kart over utvalde trafikksikringstiltak
- Rapport om teknisk tilstand, oppgraderingsbehov og tilpassing av skulebygga (Multiconsult)